



Universitetet
i Stavanger

KARINA FLØYSVIK HÆÅK
RETTLEIAR: MARIE-THERES FOJUTH

«Me var vel glade amatørar, men me vann no VM [...]»

Ei historisk undersøking av å bli og
vere kvinnelege landslagsspelarar for
Noreg i fotball før, under og etter
fotball-VM i 1995

Masteroppgåve 2024
Lektorutdanning for trinn 8-13 – Historie
Institutt for kultur- og språkvitskap
Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora
Antal ord: 32940

Forord

Med denne oppgåva avsluttar eg lektorutdanninga mi ved Universitetet i Stavanger. Tida som student har vore svært lærerik, og eg er takksam for åra eg har hatt på universitetet.

For nokre år tilbake blei eg sjokkert då eg oppdaga at Noreg hadde både EM-, VM- og OL-gull i kvinnefotball. Kvifor visste ikkje eg, som både «fotballidiot» og aktiv kvinneleg fotballspelar, at Noreg hadde vore verdas beste nasjon i fotball? Og kvifor visste eg berre kven eit par av spelarane som deltok i bragdene var? Dette både forundra og provoserte meg. Ei spørjeundersøking på fotballaget mitt avdekte at berre éi visste at Noreg hadde vunne VM og at to visste at Noreg har vunne OL-gull. Dette har motivert meg til å skrive ei masteroppgåve der både dei individuelle og kollektive prestasjonane blir løfta fram.

Først og fremst vil eg takke alle informantane som sette av tid til å stille til intervju, og som viste meg tillit ved å dele opplevingar frå eigne liv. Takk for stor velvilje og hyggelege samtalar.

Takk til rettleiaren min, Marie-Theres Fojuth, for god hjelp og støtte i arbeidet med oppgåva. Takk for konstruktive tilbakemeldingar og innspel, for gode samtalar og for at du tidleg viste at du hadde trua på meg og prosjektet mitt. I tillegg ønskjer eg å takke mine nærmaste medstudentar for fem fine år på Universitetet i Stavanger. Førelesingar, seminar, eksamensperiodar og «akademiske kvarter» hadde ikkje vore det same utan dykk.

Takk til familie og vener som har støtta meg, og som tidvis ufrivillig har tileigna seg kunnskap om kvinnefotball og landslagsfotballen på 1990-talet av å høyre på refleksjonane mine. Ein ekstra takk til Pappa som har lese korrektur. Eg vil òg rette ei takk til lagvenninner og trenarar i Bryne FK som har bidrege til at eg dagleg har kunna kople av nokre timar og berre nyte gleda med fotballen.

Og til alle som har stilt spørsmålet om kva ein lærar skal med ei masteroppgåve om kvinnefotball på 1990-talet, så kan eg med tryggleik love at eg skal få lurt inn litt kunnskap om temaet i undervisninga.

Stavanger, mai 2024

Karina Fløysvik Hæåk

Samandrag

Oppgåva er ein kvalitativ analyse av korleis det var å bli og vere kvinneleg landslagsspelar for Noreg i fotball før, under og etter fotball-VM i 1995. Gjennom intervju av ti av spelarane frå troppen til fotball-VM for kvinner i 1995 har eg innhenta informasjon om oppveksten til spelarane og vegen til landslaget, tida på klubb- og landslag på 1990-talet, korleis det var å vere kvinne i ein mannsdominert idrett og tida etter fotballkarrieren. I analysen er det eit særskild fokus på fotball-VM i 1995, då Noreg tok gull. Eg har derfor òg intervjuja dåverande hovudtrenar Even Pellerud om tida som landslagstrenar på 1990-talet.

Formålet med oppgåva har vore å innhente og analysere informasjon om det norske kvinnelandslaget i fotball som tidlegare ikkje har vore tilgjengeleg og som har stått i fare for å bli mista. Suksessen spelarane og laget hadde på 1990-talet har blitt neglisjert i historieforskinga og eit anna mål med oppgåva har derfor vore å løfte fram prestasjonane, opplevingane og karrierane til spelarane og trenar. Oppgåva er eit bidrag til både norsk idrettshistorie og kvinnehistorie. Ei oppgåve om kvinnefotball og idrett drar vekslar til fleire fagfelt utover historie, og eg har derfor òg trekt inn perspektiv frå kjønnsforskning, minneforskning, idrettssosiologi og medievitenskap.

Hovudfunna viser at det er mange likskapar i spelarane sin veg til landslaget. Informantane har òg stort sett positive minne knytt til perioden på landslaget og er tilnærma unisone i årsakene til at laget vann VM. Trass at informantane i hovudsak har positive opplevingar frå perioden, hugsar alle òg negative haldningar og kommentarar om kvinnefotball. Likevel hugsar dei tida som aktiv fotballspelar først og fremst som positiv og fleire av informantane har framleis eit nært forhold til fotball i dag.

Abstract

This thesis is a qualitative analysis of how it was like to become and be a female national team player for Norway before, during, and after the 1995 Women's World Cup. I have gathered information about the players' journey to the national team, their careers in club and national teams in the 1990s, how it was like to be a woman in a male-dominated sport, and their lives after their football careers. I have also interviewed the head coach from 1989-1996, Even Pellerud, about his time as coach for the national team in the 1990s.

The purpose of this thesis has been to analyze information about the Norwegian women's national football team that was previously unavailable and at risk of being lost. The success the players and the team had in the 1990s has been neglected in historical research, and another purpose of this thesis has therefore been to highlight the achievements, experiences, and careers of the players and the coach, not only as part of Norwegian women's history but also as part of Norwegian sports history. A thesis on women's football and sports draws on several disciplines beyond history, and therefore, I have also incorporated perspectives from gender studies, memory studies, sports sociology, and media studies.

The main findings show that there are many similarities in the players' paths to the national team. The informants also have mostly positive memories associated with their time on the national team. Despite mainly positive experiences from the period, all the informants also remember negative comments about women's football. However, they primarily remember their time as active football players as positive, and several of the informants still care a lot about football today.

Innhald

Forord	2
Samandrag	3
Abstract	4
1 Innleiing	7
Problemstilling	8
Omgrepet kvinnefotball	10
<i>Tidlegare forskning</i>	<i>11</i>
<i>Teori</i>	<i>16</i>
Kjønnsforskning	16
Minneforskning	21
<i>Empiri og metode</i>	<i>24</i>
Val av metode	24
Kvalitativt intervju	27
Presentasjon av informantar	28
Analysemetode	29
Metodekritikk	30
Etikk og anonymitet	33
2 Eit historisk blikk på fotball og norsk kvinneidrett	35
<i>Framveksten av moderne fotball</i>	<i>35</i>
<i>Kvinneidrett i Noreg før 1970-talet</i>	<i>36</i>
<i>Kvinnefotball i Noreg før 1970-talet</i>	<i>38</i>
<i>Inntoget til kvinnene på fotballbanen i Noreg</i>	<i>38</i>
<i>Det norske kvinnelandslaget: ei suksesshistorie</i>	<i>42</i>
<i>Utviklinga i internasjonal kvinnefotball</i>	<i>43</i>
3 Vegen til landslaget	44
<i>Treningsmengd og fysisk aktivitet</i>	<i>44</i>
<i>Uorganisert fotball og spel med gitar</i>	<i>47</i>
<i>Organisert klubbefotball</i>	<i>50</i>
Fasilitetar	51
<i>Rolla til familien under oppveksten</i>	<i>53</i>
<i>Ønsket om å bli, og kvifor dei blei, gode i fotball</i>	<i>55</i>

<i>Vegen til landslaget</i>	57
<i>Samandrag</i>	58
4 Landslags- og klubb fotball på 1990-talet og fotball-VM i 1995	59
<i>Landslagsfotball på 1990-talet</i>	60
<i>Fotball-VM 1995</i>	62
Årsaker til at Noreg vann VM i 1995	67
Mediemarksemd	72
<i>Kvinnefotball på 1990-talet</i>	75
Haldningar og hendingar	78
<i>Karriereslutt</i>	85
<i>Samandrag</i>	85
5 Tida etter fotballkarrieren	87
<i>Forholdet til fotball i dag og identifisering med tida som aktiv fotballspelar</i>	87
<i>Verdsetting av prestasjonane til landslaget på 1990-talet</i>	90
<i>Samandrag</i>	93
6 Konklusjon	94
7 Kjelder og litteratur	100
<i>Intervju med informantar</i>	100
<i>Avisoppslag VG 06.06.1995-16.07.1995</i>	100
<i>Andre kjelder</i>	102
<i>Litteratur</i>	104
Vedlegg	107

1 Innleiing

Fotballjentene, håndballjentene, skigutta og Oslofilharmonikerne hevder seg i verdenstoppen. På samme måte skal vi vise at norsk næringsliv klarer seg internasjonalt. Trenger vi et nytt slagord? Det er typisk norsk å være god.¹

I nyttårstalen i 1992 trekte dåverande statsminister Gro Harlem Brundtland fram VM-sølvvet «fotballjentene», det norske kvinnelandslaget i fotball, hadde tatt i det første offisielle verdensmeisterskapet i fotball for kvinner sommaren 1991. Fire år seinare, i 1995, skulle laget toppe prestasjonen med VM-gull. I løpet av to veker i Sverige i juni 1995 vann laget seks strake kampar og hadde ein målforskjell på 23-1, ein målforskjell ein ikkje ser ofte. Undervegs i meisterskapet auka òg mediemerksemda og talet på tv-sjåarar av dei tv-sende kampane.² Finalen 18. juni hadde 17 000 tilskodarar og blei sett av over éin million nordmenn på TV, og i NRK-studio sat Gro Harlem Brundtland og fotballegenda Egil «Drillo» Olsen.³ På veg heim frå Sverige blei det norske flyet eskortert av jagarfly for å heidre bragda.⁴ Det herskar dermed liten tvil om at VM-gullet av mange blei oppfatta som ein stor prestasjon i samtida. At «fotballjentene» blei nemnd i nyttårstalen i 1992 til Brundtland, er eit tydeleg bevis på at suksessen til det norske kvinnelandslaget på 1990-talet blei lagd merke til. Men medan «Det er typisk norsk å vere god» har blitt ein del av den norske kulturen og det kollektive minnet, har konteksten sitatet blei sagt i, blitt gløymd. Ein kan langt på veg seie at suksessen og prestasjonane til «fotballjentene», med VM-gullet i 1995 som den største bragda, har blitt borte frå det kollektive minnet og ikkje har fått ein sentral plass i norsk idrettshistorie.

Trass den sportslege suksessen, er det norske VM-gullet i 1995 òg uløyseleg knytt til norsk kvinnehistorie sidan historia til kvinnefotballen er tydeleg prega av kvinnekamp, frigjering og

¹ Brundtland, «Nyttårstale 1992.», s.5.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/smk/vedlegg/taler-og-artikler-av-tidligere-statsministre/gro-harlem-brundtland/1992/nyttarstale-1992.pdf>

Takk til Tina Svensson Grønlund som gjorde meg merksam på dette.

² Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, (Oslo: Norges Fotballforbund, 1995), s.23.

³ Aase, «-Kjempegøy».

Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.69.

⁴ I intervju med Even Pellerud, Kristin Sandberg og Randi Leinan.

kampen om å få ta del, og bli anerkjend, i ei mannsdominert fotballverd. Historisk sett har fotball vore eit spel og ein idrett for menn, der kvinner har måtta kjempe for å få innpass. Kvinnelege fotballspelarar har tilhøyrt ei mindre synleg gruppe i fotballen, berre i kraft av å vere kvinner. Kvinnefotball blei ikkje innlemma som ein del av Noregs Fotballforbund (NFF) før i 1976, der kampen om å få ta del i ein så mannsdominert idrett, blei sett på som eit symbol på kvinnefrigjering i samfunnet. I tiåra etter har kvinnekampen i fotballen dreidd seg om å tette gapet til herrefotballen, både når det kjem til økonomi, ressursar, rammevilkår og mediemerksmd.

Problemstilling

Målet med oppgåva er å innhente og analysere informasjon om det norske kvinnelandslaget i fotball som tidlegare ikkje har vore tilgjengeleg og som har stått i fare for å bli mista.

Suksessen til det norske kvinnelandslaget på 1990-talet har ikkje berre forsvunne ut av det kollektive minnet av bragder i norsk idrettshistorie, men suksessen har òg vore neglisjert i historieforskinga. Formålet i denne oppgåva er å løfte fram prestasjonane, opplevingane og karrierane til spelarane og trenar, ikkje berre som ein del av norsk kvinnehistorie, men òg som ein del av norsk idrettshistorie. Allereie i 1997 etterlyste idrettssosiolog Jan Ove Tangen at òg idrettshistoriske analysar skulle vie merksemd til «oppfatningar, erfaringer, og sammenfallende tankemønstre blandt utøvere», noko som først og fremst har vore eit fokusområde innan idrettsvitskap og idrettssosiologi, men i ettertid har dette halde fram med å vere ei mangelvarer i historieskrivinga.⁵ Å dokumentere og analysere minna og kunnskapen tidlegare landslagsspelarar og landslagstrenar har frå perioden i eit historisk perspektiv, kan derfor kallast banebrytande innan temaet.

I oppgåva skal eg analysere kva ti spelarar frå den norske VM-troppen i 1995 og dåverande hovudtrenar fortel om tida før, under og etter fotball-VM i 1995. Tidspennet strekker seg frå dei intervjuar spelarane starta å spele fotball i barndommen og fram til i dag. Dette prosjektet er dermed svært omfattande for ei masteroppgåve, men eg vil hevde at det er viktig å dokumentere minna og kunnskapen informantane har, og at forskingsholet er så stort, at eg likevel ønskjer å angripe prosjektet. På bakgrunn av dette har eg vald følgjande avgrensing og

⁵ Tangen, *Samfunnets idrett*, s.8.

problemstilling: Korleis var det å bli og vere kvinneleg landslagsspelar for Noreg før, under og etter fotball-VM i 1995?

Oppgåva har fire forskingsspørsmål:

1. Korleis var vegen til kvar enkelt spelar til landslaget og kva var årsaka til at dei ønskte å bli, og korleis blei dei, gode i fotball?
2. Korleis var det å vere kvinneleg fotballspelar på klubb- og landslag på 1990-talet?
3. Korleis var det å delta i, og vinne, fotball-VM i 1995 og kva er moglege årsaker til suksessen?
4. Korleis har liva til spelarane vore etter deira aktive fotballkarriere og kva forhold har dei i dag til fotball og til prestasjonane dei var ein del av med landslaget på 1990-talet?

Det første spørsmålet omfattar kartlegging og analyse av vegen til landslaget for kvar enkelt av dei tidlegare spelarane og vil bli omhandla i kapittel 3 «Vegen til landslaget». Formålet er å søke informasjon om kva faktorar som var viktige for at spelarane blei gode og kva val spelarane sjølv tok som fotballspelar for å nå toppen. Forskingsspørsmålet omfattar eit relativt langt tidsspenn, heilt frå starten av barnefotballen til dei blei tatt ut på A-landslaget. Slik sett er termen «vegen til landslaget» eit retrospektivt omgrep sidan spelarane ikkje kunne vite første gong dei rørte ein ball at det var starten på vegen til landslaget. Det andre og tredje spørsmålet heng tett saman sidan begge fokuserer på fotball på 1990-talet, og vil derfor bli behandla felles i kapittel 4 «Landslags- og klubbefotball på 1990-talet og fotball-VM i 1995». Det andre spørsmålet tar sikte på å dokumentere og analysere korleis dei intervjuja spelarane opplevde å vere kvinneleg fotballspelar på 1990-talet, både på klubb- og landslag, medan det tredje spørsmålet har særskild fokus på fotball-VM i 1995. Det fjerde, og siste, spørsmålet fokuserer på tida etter fotballkarrierane, frå spelarane la opp og fram til i dag. Denne delen av analysen vil bli behandla i kapittel 5, «Tida etter fotballkarrieren», og vil omhandle korleis dei tidlegare spelarane i dag ser tilbake på fotballkarrierane og landslagssuksessen og kva forhold dei i dag har til fotball.

Historiefaget handlar om å utfordre og utvide eksisterande narrativ ved å stille spørsmål som «Kva skjedde før og etter hendinga?» eller «Korleis ser hendinga ut frå perspektivet til ein

annan person som var involvert?».⁶ Slike spørsmål er med på å utvide narrativ om ei hending eller ein periode og utvidingar av narrativ kan bidra til djupare historisk forståing og kunnskap om eit tema.⁷ Å flytte blikket mot andre aktørar som har vore neglisjerte eller mindre sette, bidreg til denne utvidinga av kunnskap sidan dei første historiene ofte handlar om dei mektigaste eller mest anerkjende personane.⁸ Med denne oppgåva ønskjer eg å bidra til å utvide narrativet om landslagsfotballen på 1990-talet, som i ettertid i stor grad har handla om herrelandslaget, ofte berre kalla «landslaget», trass at det var kvinnelandslaget som var mest meritterte, med medaljar i nesten alle meisterskapa på 1990-talet. Ein kan med andre ord snakke om eit ubalansert narrativ. Eit mål med oppgåva er derfor òg å rette søkelyset mot suksessen kvinnelandslaget hadde og fortelje ei nesten ufortald historie, nettopp sidan deira historie i ettertid har blitt neglisjert i det offentlege rom og i historieforskinga. Å leggje vekt på suksessen deira, kan bli sett på som ein måte å utvide narrativet til å i endå større grad inkludere kvinnelandslaget i historia om norsk fotball på 1990-talet.

Omgrepet kvinnefotball

Omgrepet kvinnefotball kan vere problematisk sidan ekvivalenten, herrefotball, ofte berre blir kalla «fotball». Presiseringa av kva kjønn som spelar fotball blir ofte gjort når det er kvinner som spelar, men sjeldan når det er menn som spelar.⁹ Sosiologane Marlene Persson, Kari Stefansen og Åse Strandbu hevdar i artikkelen «Fotball som kjønnet mulighetsrom» at språkbruken der herrefotball er «fotball» og kvinnefotball er «kvinnefotball», og som dermed blir definert som noko anna og mindre viktig, kan bli forstått som «vår kulturs metafortelling» om fotball spelt av kvinner.¹⁰ Omgrepet kvinnefotball legg dermed i seg sjølv føringar for makthierarkiet mellom dei to idrettane, og indikerer dermed at kvinnefotball avvik frå standarden og ikkje er «ekte» fotball.¹¹ Sidan denne oppgåva handlar om fotball spelt av kvinner vil det likevel vere nødvendig å bruke omgrepet kvinnefotball for å ha ei presis språkføring. Derfor vil eg bruke omgrepet, men eg vil òg konsekvent bruke omgrepet

⁶ Zachary M. Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research*, (Princeton: Princeton University Press, 2021), s.46.

⁷ Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research*. Princeton, s.47.

⁸ Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research*. Princeton, s.47.

⁹ Persson, Stefansen, Strandbu, «Fotball som kjønnet mulighetsrom», s.232.

¹⁰ Persson, Stefansen, Strandbu, «Fotball som kjønnet mulighetsrom», s.231-232.

¹¹ Persson, Stefansen, Strandbu, «Fotball som kjønnet mulighetsrom», s.232.

herrefotball dei stadene eg trekker inn opphavet til, utviklingstrekk eller andre aspekt ved herrefotballen.

Tidlegare forskning

Ei oppgåve om norsk kvinnefotball frå 1970 og fram til i dag vil røre ved fleire fagfelt. Først og fremst er VM-gullet til det norske kvinnelandslaget i fotball i 1995 ein del av norsk idrettshistorie. I tillegg er historia til norsk kvinnefotball fram mot 1976 prega av kampen til kvinner om å få lov til å spele fotball. Dei påfølgjande tiåra og fram til i dag har kampen halde fram, men vore fokusert rundt å bli anerkjend og utfordre den hegemoniske posisjonen til herrefotballen. Det er fleire døme på at det ikkje alltid har vore lett å vere kvinne i ein mannsdominert idrett. Oppgåva er derfor òg ein del av norsk kvinnehistorie. Sidan det empiriske grunnlaget i oppgåva er basert på munnlege kjelder, høyrer oppgåva òg til fagfeltet *oral history*.

Ei oppgåve om kvinnefotball høyrer likevel til fleire fagfelt enn berre reint historisk orienterte område. Det er nærliggande å knytte oppgåva opp mot idrettssosiologi og idrettsforskning. Fokuset på liva til idrettsutøvarar, og faktorar som har vore viktige for å lukkast, er fokusområde som idrettssosiologar er, og har vore, opptatt av. Idrettsforskarar har òg vore opptatt av kva som gjer at eit lag lukkast. På grunn av dei store skilnadane mellom kvinne- og herrefotball innan økonomi, kommersialisering og mediemerksemd, som i stor grad er eit resultat av kjønn, er det òg relevant å trekke inn kjønnsforskning i oppgåva. Medievtar Knut Helland peikar på at idrett og media har eit symbiotisk forhold sidan begge partar utnyttar marknadspotensialet, særskild i fotballen, gjennom ein kommersiell symbiotisk relasjon.¹² Ei oppgåve om fotball vil dermed, på grunn av det symbiotiske forholdet mellom media og idrett, òg dra vekslar til fagfeltet medievtenskap.

Det er gjort få historiefaglege studiar om det norske kvinnelandslaget i fotball. Ei forklaring på dette kan vere at norsk kvinnefotball framleis blir sett på som ein relativt ung idrett og at kvinnelandslaget blei oppretta først i 1978. Det er dermed først dei siste åra ein har kunna sjå tilbake på perioden med historiefaglege perspektiv. Eg vil òg hevde at ei mogleg forklaring kan vere at historia om det norske kvinnelandslaget på fleire område har blitt neglisjert, òg i historieskrivinga. Det har blitt skriva ein del litteratur om norsk fotballhistorie, men suksessen

¹² Knut Helland, *Sport, media og journalistikk*, (Bergen: Fagbokforlaget, 2003), ss.11, 21.

til det norske kvinnelandslaget har ofte berre blitt via plass i eitt kapittel eller nokre få sider.¹³ Idrettssosiolog Bente Skogvang er blant dei som har etterlyst «[e]n mer helhetlig beskrivelse av kvinnefotballens inntog og utvikling i Norge».¹⁴ Det er òg få historiske studiar som har sett nærmare på fotballkarrierane til spelarane med eit idrettssosiologisk perspektiv eller gått i djupna på kvinnelandslaget på 1990-talet.

Det er likevel fleire historiske studiar som har undersøkt ulike aspekt ved kvinnefotball. Per Pettersen, den første landslagstrenaren for kvinnelandslaget i fotball, var blant dei første i Noreg til å skrive ein fagartikkel om kvinnefotball. I 1985 skreiv han artikkelen «Damefotball- Idrettshistorie og viktig skanse i likestillingskampen» der han tematiserte ulike aspekt ved kvinnefotball, deriblant historiske perspektiv på tradisjonelle kvinneroller og framveksten av kvinnefotball, i tillegg til eit idrettsperspektiv på menstruasjon, svangerskap, skadar og trening i samband med utøving av kvinneidrettar.¹⁵ Pettersen framhevar at «kvinnenes inntreden i den mannsdominterte og konservative fotballbastionen framkalte spontane følelsesutbrudd og vedvarende irritasjon hos mange» og illustrerer vidare korleis kvinnefotballen har blitt motarbeida og korleis kvinner har risikert feminiteten sin ved å spele fotball sidan fotball har blitt sett på som eit område berre for «menn- og homoseksuelle kvinner».¹⁶

Historikaren Jonny Hjelm har studert utviklinga av svensk kvinnefotball og utforska grunnlaget for, og årsakene til, samanlikning mellom herre- og kvinnefotball og dominansen herrefotballen har hatt i fotballverda.¹⁷ Hjelm trekker fram at ei av årsakene til samanlikninga er at det i starten på 1960- og 70-talet var ein refleksreaksjon for dei som såg kvinnefotball for første gong sidan kvinner og jenter lenge var eit totalt ukjend fenomen på ein fotballbane.¹⁸ Det var med andre ord ikkje vanskeleg å sjå forskjell mellom menn og kvinner på banen. Samanlikninga har seinare halde fram på grunn av den utstrekke hegemoniske posisjonen til herrefotballen og Hjelm peikar på at herrefotball var, og framleis er, eit sjølvvinnlysande

¹³ Til dømes i Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, (Oslo: Norges Fotballforbund, 2002), s. 77-101.

¹⁴ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, S.27.

¹⁵ Pettersen, «Damefotball- Idrettshistorie og viktig skanse i likestillingskampen».

¹⁶ Pettersen, «Damefotball- Idrettshistorie og viktig skanse i likestillingskampen», ss.125, 137.

¹⁷ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.143-158.

¹⁸ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

referansepunkt.¹⁹ Kvinnefotball har som følge av dette ofte blitt synonymt med dårlegare fotball og fotball med lågare underhaldningsverdi enn den «ordentlege» fotballen, herrefotball.²⁰

Ei anna årsak Hjelm peikar på er at toppidrett ofte blir respektert sidan det på ein eller annan måte er imponerende.²¹ Ein kan til dømes vere utruleg godt trent, modig eller ekstremt presis.²² Mange menn blir derfor ikkje imponert av prestasjonane til kvinnelege fotballspelarar sidan dei, medvite eller umedvite, sit med ei kjensle av at dei sjølv kunne ha prestert like godt.²³ Det faktum at friidrettskvinner hoppar kortare i lengde og lågare i høgde enn menn, eller at kvinnelege alpinistar er nokre få sekund treigare enn menn ned løypa, ser ikkje ut til å ha innverknad på vurderinga til mannelege sjåarar på same måte sidan dei ikkje kan, eller har kjensla av at dei kunne ha, gjort det like godt.²⁴ Resultatet av dei nemnde faktorane blir derfor ei nedvurdering av kvinnefotball.

Det er òg gjennomført fleire idrettssosiologiske studiar knytt til kvinnelege fotballspelarar, idrett og kjønn. I 1999 blei det gjennomført ein idrettssosiologisk studie av Sheila Scraton, Kari Fasting, Gertrud Pfister og Ana Bunuel om erfaringane til toppspelarar i England, Noreg, Tyskland og Spania for å avdekke likskapar og ulikskapar i toppspelarane sin veg mot toppen i dei respektive landa.²⁵ Dei gjennomførte totalt 40 semistrukturerte intervju med toppspelarane, ti frå kvart land. I studien fann dei at alle spelarane begynte å spele fotball frå tidleg alder, ofte uorganisert med gutar i nabolaget.²⁶ Nesten alle trekte fram korleis oppmuntrande fedrar, brør eller gutevenner var med på å gi dei innpass i den uformelle herrefotballkulturen og bidrog til å skape ein sportsidentitet.²⁷ Sjølv om det tidvis var vanskeleg å finne jente- eller kvinnelag å spele på, var Noreg landet der kvinnefotball blei

¹⁹ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

²⁰ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.143.

²¹ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

²² Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

²³ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

²⁴ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

²⁵ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.99-111.

²⁶ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.102.

²⁷ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», ss.102, 104.

minst kulturelt marginalisert.²⁸ Scraton mfl. peikar på at utviklinga av eit velorganisert system i Noreg og Tyskland for jenter og unge kvinner var avgjerande for å auke talet på kvinnelege fotballspelarar.²⁹

Dei undersøkte òg årsakene til at dei kvinnelege spelarane spelte fotball, der eit godt sosialt miljø, fellesskap, kvinnelege lagvenninner, tilhørsle og det å lukkast saman med andre blei nemnd som hovudgrunnar.³⁰ Spelarane la i tillegg vekt på andre faktorar som at spelet var kjekt i seg sjølv.³¹ Her blei det nemnd å score mål, handtere ballen og spelet, bruke kroppen og føle seg i god form.³² Nokre verdsette òg kroppskontakt, taklingar og utfordringar som spelet byr på.³³ Det blei òg nemnd at det er eit fascinerande spel som legg opp til individuell kreativitet, problemløysing og korleis ein som lag kan bryte ned, og overraske, motstandaren.³⁴

Idrettssosiolog Bente Skogvang har avdekt liknande funn i doktorgradsavhandlinga si *Toppfotball- et felt i forandring*. Ho undersøkte både haldningar og verdiar til kvinnelege og mannlege toppfotballspelarar, og viste at kvinnelege og mannlege fotballspelarar likte idretten av dei same grunnane, blant anna gleda for spelet, konkurranseaspektet og samhaldet med lagkameratar.³⁵ Skilnadane er derimot store når ein studerer rammevilkår, økonomi, kommersialisering og mediemerksemd.³⁶ Skogvang avdekte òg at alle dei kvinnelege toppfotballspelarane hadde deltatt på treningar med gute- og herrelag, noko dei mannlege spelarane opplevde som positivt så lenge kvinnene «holder nivået» og «er gode nok».³⁷ Om kvinnespelarane var gode nok blei målt ut frå nivået på herrefotballen.³⁸ Skogvang

²⁸ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.106.

²⁹ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.107.

³⁰ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.159.

³¹ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.159.

³² Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.159.

³³ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.159.

³⁴ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.159.

³⁵ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.i-ii.

³⁶ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, ss.ii, 88.

Leonsen, *I beste fall en god nummer to*, s.12.

³⁷ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, ss. ii, 180.

³⁸ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.ii.

konkluderer med at herrefotballen framleis er norma og «standarden som fotballkunnskaper og fotballprestasjoner måles ut i fra».³⁹

Fleire studiar har vist at medieframstillinga av kvinnelege og mannlege idrettsutøvarar er ulik, og at tradisjonelle stereotypiar av kva som er herre- og kvinneidrett blir forsterka av media.⁴⁰ Monica Guttormsen undersøkte blant anna i hovudoppgåva *Idrett, medier og kjønnsforskjeller* frå 1995 korleis mannlege og kvinnelege idrettsutøvarar blei framstilt i media i samband med OL på Lillehammer i 1994.⁴¹ Analysen avdekte at media i større grad var opptatt av sjølve konkurransen og resultatane i avisartiklar om mannlege utøvarar, medan fokuset i større grad var retta mot utanomsportslege faktorar og kjensler i artiklane om dei kvinnelege utøvarane.⁴² I masteroppgåva *Medieomtalar av mannlige og kvinnelige fotballspillere* har Hanne Merete Bjertnes samanlikna framstillinga og omtalen Dagbladet hadde av mannlege og kvinnelege fotballspelarar i samband med fotball-VM for menn i 1998 og for kvinner i 1999. Funna hennar viser at dei mannlege fotballspelarane blei framstilt som viktigare og slik sett meir «ekte» fotballspelarar enn dei kvinnelege fotballspelarane.⁴³ I bacheloroppgåva mi *Mediedekning og framstilling av kvinne- og herrefotball i Jærbladet i eit historisk perspektiv* gjorde eg liknande funn, der det var påfallande at sportsnyheitene i Jærbladet dyrka og framheva maskuline verdiar og dei sportslege prestasjonane til herrelaget til Bryne, medan prestasjonane til kvinnelaget til Klepp blei marginaliserte.⁴⁴ På grunn av ulik kvalitativ og kvantitativ dekning, gagnar dermed den kommersielle symbiotiske relasjonen mellom media og idretten herrefotballen i langt større grad enn kvinnefotballen og media bidreg dermed både til å oppretthalde og forsterke dei allereie eksisterande ulikskapane innan kommersialisering, økonomi og mediemarksemd.

Det finst med andre ord mykje og einstemmig forskning på statusen til kvinnefotball som annanrangs i samfunnet, der media spelar ei sentral rolle i å legitimere og oppretthalde hierarkiet. Sjølv om Skogvang etterlyser ei heilskapleg oversikt over opphavet til, og

³⁹ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.ii.

⁴⁰ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.ii.

⁴¹ Guttormsen, *Idrett, medier og kjønnsforskjeller*.

⁴² Guttormsen, *Idrett, medier og kjønnsforskjeller*, ss.118, 138.

⁴³ Bjertnes, *Medieomtalar av mannlige og kvinnelige fotballspillere*, i Leonsen *I beste fall en god nummer to*, s.14.

⁴⁴ Hæåk, *Mediedekning og framstilling av kvinne- og herrefotball i Jærbladet i eit historisk perspektiv*.

framveksten av, norsk kvinnefotball, har fleire enkeltstudiar undersøkt ulike aspekt ved inntoget til norsk kvinnefotball og bidrege til å kaste lys over viktige faktorar i utviklinga. Det er òg gjennomført grundige idrettssosiologiske undersøkingar av kvinnelege toppfotballspelarar og utviklingstrekk i kvinnefotballen. Dette har vore ei mangelvare i historieforskinga, der kvinnelege fotballspelarar i liten grad har blitt høyrde eller framheva. Med denne oppgåva ønskjer eg å bidra til å tette noko av kunnskapsholet og kaste lys over både dei individuelle fotballkarrierane, og kollektive landslagsprestasjonar, til tidlegare landslagsspelarar for Noreg.

Teori

Idrett er ein viktig del av samfunnet i dei fleste landa i verda, òg i Noreg. I Stortingsmelding nr.41 1991-1992 «Idretten- folkebevegelse og folkeforlystelse» blir det trekt fram at idrett «samler interesse og støtte i en grad som gjør den til et særlig interessant fenomen i vårt samfunn».⁴⁵ Idrett er det aktivitetssområdet i samfunnet som engasjerer flest på tvers av etablerte strukturar og bidreg til positive verknader for individ og samfunn, både i eit helse-, sosialt og økonomisk perspektiv.⁴⁶ Det er òg tette band mellom idrett, politikk og samfunn. Den svenske skribenten Ekim Çaglar har til dømes portrettert 49 fotballspelarar og trenarar som, på ulike vis og i ulik grad, har markert seg politisk gjennom idretten.⁴⁷ Uttestenginga av russiske idrettsutøvarar etter at Russland starta krigføring mot Ukraina 24. februar 2022 er òg eit døme på korleis idrett, samfunn og politikk heng tett saman.⁴⁸ På grunn av dei tette banda mellom idrett og samfunn vil det teoretiske rammeverket i ei idrettshistorisk oppgåve om norsk kvinnefotball høyre til ulike fagfelt og gå utover det reint historiske og idrettsfaglege. Eg vil i denne oppgåva spesielt trekke inn perspektiv frå kjønnsforskning og minneforskning.

Kjønnsforskning

I 1949 ga Simone de Beauvoir ut *Le Deuxième Sexe (Det annet kjønn)*, som i ettertid har blitt ståande som kanskje det viktigaste feministiske verket frå det tjuande hundreåret. Boka fekk

⁴⁵ St.meld. nr.41 (1991-1992), s.10.

⁴⁶ St.meld. nr.41 (1991-1992), s.10.

⁴⁷ Çaglar, Ekim, *Propagandafotball* (Stockholm: Leopard forlag, 2017).

⁴⁸ NTB. «Russere fortsatt utestengt fra FIS-konkurranser». *Dagsavisen*. 25.10.2023.

<https://www.dagsavisen.no/sport/ski/2023/10/25/russere-fortsatt-utestengt-fra-fis-konkurranser/>.

ein renessanse under den andre feministiske bølga på 1960-talet, og kom ut i Noreg i 1970.⁴⁹ Litteraturvitar Toril Moi har i eit innleiande essay til utgåva til Pax Forlag frå 2000 peika på at det banebrytande med *Det annet kjønn* er at Beauvoir for første gong gjer kjønnsforskjellen i samfunnet til «en like grunnleggende kategori som motsetningen mellom subjekt og objekt».⁵⁰ Hovudtesen i boka er at ein ikkje er fødd kvinne, men at ein blir det.⁵¹ Gjennom oppsedinga blir jenter påtvinge «kvinnelegheit», og blir dermed lært opp til å sjå på seg sjølv som *den andre* i forhold til mannen. Gjennom ein grundig analyse av rolla til kvinna, viste Beauvoir at menn og kvinner verken tidlegare i historia, eller i etterkrigstidas Frankrike, hadde vore likeverdige. Ho hevda blant anna at ein tydeleg kunne sjå problemet berre ved å ta opp kvinnerolla i ei bok; Ein mann ville aldri kome på å skrive ei bok om situasjonen til menn i samfunnet sidan det er sjølv sagt at han er mann.⁵² Medan det er ei uproblematisk sjølvfølge for menn, hevdar Beauvoir at alt kvinner seier eller gjer blir vurdert på bakgrunn av kjønnet deira.⁵³

Simone de Beauvoir var, som alle andre, av si tid. Dei fleste vil derfor peike på at ein del av påstandane til de Beauvoir, som til dømes at «et stort antall idrettskvinner er homoseksuelle»⁵⁴ som ikkje «ønsker å få kjærtegn»⁵⁵, er utdaterte. Dette var noko Beauvoir tok høgde for. Ho skreiv i innleiinga til bok to i *Det annet kjønn*, «Levd erfaring», at ein må forstå påstandane hennar «gitt dagens utdanning og skikker».⁵⁶ Sjølv om noko av tankegodset dermed er utdatert som følge av samfunnsendringar og endringar i tankemønster, er store delar av teorien til de Beauvoir om posisjonen til kvinner i samfunnet framleis aktuell i dag. Kvinner tener framleis i gjennomsnitt mindre enn menn, det er langt fleire menn enn kvinner i leiarstillingar og offentlege verv og det er jamt over fleire kvinner som er sjuke og

⁴⁹ Gerd von der Lippe, *Idrett som kulturelle drama: møteplasser i idrettssosiologi og idrettshistorie*, (Oslo: Cappelen akademiske forlag, 2001), s.159.

⁵⁰ Simone de Beauvoir, *Det annet kjønn*, (Oslo: Pax Forlag A/S, 2000), s.23.

⁵¹ Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.329.

⁵² Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.35.

⁵³ Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.35.

⁵⁴ Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.476.

⁵⁵ Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.476.

⁵⁶ Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.325.

uføre enn menn.⁵⁷ Forskjellane gjer seg òg gjeldande i fotballverda. Hierarkiet der herrefotball blir sett på som ei sjølvinnlysande norm, har fleire likskapstrekk med teorien til de Beauvoir om at mannssamfunnet har definert mannen som norm i samfunnet og at kvinna, på grunn av dette, blir *den andre*.⁵⁸ Teorien til Beauvoir om at kvinna blir *den andre* i forhold til menn er òg eit forsøk på å forklare kvifor kvinner kan vere undertrykte sjølv om dei formelt sett har like rettar som menn.⁵⁹ Teorien kan derfor forklare kvifor kvinnekampen i fotballen har halde fram lenge etter at kvinner i 1976 fekk lov å spele fotball i Noreg på lik linje med menn og kvifor kvinnefotball blei, og blir, sett på som annanrangs. I lys av teorien til Beauvoir om kvinna som *den andre* innfører eg omgrepet *den andre fotballen* om posisjonen til kvinnefotball i samfunnet i perioden eg har undersøkt. Med dette meiner eg at fotball spelt av kvinner blir, og har blitt, vurdert som ein mangelfull idrett på grunn av tanken om at fotball spelt av menn er norma for kva som er god og «ekte» fotball.

På 1970- og 1980-talet stod omgrepet «kvinneforskning» sentralt i samband med den internasjonale kvinnerørsla som arbeidde for kvinnerettar.⁶⁰ Mot slutten av 1980-talet blei det vanlegare å bruke omgrepet kvinne- og kjønnsforskning og markerte dermed eit perspektivskifte frå fokus på kvinner og undertrykking til kjønn som system, kjønnsrelasjonar og vitskapskritikk.⁶¹ Kjønnsforskninga har dei siste tiåra utvikla seg innan fleire fagfelt og har vore prega av ulike innfallsvinklar til forståinga av kjønn, kvinner og menn, maktforhold mellom kjønn, seksualitet, reproduksjonar av kjønna førestillingar og undertrykkande og marginaliserande dynamikkar.⁶²

Hegemonisk maskulinitet

Forskjellsbehandlinga mellom kjønna i fotballen er bygd opp over fleire tiår. Herrefotball har vore, og er framleis dominerande. I 1985 lanserte kjønnsforskarane Tim Carrigan, Bob

⁵⁷ Bufdir, «Sykefravær og uførhet i et kjønnsperspektiv».

Lekve, Maria, Hanne Stangebye Arnesen. «Hvor likestilt er vi?». *Statistisk sentralbyrå*. 08.03.2024.

<https://www.ssb.no/befolkning/likestilling/artikler/hvor-liestilt-er-vi>.

⁵⁸ Beauvoir, *Det annet kjønn*, ss. 16, 35.

⁵⁹ Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.22.

⁶⁰ Jørgen Lorentzen, Wenche Mühleisen (red.), *Kjønnsforskning- en grunnbok*, (Oslo: Universitetsforlaget, 2006), s.95.

⁶¹ Lorentzen, Mühleisen, *Kjønnsforskning- en grunnbok*, s.108.

⁶² Lorentzen, Mühleisen, *Kjønnsforskning- en grunnbok*, s.15-16.

Connell og John Lee omgrepet «hegemonic masculinity» i artikkelen «Toward a New Sociology of Masculinity».⁶³ Omgrepet definerer korleis særskilde grupper av menn har maktposisjonar i samfunnet og korleis dei legitimerer og reproduserer sosiale relasjonar som opprettheld, eller gjer det mogleg å auke, makta deira.⁶⁴ Hegemonisk maskulinitet er dermed eit uttrykk for korleis maskuline verdiar er aksepterte i samfunnet og at verdiane pregar sjølvforståinga til andre grupper.⁶⁵ Idrettssosiolog Eivind Åsrum Skille peikar på at hegemonisk maskulinitet lett blir etablert i idrettar, inkludert fotball.⁶⁶ Idrettshistorikar- og sosiolog Gertrud Pfister viser i artikkelen «Assessing the sociology of sport: On women and football» til at sosiologen Pierre Bourdieu har skrive om korleis fotball blei funne opp som eit spel av og for menn.⁶⁷ Vidare i artikkelen trekk Pfister inn synet til idrettshistorikaren Matthias Marschik om at fotball tidleg var ei moglegheit for å etablere og demonstrere hegemonisk maskulinitet og at menn kunne, og framleis kan, utøve mannleg dominans både på banen og tribunen.⁶⁸ Idrettshistoria viser derfor korleis kvinner har måtta streve for å ta del i fotballverda.⁶⁹

Pfister hevdar vidare at «ekte» fotball framleis er synonymt med herrefotball og peikar på at det er lite medvit rundt den hegemoniske maskuliniteten herrefotballen har i samfunnet.⁷⁰ Eit døme på dette er den skeive fordelinga av kvinne- og herrefotball i den 978 sider lange boka *The Ball is Round: A Global History of Football* av den britiske sosiologen og sportsskribenten David Goldblatt.⁷¹ Boka omhandlar opphavet og utviklinga til idretten fotball, men òg samfunnsaspekt knytt til fotball og ringverknader og konsekvensar av fotball rundt om i verda. Bokmeldarar har skildra boka som eit meisterverk, men det merkverdige er at kvinnefotball, og fotball-VM for kvinner, berre er nemnd på totalt 17 sider i boka. «Women's football» er ein eigen oppslagskategori bak i boka, medan resten av oppslagsverket er knytt til herrefotball, berre kalla fotball. Resten av boka handlar med andre

⁶³ Carrigan, Connell, Lee, «Toward a New Sociology of Masculinity», s.551-604.

⁶⁴ Gerd von der Lippe, *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, (Kristiansand: IJ-forlaget, 2010), s.160

⁶⁵ Lippe, *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk*, s.160.

⁶⁶ Skille, «Biggest but smallest: female football and the case of Norway», s.520.

⁶⁷ Pfister, «Assessing the sociology of sport: On women and football», s.564

⁶⁸ Pfister, «Assessing the sociology of sport: On women and football», s.564.

⁶⁹ Skille, «Biggest but smallest: female football and the case of Norway», s.520.

⁷⁰ Pfister, «Assessing the sociology of sport: On women and football», s.565.

⁷¹ Goldblatt, *The Ball is Round*, (London: Penguin Books, 2006).

ord om herrefotball, og kvart verdsmeisterskap for herrar er meir detaljert skildra enn alle verdsmeisterskapa til kvinnene til saman.

Når barn veks opp med overvekt av herrefotball i massemedia og dermed adopterer eit visst syn på fotball, blir det vanleg å sjå på herrefotball som norma og kvinnefotball som avvikande frå norma.⁷² Undersøkingar frå land der herrefotball ikkje er den dominerande sporten, til dømes i USA, viser korleis ulike vurderingar av kvinnefotball kan kome til syne og kan hevdast å vere eit bevis på at den hegemoniske maskuliniteten i fotball er sosialt konstruert.⁷³ Idrettssosiolog Gerd von der Lippe hevdar at media gjennom ulik dekning i kvalitet og kvantitet, og ulik framstilling, dermed legitimerer og opprettheld det maskuline hegemoniet i fotballen.⁷⁴

Kvinnelege fotballspelarar og seksualitet

Den mannlege dominansen i fotballen førte til at kvinner som ønskte å spele fotball på 1970-talet blei sett på som ukvinnelege.⁷⁵ Kjønnforskar Barbara Cox og sosiolog Shona Thompson peikar i artikkelen *Facing the Bogey: Women, Football and Sexuality* på at det derfor er, og har vore, ein tydeleg samanheng mellom å spele kvinnefotball og automatisk bli «stempla» som lesbisk.⁷⁶ Dei avdekte at kvinner som spelar fotball konsekvent møter fordommar om at deltakinga er ein indikator på deira seksuelle legning, og at denne er homofil. Dei same funna gjorde Skogvang i analysen av kvinnelege og mannlege toppfotballspelarar i Noreg.⁷⁷ Dette ser ut til å vere basert på ein feilaktig logikk om at kvinner som kryssar sosialt konstruerte kjønngrensar, ved å drive med ein idrett som historisk sett har vore dominert av menn, på ein eller annan måte må vere «pseudomenn».⁷⁸ Kvinner som har stereotypiske maskuline karaktertrekk, som til dømes å drive med ein tradisjonell mannsdominert aktivitet som fotball, kryssar dermed kjønngrensene for kva som blir, og har blitt, definert som heteroseksualitet og slutninga blir dermed at personen må vere lesbisk.⁷⁹

⁷² Pfister, «Assessing the sociology of sport: On women and football», s.566.

⁷³ Pfister, «Assessing the sociology of sport: On women and football», s.567.

⁷⁴ Lippe. *Et kritisk blick på sportsjournalistikk*, s.27.

⁷⁵ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

⁷⁶ Cox, Thompson, «Facing the Bogey: Women, Football and Sexuality», s. 7-24.

⁷⁷ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.iii.

⁷⁸ Cox, Thompson, «Facing the Bogey: Women, Football and Sexuality», s.7.

⁷⁹ Cox, Thompson, «Facing the Bogey: Women, Football and Sexuality», s.9.

Ein annan studie har undersøkt korleis kvinnelege fotballspelarar på studentnivå i England vurderer seg sjølv og deltaking si i studentfotball.⁸⁰ Resultata frå undersøkinga viste, i likskap med funna til Cox og Thompson, at mange hadde blitt stempla som lesbiske på bakgrunn av at dei spelte fotball og at dei kvinnelege fotballspelarane opplevde at dei måtte forsvare heteroseksualiteten sin.⁸¹ Professor i «sport management», Todd Crosset, hevdar at dette er eit imageproblem, og at det er eit produkt av ei verd som assosierer det å vere atletisk med maskulinitet, men som likevel opprettheld atletiske moglegheiter for kvinner.⁸² «Stemplinga» blei gjort basert på fleire faktorar; frå deltakinga i ein mannsdominert idrett til utsjånaden til dei kvinnelege fotballspelarane. I norsk samanheng har førsteamanuensis i helsevitenskap, Liv Jorunn Kolnes, studert korleis ulik hårlengd til norske kvinnelege fotballspelarar blir tolka som eit uttrykk for enten det feminine (langt hår) eller det «ukvinnelege» (kort hår).⁸³

Minneforskning

Forteljingar og munnlege overleveringar av minne har vore ein viktig del av liva til menneske i fleire tusen år i overføringa av kunnskap, erfaringar og opplevingar til nye generasjonar.⁸⁴ Minne og munnlege overleveringar har òg prega historieskrivinga. Grunnlaget for dei eldste kjeldene ein har i historieskrivinga, blant anna tekstane til dei greske historikarane Herodot og Tukydid, var i stor grad basert på munnlege overleveringar.⁸⁵ Minne, og kunnskapen som er i minna, har dermed vore ein sentral del i kvardagslivet til menneske, men er òg det eldste råstoffet ein har innan historieskriving.⁸⁶ Trass dette, blei historie relativt einsidig retta mot å bruke skriftlege kjelder då historiefaget blei institusjonalisert på 1700- og 1800-talet.⁸⁷ Framleis er historiefaget sentralisert rundt å bruke skriftleg kjeldemateriale, og ein kan seie at å bruke munnlege minne både er gammaldags og samstundes nyskapande og til dels opposisjonelt mot den rådande retninga innan historieskriving.⁸⁸

⁸⁰ Harris, «The Image Problem in Women's Football», s.184-197.

⁸¹ Harris, «The Image Problem in Women's Football», s.195.

⁸² Harris, «The Image Problem in Women's Football», s.195.

⁸³ Kolnes, «Heterosexuality as an organizing principle in womens sport», s.61-77.

⁸⁴ Ingar Kaldal, *Minner som prosesser: i sosial- og kulturhistorie*, (Oslo: Cappelen Damm, 2016), s.23-24

⁸⁵ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.23-24.

⁸⁶ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.23-24.

⁸⁷ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.23-24.

⁸⁸ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.23-24.

Det er fleire motiv for å bruke munnlege kjelder. Først og fremst handlar det om å bruke det minna inneheld av fakta til å skildre fortida.⁸⁹ For det andre handlar bruken av minne ofte om å skrive historie nedanfrå.⁹⁰ Dette blir ofte trekt fram som hovudmotivet for å skrive om minna til folk, og eit mål er derfor å synleggjere, og gi ei stemme til, grupper som tidlegare har blitt gløymd i historieskrivinga.⁹¹ Dermed har historieskriving med dette formålet ofte eit samfunnskritisk perspektiv.⁹² For det tredje handlar bruken av minne om å reflektere over at minne og historie blir fortald på bestemte premiss og med forteljargrep som har innverknad på analysen av minna.⁹³

Eit interessant aspekt med bruk av minne i historie er at minne som høyrer ut som «reine faktaopplysningar» som regel inneheld fleire dimensjonar. I tida frå hendinga minnet er basert på og til det blir fortald som ein del av eit munnleg kjeldemateriale, blir minna forma, omforma, tolka og prega av kulturuttrykk.⁹⁴ I tillegg er det interessant *at* minna har blitt hugsa i seg sjølv, i tillegg til *måten* minna blir fortald på.⁹⁵ Å analysere desse aspekta kan dermed avdekke noko meir enn sjølve innhaldet som blir fortald. I behandlinga av minne er det dermed nødvendig å gjere eit tydeleg skilje mellom minne som beretning og minne som leivning. Dersom ein analyserer eit minne som beretning er ein ute etter kva konkret kunnskap minnet kan avdekke om fortida.⁹⁶ Ein er med andre ord ute etter sjølve informasjonen om ulike forhold ved fortida som minnet inneheld. Eit minne som leivning stammar derimot frå forteljartidspunktet, og ikkje frå tida minnet handlar om.⁹⁷ Historikaren Knut Kjelstadli presiserte i ein nordisk diskusjon om munnlege kjelder i 1991 at det er vanskeleg å bruke minne som eit uttrykk for tankar, haldningar og kjensler ein hadde i fortida sidan dette strengt tatt er eit uttrykk for notidige standpunkt.⁹⁸ Når ein analyserer eit minne

⁸⁹ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.57.

⁹⁰ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.57.

⁹¹ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.28.

⁹² Kaldal, *Minner som prosesser*, s.53.

⁹³ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.57.

⁹⁴ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.77.

⁹⁵ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.72.

⁹⁶ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.114.

⁹⁷ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.119.

⁹⁸ Kjelstadli, «Kan det sies noe nytt om de muntlige kildene?» i Kaldal, *Minner som prosesser*, s.119.

som leivning ser ein derfor minne som eit produkt som har blitt til i notida og ein er dermed på jakt etter kva forteljaren tenkjer no, i ettertid, om det dei fortel om fortida.⁹⁹

Sjølv om det først og fremst er hjerneforskarar og fagfelt som psykologi, biologi og nevrologi som søker kunnskap om dei kognitive og nevrologiske aspekta ved minne, er det i bruken av minne som munnlege kjelder i historie likevel relevant å sjå på nokre aspekt ved minne, sett frå desse fagfelta. Ifølgje den danske psykologen Dorth Berntsen som har forska på personlege minne, hugsar ein best perioden frå tidleg i tenåra og opp i tjuåra.¹⁰⁰ Som menneske er ein ikkje kapabel til å hugse alt ein opplever, men systrene Ylva Østby, som er nevropsykolog, og idéhistorikar Hilde Østby peikar i boka *Å dykke etter sjøhester*, ei bok om minne, på at ein ofte har ein «minnehop» frå desse formative åra sidan ein ofte opplever mykje nytt og har mange førstegongsopplevingar i denne perioden.¹⁰¹ Dei skildrar òg kva som må til for at ei oppleving blir sittande som eit minne. Kjenslemessige sterke opplevingar festar seg lettare, og dersom opplevinga er distinkt og eineståande, vil opplevinga lettare bli omgjort til eit minne.¹⁰² Rutineprega opplevingar fell ofte inn under éin kategori i minnet, noko som gjer det vanskelegare å skilje dei enkeltståande opplevingane frå kvarandre.¹⁰³

Systrene Østby peikar vidare på at ein hugsar betre minna ein snakkar ofte om.¹⁰⁴ Likevel kan det å snakke om minna, gjere at minna endrar seg og at det enkelte gonger oppstår falske minne.¹⁰⁵ Falske minne kan til dømes oppstå ved å sjå noko på tv eller å snakke med andre som ein har delt opplevingar med og som har eigne minne frå same periode.¹⁰⁶ For kvar gong ein hugsar dei ulike minna, går minna gjennom ein rekonstruksjon som gjer at minna gradvis blir endra.¹⁰⁷ Den amerikanske psykologen Elizabeth Loftus peikar på at minne aldri

⁹⁹ Knut Grove, Jan Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder» i *Historikerens arbeidsmåter*, av Ledulf Melve, Teemu Ryymin (red.), (Oslo: Universitetsforlaget, 2018), s.126.

Kaldal, *Minner som prosesser*, s.119.

¹⁰⁰ Hilde Østby, Ylva Østby, *Å dykke etter sjøhester*, (Oslo: Cappelen Damm, 2017), s.58.

¹⁰¹ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.58.

¹⁰² Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.58.

¹⁰³ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.59.

¹⁰⁴ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.59.

¹⁰⁵ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.105.

¹⁰⁶ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.106.

¹⁰⁷ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.106.

eksisterer i eit vakuum, men at dei blir påverka og forstyrra av tidlegare eller seinare erfaringar, eller ved å hente fram minnet fleire gonger over tid.¹⁰⁸ Over tid kan minnet derfor endre seg mykje, og ein vil ikkje vere i stand til å skilje kva som faktisk skjedde frå korleis minnet har endra seg.¹⁰⁹ Sjølv om minnet har endra seg i ulike versjonar, sit personen att med berre eitt minne. I enkelte tilfelle blir minna så mykje endra at ein hugsar ting som aldri har skjedd.¹¹⁰ Likevel skjer det sjeldnare med eit eineståande og distinkt minne enn noko som er relativt daglegdags.¹¹¹

Empiri og metode

Val av metode

Historikarane Knut Grove og Jan Heiret hevdar at intervjumateriale kan og bør bli brukt i kartlegging og analyse av nyare historie sidan ein bør bruke tilgangen det munnlege materiale kan gi.¹¹² Gjennom intervju kan ein både utvide det historiske materialet, særskild på område der det er lite skriftleg kjeldemateriale, og ein kan få ein meir personifisert innfallsvinkel på fortida enn det skriftleg materiale gir.¹¹³ I studiar som fokuserer på liva til menneske, slik som i denne oppgåva, kan det å bruke munnlege kjelder gi ei betre beskriving av levd liv enn mykje av det ein kunne ha funne i historiske, skriftlege kjelder.¹¹⁴ Eg valde derfor å bruke datagrunnlaget frå intervju med ti tidlegare landslagsspelarar og landslagstrenar, både for å utvide det historiske kjeldematerialet om eit tema som har vore lite dokumentert og for å få ein personifisert innfallsvinkel og løfte fram dei individuelle stemmene til dei elleve informantane i historieskrivinga om suksessen til kvinnelandslaget i fotball på 1990-talet. Ved å bruke munnlege kjelder fekk eg òg moglegheita, ikkje berre til å undersøke kva informantane fortel *om* perioden, men òg *måtane* dei fortel om perioden på.¹¹⁵ Dette er eit aspekt og ein dimensjon ved bruk av munnleg kjeldemateriale som har stor verdi.

¹⁰⁸ Loftus, «The Formation of False Memories», s.720.

¹⁰⁹ Loftus, Palmer, «Reconstruction of Automobile Destruction», s.588.

¹¹⁰ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.106.

¹¹¹ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.106.

¹¹² Grove, Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», s.123.

¹¹³ Grove, Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», s.125-126.

¹¹⁴ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.173-174.

¹¹⁵ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.173-174.

Ved å stille spørsmål om fotballspeling i barndommen og fotballkarrierane til dei intervjuja spelarane i tida før VM i 1995, fekk eg moglegheita til å sjå om vegen til landslaget hadde vore lik for informantane. Dermed kunne eg analysere faktorar som hadde gjort dei tidlegare spelarane gode i ei tid der det nødvendigvis ikkje var eit velfungerande system for å dyrke fram kvinnelege fotballspelarar. Å fokusere på kva utøvarane og trenaren frå laget i VM i 1995 hugsar og sit att med som dei mest dominerande minna frå VM og fotballkarrierane sine, ga meg moglegheit til å skrive noko som liknar ein kollektiv lagbiografi samstundes som eg kunne framheve individuelle skilnader.

Det kunne vore aktuelt å bruke skriftleg kjeldemateriale, til dømes årsrapportar frå klubbane spelarane spelte i, årbøkene til NFF eller andre dokument som kunne gitt innsikt i karrierane til spelarane. Eg vurderte likevel, i tråd med synet til Grove og Heiret, at intervju av informantane ville gi ei betre beskriving av levd liv enn mykje av det ein kunne ha funne i til dømes årbøker. Det kunne òg vore aktuelt med medieanalyse frå perioden der fordelene ville vore at ein fekk eit perspektiv som såg karrierane til dei intervjuja spelarane frå ei anna side. Ei klar ulempe med å bruke medieanalyse som kjeldemateriale vil derimot vere at det var få oppslag om kvinnefotball i dei nasjonale avisene mellom meisterskapa på 1990-talet, noko som ville gitt eit relativt avgrensa kjeldemateriale og ville ført til eit mangelfullt bilete av fotballkarrierane til spelarane. Derfor vurderte eg intervju av spelarane og trenaren, som sit på kunnskap og førstehands erfaringar frå perioden, som den mest føremålstenlege metoden for å kunne svare på problemstillinga i dette prosjektet.

Oral History

Det rådande namnet på bruk av munnleg kjeldemateriale internasjonalt er *oral history*, og i Skandinavia *munleg historie*.¹¹⁶ Omgrepet er både namnet på eit fagfelt, ein historiefagleg metode og produktet ein skapar ved å bruke kjeldemateriale som er innsamla munnleg som primærkjelder. Historikaren Lynn Abrams kallar denne samanhengen, som viser både til praksisen og produktet, for «catch-all»-samanhengen.¹¹⁷

¹¹⁶ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.94.

¹¹⁷ Grove, Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», s.124.

Innanfor fagfeltet *oral history* kan ein skilje mellom to tilnærmingar sidan *oral history* som forskingstradisjon både har eit sosialhistorisk og eit politisk siktemål.¹¹⁸ Den første tilnærminga går ut på å intervjuje såkalla «elitefigurar», med andre ord meir eller mindre offentlege personar som òg finn data om i arkiv eller i publikasjonar. Den andre tilnærminga fokuserer på liva til personar som ikkje er dokumentert tidlegare, og grupper som ikkje har etterlate seg eit stort skriftleg kjeldemateriale. Felles for begge tilnærmingane er at *oral history* søker å få tak på livsverda til enkeltmenneske. Når det gjeld denne oppgåva høyrer mange av dei mannlege fotballspelarane på landslaget frå 1990-talet høyrer til kategorien «elitefigurar» sidan liva deira er veldokumenterte på ulike måtar, medan fleirtalet av dei kvinnelege spelarane, som målt i merittar var vel så suksessrike i landslagssamanheng, høyrer til den andre kategorien. Det kan verke som at liva og fotballkarrierane er skeivt dokumentert på bakgrunn av kjønn. Reint sportsleg burde med andre ord dei kvinnelege spelarane eg intervjuja høyrd til den første tilnærminga, men faktum er at mange er anonyme i det offentlege rom i dag og på mange måtar derfor fell inn under den andre tilnærminga. Kvinnelege prestasjonar har generelt vore marginaliserte i fotballverda og neglisjerte i det offentlege rom, og dokumenteringa og dekkinga av kvinnefotball, har tidvis vore svært mangelfull. Eit ideal med *oral history* er ofte å arbeide for ei meir demokratisk historieskriving, noko denne oppgåva òg er eit forsøk på. Eit premiss for å løfte fram det ein kan kategorisere som gløymde grupper, i dette tilfelle dei kvinnelege fotballspelarane frå 1990-talet, er å bruke kjelder der deira egne stemmer kjem til orde.¹¹⁹

Avgrensingar

Valet om å intervjuje spelarane frå den norske VM-troppen i 1995, samt trenaren, blei gjort på bakgrunn av at 1995 var året då Noreg for første gong var best i verda i kvinnefotball. I tillegg var 1995 året der fotball blei den største organiserte idretten for jenter og kvinner i Noreg.¹²⁰ Oppgåva handlar likevel om meir enn berre VM i 1995, sjølv om VM i 1995 har fått særskild fokus i oppgåva og er utgangspunktet for val av informantar. Oppgåva handlar om fotballkarriereane til spelarane som deltok i VM for Noreg i 1995, heilt frå barndommen og fram

¹¹⁸ Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research*, Princeton, s.184.

Grove, Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», s.124.

¹¹⁹ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.85.

¹²⁰ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.13.

til i dag, med andre ord òg etter at dei var ferdige som aktive utøvarar. Derfor har oppgåva eit tidsspenn frå slutten av 1960-talet og fram til i dag.

Det er likevel verd å merke at det er usemje om VM eller OL er størst i kvinnefotballsamanheng. OL, som blir sett på som relativt uvesentleg i herrefotball, har frå første gongen idretten stod på programmet i OL i Atlanta i 1996 vore noko av det største ein kan vinne i internasjonal kvinnefotball. Enkelte har peika på at anerkjenninga kvinnefotballen fekk ved å bli innlemma i OL, og dermed fekk ein større og breiare tilhengarskare, førte til at OL framleis er svært prestisjefylt å vinne innan internasjonal kvinnefotball. Trass dette, fall valet på å ha særskild fokus på VM i 1995 i oppgåva sidan det var året for første gong Noreg var best i verda.

Kvalitativt intervju

Eg har gjennomført ein kvalitativ studie av opplevingane til tidlegare landslagsspelarar og landslagstrenar frå tida før, under og etter fotball-VM i 1995. Den norske VM-troppen i 1995 bestod av 20 spelarar, og alle spelarane blei kontakta. Av dei, var det ti spelarar som sa seg villige til å delta i studien. Datainnsamlinga har dermed vore basert på elleve semistrukturerte intervju, ti med spelarar frå den norske VM-troppen i 1995, i tillegg til eitt med dåverande hovudtrenar Even Pellerud. Dette er i tråd med synet til sosiolog Aksel Tjora på at det mest ideelle talet på djupneintervju er ein stad mellom ti og femten.¹²¹

Intervjua blei gjennomført digitalt som videointervju. Valet om å gjennomføre intervjua digitalt blei tatt på bakgrunn av at informantane i dag bur spreidd rundt i store delar av Noreg, i tillegg til ein informant i utlandet. Det ville derfor medført betraktelege reiseutgifter og ei stor reisebelastning å gjennomføre intervjua ansikt til ansikt. For å gjere informantane mest mogleg trygge på den digitale intervjusituasjonen, blei intervjua gjennomført på den plattformen dei ulike informantane føretrekte. Eg nytta derfor både Microsoft Teams, Messenger og FaceTime. Eg starta med å spørje om når og kvifor dei starta å spele fotball, før samtalen gjekk kronologisk frå barndom, vegen til landslaget, tida på landslaget, då med særskild fokus på fotball-VM i 1995, og tida etter VM og etter fotballkarrieren. Eg ønskte at informantane i størst mogleg grad skulle få styre samtalen. Derfor prøvde eg å stille opne spørsmål som ga rom for å dele det informantane vurderte som relevant. Intervjua hadde

¹²¹ Aksel Tjora, *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*, (Oslo: Gyldendal, 2010), ss.93, 160.

likevel noko ulik karakter sidan nokre av informantane delte mykje på eige initiativ, medan andre føretrekte å få konkrete spørsmål. Videointervjua blei ikkje filma, men det blei tatt lydopptak. Kwart intervju tok om lag éin time, som eg i ettertid transkriberte.

Presentasjon av informantar

Dei tidlegare landslagsspelarane som har deltatt i studien er Ann Kristin Aarønes, Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Heidi Støre, Ingrid Sternhoff, Kristin Sandberg, Linda Medalen, Merete Myklebust, Randi Solli Leinan og Tina Svensson Grønlund. Det er eit aldersspenn på 14 år mellom eldste og yngste spelar. Informantane spelte i ulike klubbar i løpet av fotballkarrierane, og noterte seg for ulikt tal på A-landskampar for Noreg:

Namn	Fødselsår	Tal på A-landskampar	Tidlegare klubbar (senior)
Ann Kristin Aarønes	1973	111	Spjelkavik, Trondheims-Ørn, New York Power (USA)
Anne Nymark Rylandsholm	1972	65	Sandviken, Arna-Bjørnar
Gro Espeseth	1972	105	Ådnamarka/Bjørnar, Sandviken, Trondheims-Ørn, New York Power (USA)
Heidi Støre	1963	151	Sprint-Jeløy, Trollhättans (Sverige), Kolbotn, Nikko (Japan)
Ingrid Sternhoff	1977	2	Haugar, Kolbotn, Klepp
Kristin Sandberg	1972	31	Asker
Linda Medalen	1965	152	Viking, Asker, Nikko (Japan)
Merete Myklebust	1973	60	Spjelkavik, Trondheims-Ørn
Randi Solli Leinan	1968	19	Trondheims-Ørn, Kolbotn, Nikko (Japan)
Tina Svensson Grønlund	1966	57	Verdal, Asker

Tabell 1 Presentasjon av informantar

I tillegg til spelarane, har Even Pellerud (70) deltatt i studien. Han var landslagstrenerar for det norske kvinnelandslaget i to periodar; 1989-1996 og 2013-2015.¹²² Han har òg vore trenar for det kanadiske kvinnelandslaget, herrelaga til Lillestrøm Sportsklubb (LSK), Kongsvinger og den danske klubben Ikast, i tillegg til å ha vore ansvarleg for kvinnesatsinga i Trinidad og Tobago.¹²³ Han har hatt ulike roller i UEFA og FIFA, og jobbar framleis i FIFA som mentor i ulike prosjekt.¹²⁴

Analysemetode

Eg har vald å analysere forteljningane til informantane som beretningar, der eg først og fremst har vore ute etter den konkrete informasjonen og kunnskapen som kan avdekkast. Når ein bruker minna som beretning er dei tradisjonelt kjeldekritiske aspekta særskild viktig.¹²⁵ Eg har derfor kryssjekka utsegner der det har vore mogleg å samanlikne med skriftlege kjelder frå perioden, slik som avisoppslag og idrettssosiologiske samtidsstudiar.

Ved bruken av munnlege kjelder vil intervjuva vere prega av notidas kulturuttrykk og haldningar. Det kan til dømes ha skjedd endringar i synet på kva som er akseptabelt å seie og meine, kva som blir snakka om og korleis informantane tolkar hendingane dei opplevde.¹²⁶ Intervjuva vil med andre ord bere preg av at det er nesten 30 år mellom hendingane skjedde og informantane fortel om dei. Det er derfor nødvendig å studere minna til spelarane og trenaren eg har intervjuva, ikkje berre som beretning, men òg som leivning. Eg vil særskild i kapittel 5 studere minna som leivningar då eg analyserer tida etter fotballkarrierane til dei intervjuva spelarane og trenar Even Pellerud.

¹²² Ravnaas, «A-landslagstrenerne kvinner» *Norges Fotballforbund*. 12.12.2023.

<https://www.fotball.no/tema/om-nff/statistikk-og-historikk/a-landslagstrenerne-kvinner/>.

¹²³ Haugli, «Pellerud gir seg i Canada» *Aftenposten*. 21.05.2013.

<https://www.aftenposten.no/sport/fotball/i/b57K8k/pellerud-gir-seg-i-canada>.

Langerød, «Ny jobb for Pellerud» *Nettavisen*. 19.01.2009.

<https://www.nettavisen.no/artikkel/ny-jobb-for-pellerud/s/12-95-2508275>.

Laverty, «'I fell in love with the team': Even Pellerud on winning the Women's Euros and World Cup»

The Guardian. 21.07.2022. <https://www.theguardian.com/football/these-football-times/2022/jul/21/even-pellerud-manager-won-womens-euros-world-cup-norway-love>.

¹²⁴ Madsen, «Pellerud blir trenermentor for FIFA» *Norges Fotballforbund*. 18.12.2018.

<https://www.fotball.no/trener/2018/pellerud-blir-trenermentor-for-fifa/>.

¹²⁵ Grove, Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», s.126.

¹²⁶ Knut Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var*, Oslo: Universitetsforlaget, 2019), s.196.

Under sjølve analysen av datamaterialet støtta eg meg på SDI: stegvis-deduktiv induktiv metode som sosiolog Aksel Tjora presenterer i boka *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*.¹²⁷ Gjennom ein stegvis induktiv prosess, jobbar ein seg frå rådata mot teori, og gjennom ein stegvis deduktiv metode sjekkar ein det teoretiske mot det empiriske.¹²⁸ Etter å ha transkribert intervju, behandla eg rådataa ved å bruke empirinære merkelappar. Vidare kategoriserte eg intervju inn i ulike tema. Døme på desse kategoriane er «forhold til fotball/idrett i barndommen», «treningsmengd» og «haldningar til kvinnefotball». Ut frå desse kategoriane gjennomførte eg ein kvalitativ innhaldsanalyse av empirien. Analysen er dermed sterkt knytt til kategoriane som tidleg skilde seg ut i behandlinga av rådataa frå intervju. Det er dermed fleire faktorar som kunne vore nemnd, men som er utelate, og som potensielt kunne avdekt eit større mangfald i datamaterialet. Kategorisering av rådataa var likevel nødvendig for å kunne skilje ut tydelege funn. Ved å samle svara til informantane i kategoriar, danna eg eit samanlikningsgrunnlag der eg kunne vurdere likskapar og ulikskapar i svara spelarane ga, både i konkret informasjon og i måtane informantane fortalde minna på. Parallelt med kategoriseringa, skilde eg ut nokre sitat og forteljingar informantane delte som eg opplevde som viktige og som eg knytte til dei ulike kategoriane. Ut frå dette krystalliserte det seg ulike funn som eg så såg i lys av teori, og teori i lys av funna.

Prosesen har imidlertid ikkje vore heilt lineær, sidan ein analyseprosess ofte krevjar at ein vekslar mellom å sjå på enkeltdelar av empirien og heilskapen for å oppnå ei djupare forståing og sjå samanhengar. Analysen av empirien derfor tydelege innslag av hermeneutikk.¹²⁹ Den kvalitative innhaldsanalysen blei derfor gjennomført med ein stegvis, systematisk prosess, men hadde òg tidvis innslag av hermeneutiske tilnærmingar.

Metodekritikk

Av arbeidsøkonomiske grunnar har eg ikkje brukt anna kjeldemateriale slik som avisartiklar, analyse av årbøker eller årsrapportar/referat frå årsmøte til klubbane informantane var ein del av. Ein kan derfor hevde at mangel på anna kjeldemateriale og metodetriangulering svekker oppgåva noko sidan ein potensielt mistar djupne, innsikt og ulike perspektiv som kunne blitt

¹²⁷ Tjora, *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*, s.155-157.

¹²⁸ Tjora, *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*, s.155.

¹²⁹ Øyvind Dahl, *Møter mellom mennesker*, (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2017), s.117.

avdekt ved å bruke fleire innfallsvinklar. Der det er føremålstenleg har eg likevel brukt noko anna kjeldemateriale for å kryssjekke og etterprøve utsegnene til informantane og for å kaste lys over den historiske konteksten. Dette gjeld i hovudsak årboka til Noregs Fotballforbund frå 1995 og avisoppslag i VG, der eg har gjennomført ein systematisk analyse av avisoppslaga frå 06.06.1995-18.07.1995. Eg valde VG sidan avisa var ei av dei mest framstående nasjonale avisene innan sportsjournalistikk på 1990-talet.

Eg vil òg argumentere for at oppgåva har ulike perspektiv sidan eg har intervjuet ti ulike spelarar der alle har individuelle minne og opplevingar. Informantutvalet er på den eine sida smalt sidan dei var del av same lag, men på den andre sida vil eg påstå at det er breitt sidan spelarane i ettertid har levd spreidd og vore del av ulike fotballmiljø. Sjølv om ein del spelarar sannsynlegvis har halde kontakten med kvarandre, har ikkje dei intervjuet spelarane levd i ekkokammer og bidreg dermed i prosjektet med sine individuelle perspektiv og synspunkt. Likevel er det behov for meir forskning på området som kan gi fleire perspektiv og større djupne, til dømes gjennom medieanalyse, undersøkingar av rammevilkåra i klubb fotballen eller komparative studie med kvinnelandslag frå andre nasjonar frå same periode.

Intervju som innsamlingsmetode har i seg sjølv klare svakheiter. For det første vil ein i eit intervju ikkje få tilgang på empirien i ein naturleg kontekst. Intervjusituasjonen vil alltid vere noko kunstig, og kanskje endå meir kunstig digitalt. Dei digitale intervjuet bydde òg av og til på tekniske utfordringar som «hakkete» lyd, bilete som frøys, og kortslutning av pc eller mobil. For det andre kan ein aldri som intervjuar hevde at ein er 100 prosent objektiv. Sjølv om eg hadde førebudd opne spørsmål, kan eg ikkje garantere at eg ikkje hadde innverknad på svara informantane gav gjennom måten eg stilte spørsmåla på. Eg ønskte at intervjuet skulle ha eit tydeleg samtalepreg for å gjere konteksten mest mogleg naturleg, men ulempa er at faren for å påverke svara som intervjuar er større. I arbeidet med munnlege kjelder og intervju er det likevel samspelet mellom intervjuar og informant som gir eit særeige historisk materiale, noko som stiller krav til at intervjuar er delaktig i intervjuet.¹³⁰ Fordelen med å ha ein open dialog med informantane i intervjuet er, slik ein vurderer det i bruken av munnlege kjelder, dermed større enn ulempa eventuell påverknad av svara kan medføre.

¹³⁰ Grove, Heiret, «Å arbeida med munnlege kjelder», s.124.

Det er òg vesentleg å nemne at det nesten er 30 år sidan VM i 1995, noko som sjølvsagt har innverknad på minna til informantane. Spelarane som har blitt intervjuva var mellom 18 og 32 år i fotball-VM i 1995. Mange av dei intervjuva spelarane var dermed framleis i dei formative åra i forkant av, og under VM, i 1995. Dette gjer at dei sannsynlegvis hugsar mykje frå perioden. Det er òg sannsynleg at dei hugsar enkeltståande og kjenslemessig sterke opplevingar betre enn rutineprega og daglegdagse hendingar sidan kategoriar som «frukost» eller «fotballtrening» fort blir kategorisert i éin og same kategori i minnet. Det er likevel fleire moglege «fallgruver». Informantane sa fleire gonger at «eg hugsar ikkje nøyaktig» eller «eg vil jo tru at...», noko som indikerer at minna ikkje er fullstendige. At ein ikkje har ei fullstendig oversikt over fortida er likevel ei utfordring som gjeld for all historieskriving, og ikkje berre i bruken av munnlege kjelder.¹³¹ I tillegg er det verd å trekke fram at det er ein risiko for at informantane har gløymd eventuelle negative opplevingar på grunn av den sportslege suksessen. Sjølv om VM-gullet ikkje har fått veldig mykje merksemd i ettertid, har det ved ei rekkje høve blitt trekt fram i media. I tillegg er det nærliggande å tenkje at fleire av dei tidlegare spelarane har snakka saman og fleire gonger mimra tilbake til «gullalderen», VM i 1995 og eigen fotballkarriere. Det er dermed ikkje utenkeleg at fleire av minna er endra, og at det til og med kan ha oppstått enkelte falske minne i løpet av dei 29 åra som har gått sidan VM-gullet. Gjennom analyse av datagrunnlaget, fann eg til dømes motsetningar i kjeldematerialet knytt til oppladinga til meisterskapet i VM i 1995. Fleire hugsar at dei var på ein «pre-camp» der dei blant anna kørde motorcross og rei på hest. Det merkverdige er at spelarane namngir fem ulike lokasjonar for denne samlinga; Vågå, Sunndalsøra, Lillehammer, Kongsvinger, og ein liten stad nord for Oslo «oppi dalum». I årboka til NFF frå 1995 står det derimot at «Toppkurven ble nådd inn mot VM via en glimrende siste forberedelse i Vrådal»¹³². Dette dømet illustrerer utfordringa med bruken av minne sidan det avdekkjer tydelege forskjellar i eit minne som burde vore likt hjå alle spelarane. Ein annan spelar hugsar oppladinga til VM i 1995 som optimal, men nærmare undersøkingar viser at spelaren så vidt nådde meisterskapet på grunn av ein skade. Dei to døma viser at minne endrar seg i løpet av nesten 30 år, og at minna grensar til det ein kan kalle falske minne. Historikar Lynn Abrams hevdar likevel at ein ikkje treng å vite mykje om korleis minne fungerer biologisk eller nevrologisk for å bruke minna til folk i historieskriving.¹³³ Det er derfor viktig å påpeike

¹³¹ Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var*, s.38.

¹³² Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, s.63.

¹³³ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.60-61.

endring, feil og manglar i minne i historieforskinga ikkje er sjølve forskingsobjektet, men ein metodisk mogleg feilmargin ein må ha medvit rundt i behandlinga av munnlege kjelder.

Etikk og anonymitet

Det er viktig å ta fleire omsyn i ei oppgåve som behandlar og analyserer minne. Minne er ikkje berre restar av levd liv, men er aktive i liv til personar som framleis lever.¹³⁴ Historikar Ingar Kaldal viser til at ei minneforteljing «alltid i utgangspunktet hører fortelleren til».¹³⁵ Å be personar om å dele minne frå livet sitt, stiller derfor strenge etiske krav.

Alle som har deltatt i studien har fått tilsendt informasjonsskriv og samtykkeskjema, der dei blei informert om formålet med prosjektet, kva materialet skulle bli brukt til og kva rettar dei har som informantar. For å delta i prosjektet måtte informantane samtykke til å delta i intervju og til at opplysningar dei ga kunne føre til at dei blei kjende att. Spelarane og trenaren som deltok i studien blei informert om at dei kom til å bli namngitt og behandla som offentlege personar. Eg vil argumentere for at å ikkje namngi spelarane ville vere med på å neglisjere deira individuelle bidrag i historia om VM-gullet frå 1995. I tillegg er det moglege utvalet, ein VM-tropp på totalt 20 personar, samt berre éin mogleg hovudtrenar, så lite, at det ville vore tilnærma umogleg å sikre anonymitet.

Det var i tillegg to kategoriar informantane kunne samtykke til som var valfrie. Kategoriane omfatta særlege personopplysningar der den eine omfatta helseopplysningar (som til dømes skadar eller eventuelle kampnervar/mentale utfordringar) og den andre opplysningar om etnisk opphav, religion, filosofisk overtyding og seksuelle forhold eller orientering. Det var på førehand vanskeleg å anslå kva informantane kom til å dele frå liva sine, og den siste kategorien av særskilde personopplysningar blei på bakgrunn av dette vurdert som nødvendig. Det blei ikkje nemnd noko om etnisk opphav, religion eller filosofisk overtyding, men det blei delt minne knytt til seksuell orientering/legning som vil bli behandla i underkapittelet *Haldningar og hendingar*. Alle informantane har òg fått sitatsjekk slik at dei kunne sjekke at opplysningar og sitat er korrekte. Dette gjeld både direkte sitat og utsegn der det kjem fram opplysningar som er kopla til informantane. Sidan fokuset i intervjuet var sjølve innhaldet, har

¹³⁴ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.79.

¹³⁵ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.162.

eg gjort ei lett redigering av sitata, der eg har tatt bort pausar og fyllord, men elles er sitata slik informantane fortalde det.

På bakgrunn av opplysningane som har blitt gitt, og av omsyn til at minna er ein aktiv del av liva til informantane, har eg vald å anonymisere enkelte sitat eller meiningar. Det kan til dømes vere på bakgrunn av sensitiv informasjon, kritikk av ulike aspekt ved den norske deltakinga i VM eller meiningar som er sprikande frå meininga til eit stort fleirtal av informantane. Opplysningane informantane delte blei behandla varsamt, og det blei vurdert fortløpande om enkelte utsegner burde bli anonymisert. Der det har vore omtale av tredjepersonar, har eg vore særskild varsam. I nokre tilfelle har eg anonymisert informanten slik at tredjepersonen ikkje kan sporast.

Forskarrolle

Det er verd å nemne at eg sjølv er aktiv fotballspelar og at eg deler interessa og lidenskapen informantane har, og har hatt, for fotball. Eg har òg ved fleire høve engasjert meg i likestillingskampen i fotballen og retta fokus mot skeive ressursfordelingar og ulike moglegheiter i utøvinga av idretten på bakgrunn av kjønn. Derfor gjekk eg ikkje inn i prosjektet med eit nøytralt syn på ulike aspekt knytt til dagens fotballverd. Dette kan ha prega tolkingane mine av datagrunnlaget. Interesse mi for fotball, og særskild kvinnefotball, kan ha farga analysen, men eg vil òg presisere at det har gjort motivasjonen større for å skrive ei forskningsetisk og historiefagleg solid og gjennomført oppgåve om temaet. Eg har derfor lagt spesielt vekt på å ha eit relativt stort intervjumateriale der eg har brukt god tid på å dobbelsjekke utsegner og arbeide nøye der det er motsetningar i materialet. Eg vil òg argumentere for at kjennskap til, og ei felles interesse for fotball, var ein fordel i møtet med informantane, sidan dette bidrog til å skape tillit og truverd. Dette var særskild viktig sidan intervju blei gjennomført digitalt, der det kan vere vanskelegare å opprette tillit, tryggleik og truverd på grunn av den digitale barrieren. Det er likevel viktig å presisere at informantane og eg ikkje er, eller har vore, ein del av same fotballmiljø, og at eg ikkje kjende informantane på førehand.

2 Eit historisk blikk på fotball og norsk kvinneidrett

Framveksten av moderne fotball

Dei første tilløpa til fotball oppstod for fleire hundre år tilbake. FIFA antyda i 2004 at fotball som idrett stammar frå det kinesiske spelet *cuju*, men idrettshistorikar Matti Goksøyr hevdar i boka *Hva er fotball?* at dette blei uttalt mest av diplomatiske omsyn.¹³⁶ Det er òg funne europeiske spor av tidlege ballspel i det antikke Hellas og Romarriket, i Frankrike i mellomalderen (*soule*) og i Italia frå 1400-1600-talet.¹³⁷ I England blei det spelt ulike former for *folk football* frå 1300-talet, eit klyngeprega spel der to grupper kjempa om å få ein balliknande gjenstand over ei definert mållinje.¹³⁸ Uavhengig av kven som var, og kor i verda ein var, først ute med å spele fotball, kan ein frå den britiske mellomalderske varianten følge ei historisk linje fram til det som i dag er moderne fotball.¹³⁹

Goksøyr har gjort eit omfattande arbeid i kartlegginga av norsk idrett og fotball, og eg støttar meg derfor på arbeidet hans i den vidare framstillinga av temaet i dette kapittelet. Den moderne fotballen oppstod i England rundt midten av 1800-talet, og frå rundt 1880 fekk ein del engelske sportar, deriblant fotball og tennis, auka popularitet i Noreg.¹⁴⁰ Fotballen representerte eit karakterbrot med dei resterande idrettane som fanst i Noreg, og var på mange måtar frigjerande sidan fotballen medførte større individuell fridom og eit større personleg initiativ.¹⁴¹ Dei første åra var det likevel ikkje fotball ein folkeidrett og var berre kjend i små skulemiljø blant gutar i dei største byane.¹⁴²

¹³⁶ Matti Goksøyr, *Hva er fotball*, (Oslo: Universitetsforlaget, 2014), s.22.

¹³⁷ Goksøyr, *Hva er fotball*, s.22.

Peter McIntosh, *Sport in Society*. (London: West London Press, 1987). I Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.27.

¹³⁸ Goksøyr, *Hva er fotball*, s.22.

Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.28.

¹³⁹ Goksøyr, *Hva er fotball*, s.22.

¹⁴⁰ Matti Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, (Oslo: Abstrakt Forlag, 2022), s.55.

Finn Olstad, Stein Tønnesson, *Norsk idretts historie Bind 1: Forsvar, sport og klassekamp 1861-1939*, (Oslo: Aschehoug, 1987), s.75.

¹⁴¹ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.56.

¹⁴² Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, ss.65, 71.

I mellomkrigstida fekk fotballen eit gjennombrot i Noreg og blei ein idrett for «folk flest», nærmare bestemt menn i ein viss alder.¹⁴³ Sidan fotball var ein lite ressurskrevjande idrett, var spelet lett tilgjengeleg for folk, og bidrog til at fotball i perioden kanskje var den mest sosialt blanda idretten i Noreg, med oppslutning både på landsbygda, i arbeidarmiljø og blant dei rikare miljøa i byane.¹⁴⁴ I etterkrigstida heldt talet på fotballspelarar fram med å auke og fotball vaks fram som ein av dei mest populære idrettane i Noreg.¹⁴⁵

Kvinneidrett i Noreg før 1970-talet

I idrettshistorisk samanheng har ein langt større kjeldemateriale om idrettsmenn enn idrettskvinner, noko som gjer at det er vanskeleg å fastslå i kva grad kvinner til ulike tider har vore aktive i ulike idrettar og aktivitetar.¹⁴⁶ Ein har likevel kjelder som til dømes viser at nokre kvinner konkurrerte på ski allereie på 1860-talet.¹⁴⁷ I 1946 hadde norske kvinner lov til å delta i 12 idrettar, medan talet for idrettar for menn var 24.¹⁴⁸ Det blei fleire gonger diskutert om kvinner burde få delta i idrettar som blei sett på som «ukvinnelege», der det var menn som trekte grensa for kva ein kunne akseptere og ikkje.¹⁴⁹ Organisert kvinnefotball var utenkeleg.¹⁵⁰ Det var heller ikkje slik at kvinnene hadde same moglegheit til å utøve dei 12 idrettane som mennene. Det var restriksjonar i fleire av idrettane, som til dømes at kvinnene som dreiv med friidrett ikkje fekk lov til å springe lenger enn 200 meter og kvinnelege turnarar fekk ikkje lov til å opptre offentleg.¹⁵¹

¹⁴³ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.98.

¹⁴⁴ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.98.

¹⁴⁵ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.119.

¹⁴⁶ Lippe, *Idrett som kulturelle drama: møteplasser i idrettssosiologi og idrettshistorie*, s.21.

¹⁴⁷ Lippe, *Idrett som kulturelle drama: møteplasser i idrettssosiologi og idrettshistorie*, s.84.

¹⁴⁸ Idrettane som blei definerte som «kvinnelege» nok var volleyball, tennis, symjing, skøyter, alpint, orientering, handball, turn, gymnastikk, gonge, friidrett og badminton (Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.125).

¹⁴⁹ Finn Olstad, Stein Tønnesson, *Norsk idretts historie Bind 2: Folkehelse, trim, stjerner 1939-1986*, (Oslo: Aschehoug, 1986), s.138.

¹⁵⁰ Olstad, Tønnesson, *Norsk idretts historie Bind 2*, s.138.

¹⁵¹ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.124.

Fram til 1960-tåra var kvinner marginaliserte i norsk idrett.¹⁵² Det fanst unntak der kvinner fekk merksemd i idretten og i media, som til dømes skøyteløparen Laila Schou-Nilsen og den internasjonale skøytestjerna Sonja Henie, men merksemda dei fekk var først og fremst knytt til deira eineståande og unike prestasjonar, og ikkje som ein del av dekninga av norsk kvinneidrett.¹⁵³

Det estetiske blei ofte trekt fram som eit argument mot at kvinner skulle få drive med uthaldsidrettar. Derfor blei til dømes alpint sett på som betre enn langrenn sidan ein då slapp å sjå på «slitne og snørrete kvinner», men heller kunne applaudere «yndige kvinner» som kørde mjuke slalåmsvingar.¹⁵⁴ I orientering blei det forbode for kvinner å delta etter at Ingrid Hadler sneik seg med på eit stafettlag i det prestisjetunge løpet «Tiomila» i 1969, under namnet Einar Nordås.¹⁵⁵ Den estetiske krenkinga ved synet ei sveitten og sliten kvinne blei sett på som for stor.¹⁵⁶

Det blei òg brukt helsemessige argument i diskusjonen om kvinneleg deltaking i uthaldsidrettar. Til dømes har den tidlegare langrensløparen Ingrid Wigernæs fortald at det eksisterte ei oppfatning av at det var farleg for kvinner å bli andpustne då ho begynte å trene for fullt på 1950-talet.¹⁵⁷

Det var likevel ikkje slik at kvinner ikkje var til stades på idrettsarenaar. Kvinner hadde heilt frå starten vore til stades som «heiagjenger og kaffekokere», som sekretærar, som servitørar på suppestasjonar og som ansvarlege for vask av fotballdrakter.¹⁵⁸ Kvinner var med andre ord velkomne på idrettsarenaar, berre ikkje som aktive og fullverdige medlemmar av sjølve idretten.

¹⁵² Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.123.

¹⁵³ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.123.

¹⁵⁴ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.124.

¹⁵⁵ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.125.

¹⁵⁶ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.125.

¹⁵⁷ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.125.

¹⁵⁸ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, ss. 77, 79.

Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.124.

Kvinnefotball i Noreg før 1970-talet

Det tok ikkje lang tid frå den moderne fotballen blei introdusert i Noreg til det blei konkludert med at fotballen skulle vere ein arena prega av maskuline verdiar¹⁵⁹ Tidsskriftet *Norges Idrætsblad og Sport* uttrykte ei haldning til kvinnefotball som var utbreidd då dei i 1920 skreiv at «når kvinnen slår sig på fotballen må man reagere. Fotballen er og blir en *mandig* sport, den dag den ikke er det har den tapt sin gloria». ¹⁶⁰ Dei første tiåra på 1900-talet var det derfor utenkeleg at fotball kunne vere ein idrett for kvinner. ¹⁶¹ På 1920-talet fekk likevel jenter og kvinner spele fotball så lenge det blei sett på som eit underhaldande og useriøst show. ¹⁶² På 1920- og 1930-talet såg ein fleire døme på showkampar der kvinnelag spelte mot utrente menn, men dette blei etter kvart stoppa av NFF med grunngivinga at det var «uanstendig» for kvinner å spele fotball og at det kunne gå utover evna til kvinner til å føde barn. ¹⁶³ I 1928 blei det arrangert ei turnering mellom fire Oslolag med om lag fire tusen tilskodarar, der kronprins Olav var prisutdelar. ¹⁶⁴ Det var likevel få og spede forsøk på organisert kvinnefotball og NFF ønskte ikkje å innlemme kvinnefotball som ein del av forbundet.

Inntoget til kvinnene på fotballbanen i Noreg

I 1970-åra begynte fleire å rette søkelyset mot ulikskapen mellom kjønna i norsk idrett, og fleire kvinner, og etter kvart ein del menn, peika på at det nødvendigvis ikkje var «naturleg» og «sjølvsagt» at kvinner ikkje kunne spele organisert fotball, springe lenger enn 1500 meter eller delta i andre idrettskonkurransar. ¹⁶⁵

1970-talet blei tiåret der kvinnene gjorde sitt inntog på fotballbanen. Jenter begynte å forlange å få spele fotball og mange spelte med gutar på «løkka». ¹⁶⁶ Sif Kalvø blei fotballproff i Italia

¹⁵⁹ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.77.

¹⁶⁰ Norsk Idrætsblad og Sport, «Blandt belgiske og franske fotballspillere», s.154. I Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.79.

¹⁶¹ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.57.

¹⁶² Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.79.

¹⁶³ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.82.

¹⁶⁴ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.79.

¹⁶⁵ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.125.

¹⁶⁶ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.125.

allereie i 1972, og spelte til og med tre landskampar for Italia under det falske namnet Silvana Calvoa.¹⁶⁷

Initiativet til å arrangere fotballkampar på 1970-talet kom ikkje frå NFF, men frå pionerar og eldsjeler.¹⁶⁸ I 1970 arrangerte Målfrid Kuvås ein kamp mellom Amazonene og BUL på Levermyr i Grimstad til det Dagbladet omtalte som den første fotballkampen for kvinner i Noreg.¹⁶⁹ Allereie i opningsåret i 1972 var Norway Cup, det som i dag er blant verdas største fotballturneringar, open for begge kjønn.¹⁷⁰

I 1976 ga til slutt NFF etter og tillet kvinnefotball, i tillegg til å opprette ein eigen kvinnekomité som skulle jobbe aktivt for vekst innan jente- og kvinnefotball. Det var ikkje tilfeldig at NFF snudde på midten av 1970-talet.¹⁷¹ 1970-åra var prega av radikale haldningar og likestillingskamp i idretten og i samfunnet elles, og det blei vanskeleg å halde halve befolkninga utanfor idrettar som tidlegare hadde vore berre for menn.¹⁷² Diskusjonen om kvinnefotball kom i den andre bølga i kvinnekampen på 1970-talet då debatten om kvinnerettar hadde starta.¹⁷³ Den kanskje mest kjende striden var då Gerd von der Lippe deltok «ulovleg» i Holmenkollstafetten i 1972.¹⁷⁴ Resultatet blei at det blei oppretta ein eigen kvinneklasse i 1975.¹⁷⁵ I 1976, året etter, fekk kvinner delta i ein eigen kvinneklasse i Birkebeinarrennet.¹⁷⁶ Talet på kvinnelege medlemmar i Noregs Idrettsforbund (NIF) blei seksdobla mellom 1965 og 1984, medan det firedobla seg for mannlige medlemmar.¹⁷⁷ Dette

¹⁶⁷ Noor Hoelsbrekken Eckhoff, *Noor blør for drakta*. (Oslo: Strand forlag, 2023), ss. 81, 88.

¹⁶⁸ Blant dei mest sentrale var Målfrid Kuvås i BUL, Ellen Wille i Frigg og sportsredaktør i Dagbladet, Leif Isdal (Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126).

¹⁶⁹ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.82.

Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.150.

¹⁷⁰ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126.

¹⁷¹ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126.

¹⁷² Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126.

¹⁷³ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.151.

¹⁷⁴ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126.

¹⁷⁵ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126.

¹⁷⁶ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126.

¹⁷⁷ Olstad, Tønnesson, *Norsk idretts historie Bind 2*, s.316.

førte til ei endring frå at kvart femte medlem i NIF var kvinne i 1965 til at kvar tredje medlem var kvinne i 1984.¹⁷⁸

At NFF godtok kvinnefotball i 1976 må òg bli sett i samanheng med utviklinga som fann stad internasjonalt, men det blei tidleg klart at fotballen der òg blei sett på som eit mannleg domene. Storbritannia blir rekna som sentral i utviklinga av kvinnefotball, men òg der møtte kvinner tidleg motstand.¹⁷⁹ I 1902 sende det engelske fotballforbundet (FA) ut eit brev til medlemmane sine med tydeleg beskjed om at dei ikkje skulle spele fotball saman med kvinner.¹⁸⁰ Under første verdskrigen blei det likevel etablert ei rekkje kvinnelege bedriftsfotballag som følgje av at kvinner tok over mannlege jobbar i krigsåra.¹⁸¹ Den mest kjende kampen er kampen mellom bedriftslaga Dick Kerr Ladies og St. Helen på Goodison Park i 1920, med 53 000 tilskodarar på tribunen og mellom 10 000 og 14 000 som blei ståande utanfor utan å få billett.¹⁸² I 1921 spelte Dick Kerr Ladies i gjennomsnitt to kampar i veka rundt om i heile Storbritannia, med totalt 900 000 tilskodarar på 67 kampar.¹⁸³ Mykje tyder på at Frankrike var like tidleg ute med kvinnefotball som Storbritannia, og Dick Kerr Ladies spelte fleire gonger oppvisningskampar mot franske lag.¹⁸⁴ Det var totalt om lag 150 kvinnelag i England i 1921, der fleire av laga tiltrekte fleire tusen tilskodarar til kampane.¹⁸⁵ Under og rett etter første verdskrigen var kvinnefotball med andre ord i ferd med å bli ein publikumssuksess, men FA sette ein effektiv stoppar for engelsk kvinnefotball og utviklinga som hadde vore då dei i 1921 forbaud kvinnelag å bruke banar som høyrde til forbundet.¹⁸⁶ Den byrjande publikumssuksessen blei sett på som eit trugsmål mot herrefotballen, og er trekt

¹⁷⁸ Olstad, Tønnesson, *Norsk idretts historie Bind 2*, s.316.

¹⁷⁹ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.43.

¹⁸⁰ Goldblatt, *The Ball is Round*, s.78.

¹⁸¹ Goldblatt, *The Ball is Round*, s.698-699.

¹⁸² Lee, «Life after death», s.1491.

Gail J. Newsham, *In a League of Their Own! The Dick Kerr Ladies Football Team*. (London: Scarlett Press, 1994), i Skogvang. *Toppfotball- et felt i forandring*, s.44.

¹⁸³ Newsham, *In a League of Their Own! The Dick Kerr Ladies Football Team*, i Skogvang. *Toppfotball- et felt i forandring*, s.45.

¹⁸⁴ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.49.

¹⁸⁵ Goldblatt, *The Ball is Round*, s.181.

¹⁸⁶ Goksøyr, *Hva er fotball*, s.25.

inn som éi av årsakene til forbodet.¹⁸⁷ Fleire forbund i andre land følgde etter med restriksjonar eller forbod som i praksis forbaud organisert kvinnefotball.¹⁸⁸ Ikkje før 50 år seinare, i 1971, oppheva FA motvillig forbodet, noko som inspirerte forkjemparar for kvinnefotball i Noreg.¹⁸⁹ Men der NFF oppretta ein eigen kvinnekomité som viste seg å vere suksessrik i arbeidet for å skape vekst på kvinnesida, blei ikkje jente- og kvinnefotball teken inn under FA sitt styre før i 1993.¹⁹⁰

Sjølv om kvinnefotballen blei sett tilbake fleire tiår på grunn av forboda som kom tidleg på 1900-talet, blei det gjort forsøk på å etablere organisert kvinnefotball som idrett i fleire land. Så tidleg som i 1957 blei det gjort forsøk på å stifte International Ladies Football Association.¹⁹¹ òg internasjonalt kom den andre bølga av feminisme i fotball i samband med kvinnerørsla på 1960- og 1970-talet.¹⁹² Eit Italiabasert internasjonalt kvinnefotballforbund blei oppretta i 1969 og arrangerte eit uoffisielt VM i Italia i 1970 og i Mexico i 1971.¹⁹³ Dette la press på FIFA og UEFA, som frykta å miste kontroll, og begge gjekk dermed inn for å inkorporere kvinnefotball i organisasjonane.¹⁹⁴ I 1984 arrangerte UEFA det første europeiske meisterskapet for kvinner, og FIFA følgde opp med det første verdsmeisterskapet for kvinner i 1991. I 1994 estimerte FIFA at det var omkring 20 millionar kvinnelege fotballspelarar rundt om i verda.¹⁹⁵

Det var med andre ord fleire enkeltstående faktorar, utviklingstrekk og pionerar i fotballen og andre idrettar nasjonalt og internasjonalt, kombinert med kvinnerørsla i samfunnet elles, som gjorde at kvinnefotball i Noreg blei tillate i 1976. Å få lov til å spele kvinnefotball var først og fremst ein kamp for å få ta del i entusiasmen og gleda knytt til fotball, men blei òg sett på som

¹⁸⁷ Lee, «Life after death», s.1491.

¹⁸⁸ Lee, «Life after death», s.1491.

¹⁸⁹ Lote, «Her var kvinnefotball forbode i 50 år.» *NRK*. 12.07.2013.

<https://www.nrk.no/sport/fotball/fotball-var-forbode-i-50-ar-1.11124206>.

¹⁹⁰ Lote, «Her var kvinnefotball forbode i 50 år.» *NRK*. 12.07.2013.

<https://www.nrk.no/sport/fotball/fotball-var-forbode-i-50-ar-1.11124206>.

¹⁹¹ Goldblatt, *The Ball is Round*, s.698-699.

¹⁹² Goldblatt, *The Ball is Round*, s.698-699.

¹⁹³ Goldblatt, *The Ball is Round*, s.698-699.

¹⁹⁴ Goldblatt, *The Ball is Round*, s.698-699.

¹⁹⁵ Scraton mfl., «It's Still a Man's Game?», s.101.

ein spydspiss innan kvinnefrigjering.¹⁹⁶ I 1978 blei det arrangert offisielt noregsmeisterskap for første gong, og det norske kvinnelandslaget i fotball blei oppretta same år.¹⁹⁷ I 1987 blei det oppretta ein nasjonal landsserie for kvinner, og frå 1976 og fram mot tusenårsskiftet begynte tusenvis av jenter og kvinner å spele fotball.¹⁹⁸ I 1980 var det registrert 305 kvinnelag og 362 jentelag i NFF.¹⁹⁹ I 2002 hadde tala auka til 449 kvinnelag og 3502 jentelag.²⁰⁰

Det norske kvinnelandslaget: ei suksesshistorie

Den første turneringa landslaget deltok på etter opprettinga i 1978, var det nordiske meisterskapet, som allereie hadde eksistert i fleire år.²⁰¹ Den første landskampen til Noreg blei spelt mot Sverige, der resultatet blei eit 2-1-tap.²⁰² Den første sigeren kom året etter i 4-1-sigeren over Nord-Irland.²⁰³ Utover 1980-talet etablerte Noreg seg i verdstoppen, men det var først på 1990-talet at laget skulle bli meritterte.

1990-talet har blitt ståande som gullalderen for norsk kvinnefotball. Kvinnelandslaget vann VM-sølv i 1991 i det første offisielle verdsmeisterskapet for kvinner, EM-gull i 1993, VM-gull i 1995, OL-bronse i 1996 og OL-gull i 2000. Den første store bragda kom i 1995, då Noreg for første gong var best i verda. Noreg vann seks strake kampar på to veker og blei verdsmeistrar under meisterskapet som blei halde i Sverige i starten av juni. På 1990-talet hadde kvinnefotballen tre sterke haldepunkt på verdsbasis: Nord-Amerika, Kina og Nord-Europa.²⁰⁴ Dei største motstandarane var derfor USA, Kina, Sverige, Danmark og Italia. Noreg vann alle tre gruppespelkampane mot Nigeria, Canada og England, før dei slo

¹⁹⁶ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.85.

Skille, «Biggest but smallest: female football and the case of Norway», s.521.

¹⁹⁷ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.126.

¹⁹⁸ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.97.

¹⁹⁹ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.152.

²⁰⁰ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.152.

²⁰¹ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.90.

²⁰² Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.90.

²⁰³ Goksøyr, Olstad, *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*, s.90.

²⁰⁴ Goldblatt, *The Ball is Round*, s.698-699.

Danmark 3-1 i kvartfinalen, USA 1-0 i semifinalen og til slutt Tyskland 2-0 i finalen.²⁰⁵ Til saman scora Noreg 23 mål og slapp inn berre eitt mål på dei seks kampane.

På 2000-talet har ikkje kvinnelandslaget gjentatt vinnarsuksessen frå 1990-talet, men laget tok EM-sølv i både 2005 og 2013.²⁰⁶ Det første tiåret av 2000-talet var Noreg rangert blant dei ti beste landa i verda, men har i tida fram til i dag gradvis falle ut av topp ti-lista i takt med svakare meisterskapsresultat. Per 15.mars 2024 er Noreg rangert som nummer 16 på FIFA-rankinga over dei beste landa i verda i kvinnefotball.²⁰⁷ Kvinnelandslaget har likevel klart å kvalifisere seg til samtlege EM og VM på 2000-talet, i tillegg til OL i 2008.

Utviklinga i internasjonal kvinnefotball

Det har skjedd ei omfattande utvikling i kvinnefotballen sidan det norske VM-gullet i 1995. Spesielt dei siste ti åra har storlag i Europa oppretta, og begynt å satse på, eigne kvinnelag. Dei siste åra har òg publikumsinteressa vakse betrakteleg, og talet på tv-sjåarar og tilskodarar på tribunane har auka kraftig, spesielt i samband med internasjonale kampar og kampar av særskild tyding. Tilskodarrekorden i kvinnefotball på 91 553 tilskodarar blei sett i 2022 då Barcelona møtte Real Madrid i semifinalen i Champions League.²⁰⁸ Kvinnelaget til Arsenal er òg kjende for å ha ein stor tilhengarskare, og i mars selde dei ut Emirates Stadium for første gong før seriekampen mot Manchester United.²⁰⁹ Talet på tv-sjåarar har òg auka kraftig. VM-semifinalen mellom Australia og England var til dømes det mest sette programmet i Australia

²⁰⁵ Norges Fotballforbund, «Kampreferat av Norge - Canada - 10.06.1995», «Kampreferat av Norge - Danmark - 13.06.1995», «Kampreferat av Norge - England - 08.06.1995», «Kampreferat av Norge - Nigeria - 06.06.1995», «Kampreferat av Norge - Tyskland - 18.06.1995», «Kampreferat av Norge - USA - 15.06.1995».

²⁰⁶ Norges Fotballforbund, «Kampreferat av Tyskland - Norge - 19.06.2005», «Kampreferat av Tyskland - Norge - 28.07.2013».

²⁰⁷ FIFA, «Latest Women's World Ranking».

²⁰⁸ Boge-Fredriksen, «Graham Hansen scoret da det ble satt verdensrekord: – Måtte holde tårene tilbake» *VG*. 22.03.2022. <https://www.vg.no/sport/fotball/i/V93OKI/graham-hansen-scoret-da-det-ble-satt-verdensrekord-maatte-holde-taarene-tilbake>.

²⁰⁹ Emirates Stadium har ein total kapasitet på 60 704.

Holbrook, «Arsenal Women achieve back-to-back sell outs» *Arsenal*. 02.03.2024. <https://www.arsenal.com/news/arsenal-women-achieve-back-back-sell-outs>.

på 20 år, med 11,15 millionar tv-sjåarar.²¹⁰ I dag er kvinnefotball idretten med den raskast veksande tilhengarskaren i Europa, med 144 millionar, der det er estimert at talet vil doble seg innan 2033.²¹¹

3 Veggen til landslaget

I dette kapittelet skal eg analysere det spelarane fortel om vegen deira til landslaget, heilt frå barnefotballen og fram til uttak på A-landslaget. Eg vil analysere kva som bidrog til at spelarane nådde verdstoppen i sin idrett. Historikar Zachary M. Schrag peikar på at ein historiestudie av menneske er ein motsetnad til eit deterministisk menneskesyn.²¹² Eit nærliggande konsept innan historiestudie er derfor konseptet «agency» som kort fortald tyder at menneske er agentar i eige liv.²¹³ Menneske er sjølv med på å forme liva sine, innanfor dei rammene som er sette. På bakgrunn av dette skal eg undersøke kva spelarane fortel om val dei tok i oppveksten og rammefaktorar som til dømes rolla til familien, skulemiljø og idrettslag. Det er mange faktorar og kategoriar som kunne blitt undersøkt, men eg har, ut frå datamaterialet frå intervjuet, vald å fokusere på treningsmengd, uorganisert og organisert fotball, rolla til familien og ønsket om å bli god i fotball. Gjennom å analysere kva spelarane fortel at låg bak valet om å bli fotballspelar og kva rolle ulike faktorar i oppveksten spelte, kan ein avdekke både likskapar og ulikskapar i spelarane sin veg til uttaket til den norske VM-troppen i 1995.

Treningsmengd og fysisk aktivitet

Det første som skilde seg ut i intervjuet med spelarane, var at alle fortalde om ein barndom full av allsidig aktivitet og trening. Alle fortel dermed om ein aktiv barndom som inneheldt mykje fysisk aktivitet, både organisert og uorganisert. Linda Medalen minnest ein aktiv barndom, der ho var med på alt «som inneheldt ordet aktivitet».

²¹⁰ Moloney, «World Cup: Matildas score TV rating record in semi-final loss to England» *BBC*. 17.08.2023. <https://www.bbc.com/news/world-australia-66531590>.

²¹¹ UEFA, «Business Case for Women's Football.».

²¹² Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research*. Princeton, s.12.

²¹³ Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research*. Princeton, s.12.

Sju av ti informantar fortel på eige initiativ at dei i barndommen dreiv med fleire idrettar og aktivitetar, og ikkje berre fotball.²¹⁴ I alt nemner dei totalt elleve ulike idrettar og treningsformer: fotball, løping, styrketrening, symjing, friidrett, ski, terrengløp, skøyter, basketball, taekwondo og tennis. Dette viser at dei intervjuja spelarane dreiv med ei breidd av idrettar, både individuelle og lagidrettar, og at ein ikkje kan sjå tydelege teikn på at fotball skilde seg klart ut blant idrettane spelarane dreiv med i dei første aktive åra. Den aktive barndommen spelarane skildrar på 1960-, 1970- og 1980-talet,²¹⁵ fell saman med perioden frå 1967 til 1985 som historikarane Finn Olstad og Stein Tønnesson har kalla ein «idrettsrevolusjon» innan norsk idrett.²¹⁶ I perioden opplevde Noregs Idrettsforbund (NIF) ei firedobling i talet på medlemmar, der veksten særskild kunne sporast tilbake til fleire aktive barn, unge og kvinner i organisert idrett.²¹⁷ Ved starten av 1990-talet dreiv tre av fire norske barn med idrettsaktivitetar regelmessig og over halvparten under 17 år var medlem av eit idrettslag.²¹⁸ Det kan dermed verke som at spelarane var ein del av ein veksande idrettstrend, og vaks opp i ei tid der det blei vanlegare for både barn og kvinner å delta i organiserte idrettar. Ut frå svara spelarane gir om at dei var svært aktive og dreiv med fleire ulike aktivitetar og idrettar, kan ein likevel anta at spelarane sannsynlegvis var over gjennomsnittet aktive i barndommen. Kristin Sandberg fortel til dømes at ho fann «stor glede» i å gjere ulike ting og at ho kombinerte fotballspelinga med ski, basketball, friidrett og ein kort periode på taekwondo.

Sjølv om fleire av spelarane kombinerte fotball med andre idrettar, i nokre tilfelle heilt til vidaregåande alder, tok alle til slutt eit aktivt val om satse på fotball. Det er interessant å undersøke kva som låg bak det distinkte valet om å velje fotball, som for fleire av spelarane innebar å velje bort andre idrettar. Randi Leinan trekker fram at fotball var idretten ho brann

²¹⁴ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Gro Espeseth, Kristin Sandberg, Linda Medalen, Merete Myklebust, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund.

²¹⁵ Det er 14 års aldersforskjell mellom eldste og yngste informant, noko som gjorde at oppveksten til spelarane famna over tre tiår.

²¹⁶ Olstad, Tønnesson, *Norsk idretts historie Bind 2*, s.264.

²¹⁷ Frå 430 000 i 1967 til 1,6 millionar i 1985 (Olstad, Tønnesson, *Norsk idretts historie Bind 2*, s.245).

²¹⁸ St.meld. nr.41 (1991-1992), ss.13, 43.

Medlemskapa til barn og ungdom utgjorde i 1990 nesten ein tredjedel av det samla talet på medlemmar i Noregs Idrettsforbund (NIF). Spelarane er fødte mellom 1963 til 1977. Dette gjer at tala frå starten av 1990-talet omfattar nokre spelarar, spesielt dei yngste, men ikkje dei eldste.

mest for, blant anna sidan fotball er ein lagidrett som handlar om å få det beste ut av kvarandre og at ho treivst i miljøet. Det er tydelege likskapar i svaret til Leinan og funna Fasting gjorde i undersøkinga frå 2003 av årsaker til at kvinner spelte fotball. Fasting avdekte at eit godt sosialt miljø, fellesskap, kvinnelege lagvenninner, tilhøyrslø og det å lukkast saman var blant hovudårsakene. Informantane til Fasting la òg vekt på andre faktorar som at spelet var kjekt i seg sjølv.²¹⁹ Her blei det nemnd å score mål, handtere ballen og spelet, bruke kroppen og føle seg i god form.²²⁰ Dette fell saman med svaret frå Ann Kristin Aarønes som dreiv med ulike idrettar, men fortel at ho valde fotball sidan det var «kjekkast». Det same gjer Ingrid Sternhoff som alltid har syntest at fotball er «kjempekjekt» og Kristin Sandberg som syntest fotball var det «gøyaste» ho visste. Desse svara viser at spelarane fann glede i sjøve spelet, og at valet av fotball skuldast at dei syntest fotball var kjekkare enn andre idrettar. Svara til dei intervjuja spelarane styrkar dermed funna til Fasting om at gleda med spelet og aspekta ved lagidretten var sentrale årsaker til at jenter og kvinner valde å spele fotball.

Ein tydeleg likskap i svara til dei tidlegare landslagsspelarane, som heng tett saman med graden av fysisk aktivitet i barndommen, er at alle hugsar at dei trente mykje i barne- og ungdomsåra. Fleire peikar på at den allsidige aktiviteten, i tillegg til fotballspelinga, ga dei eit godt grunnlag og gjorde at dei tidleg var i god fysisk form.²²¹ Tina Svensson Grønlund fortel at ho ikkje kan hugse å ha gått glipp av ei einaste trening. Gro Espeseth er òg blant spelarane som nemner at ho alltid har likt å trene og at treningsmengda var stor i oppveksten. Ho minnest at ho kvart år på gymnaset valde gym i valfag for å kunne ha eigentrening, der ho kunne springe og trene styrke. Espeseth hugsar at ho på det meste hadde tolv økter i veka, ti økter i veka i sesongen. Treningsmengda spelarane nemner at dei hadde, viser at fotball og trening må ha hatt høgaste prioritet i livet til dei aller fleste spelarane.

Eit fleirtal av spelarane nemner òg at dei brukte mykje tid på eigentrening med ball.²²² Anne Nymark Rylandsholm hugsar at ho alltid har leika med ball, heilt frå ho var «bitte, bitte liten». Merete Myklebust fortel om ei systematisert eigentrening frå tidleg alder:

²¹⁹ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.159.

²²⁰ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.159.

²²¹ I intervju med Gro Espeseth, Merete Myklebust, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund.

²²² I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Kristin Sandberg, Linda Medalen, Merete Myklebust og Tina Svensson Grønlund.

Eg heldt på ved ein skulevegg. Det var timesvis med innside, utside og headeteknikk. Så eg brukte den skuleveggen mykje og trente på. Og det var jo berre nokre hundre meter frå der eg budde. [...]. Eg heldt på med kjegle, føring, vending og skot. Så det har vore mykje eigentrening.

Myklebust er langt frå åleine om å fortelje om mange treningstimar åleine med ball. Tina Svensson Grønlund fortel at ho heldt på mykje i hagen og stod og slo på garasjeveggen og at ho ofte gjennomførte ei øving der ho skulle treffe same punkt ti gonger på rad. Trass mange eigentreningstimar, kan ho likevel ikkje hugse at eigentreninga gjekk utover det sosiale utanom:

Eg gjekk ikkje glipp av noko. Eg hadde vener på skulen, eg var ute og hang på hjørnet og såg på kjekke gitar som køyrde forbi. [...]. Eg var ikkje nokon einstøing. Men då dei andre gjorde andre ting, stod eg med ballen. Det var berre sånn det var.

Det kjem ikkje fram om dei resterande spelarane opplevde at idretten gjekk på kostnad av det sosiale livet utanom idretten, men fleire nemner derimot at dei spelte fotball med vener og at dei gjennom idretten opplevde eit godt samhald. Det er dermed nærliggjande å tenkje at idretten ikkje avgrensa dei frå å vere sosiale, men heller var ein viktig sosial arena. Ingrid Sternhoff seier eksplisitt at «venene mine var dei eg spelte fotball med», noko som tydeleg viser at idretten var ein stad der spelarane var med vener. Det er dermed ingen funn som tyder på at den store treningsmengda gjekk på kostnad av det sosiale livet til spelarane. Tvert i mot, tyder svara på at dei fekk vener gjennom idretten og opplevde idretten som ein sosial arena i livet.

Uorganisert fotball og spel med gitar

Eit tydeleg funn i kartlegginga av fotballspelinga i oppveksten til spelarane, er betydninga av uorganisert fotball. Alle spelarane svara at dei frå tidleg alder begynte å spele fotball uorganisert på «løkka», i gata og i friminutta på skulen. Dette fell saman med funna i studien til Scraton mfl. frå 1999, der dei norske, tyske og engelske informantane i studien svara at dei starta å spele fotball i nabolaget og i parkar då dei var mellom fire og seks år.²²³ Informantane til Scraton mfl. påpeikte òg at betydninga av den uorganiserte fotballen på fritida var

²²³ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.102.

signifikant sidan det var der dei starta å spele fotball.²²⁴ Dette er det òg fleire av dei intervjuarane i denne studien som presiserer. Merete Myklebust fortel at det ikkje var jentelag i starten av fotballkarrieren hennar, men at ho spelte mykje uorganisert fotball på skulen og på fritida. Gro Espeseth skildrar at løkkefotball var ei av drivkreftene bak at ho begynte med klubbfotball. Dette indikerer at løkkefotball, fotballspeling i nabolaget og på skulen var viktige arenaar tidleg i fotballkarrieren for alle spelarane som seinare blei toppspelarar.

Eit like tydeleg funn er at alle dei intervjuarane fortel at dei spelte uorganisert fotball med gutar. Både i friminutta på skulen og i gata eller på løkka på fritida, var eit stort overtal av dei som spelte, gutar. Kristin Sandberg skildrar tida som at det var «eg og gutta» som spelte fotball. Det er merkbart at ingen av spelarane eksplisitt nemner i intervjuarane at dei skulle ønskt at det var fleire jenter som spelte fotball på «løkka» og i friminutta, og ingen skildrar utfordringar med den uorganiserte fotballspelinga med gutar. Tvert i mot, kan det verke som at det ga dei ei viss anerkjenning og status i det sosiale miljøet, noko Anne Nymark Rylandsholm gir ein peikepinn på:

Eg fekk alltid tilbakemelding på at eg kunne spele fotball. Så gutar hadde aldri problem med å ha meg med på laget. Det var litt sånn 'Anne tar me først'. Og eg har eigentleg alltid likt å vere i gutemiljø og vere med gutar.

Heidi Støre skildrar òg korleis ho fekk innpass i det gutedominerte miljøet i gata frå 4-5-årsalderen:

Og i den gata eg vaks opp i, i eit lite byggefelt, var gutane ute i gata og spelte. Og så blei eg med, og fekk lov å vere med, og blei akseptert på lik linje med alle andre som var der.

Skildringa viser tydeleg at det uorganiserte fotballmiljøet første og fremst var eit gutedomene. Utsegnene viser likevel at dei komande landslagsspelarane tidleg fekk innpass i dei uorganiserte, gutedominerte fotballmiljøa på skulen og på fritida. Det er dermed ingen døme på at informantane opplevde at dei var *den andre* i forhold til dei jamaldrande gutane dei spelte fotball saman med. At fleire av spelarane fekk innpass i det gutedominerte fotballmiljøet på skulen og fritida, og opplevde aksept og anerkjenning for deltakinga i

²²⁴ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.102.

miljøet, samsvarar òg med funnet til Scraton mfl. om at Noreg var det landet der kvinnefotball var minst kulturelt marginalisert.²²⁵ Ein kan likevel ikkje konkludere med at den gutedominerte løkkefotballen var open for alle jenter og at alle jenter følte seg inkludert, akseptert og anerkjend. Spelarane som har delteke i både denne studien og studien til Scraton mfl. var, eller blei, toppspelarar som frå tidleg alder hadde gode fotballferdigheiter. Grønlund trekker til dømes fram at ho fekk spele på skulelaget som einaste jente med grunngivinga at «du har teknikk som ein gut, du kan dempe ein ball». Grønlund hugsar dermed teknikken og ballferdigheitene blant årsakene til at ho blei akseptert som fotballspelar av gutane. Skogvang (2006) fann i undersøkinga si av kvinnelege toppfotballspelarar at dei blei godtatt som «en av gutta» i barndommen sidan dei var gode nok i fotball.²²⁶ Utsegna til Grønlund indikerer at ferdigheitene til jentefotballspelarar blei målt ut frå nivået til gutane. Det har derfor, med stort sannsyn, vore lettare for spelarane i denne undersøkinga og i dei nemnde studiane, med vesentlege ballferdigheiter, å få innpass enn for andre jenter utan dei same ferdigheitene. Sjølv om ingen av spelarane uttrykker negative minne knytt til at dei som jenter var i klart mindretal og blei målt ut frå fotballferdigheitene til gutane, vitnar dette om hegemonisk maskulinitet i dei uorganiserte fotballmiljøa informantane var ein del av.

Det er òg skilnader i nokre av funna til Scraton mfl. og funna i denne studien. Dei fire forskarane avdekte at fleirtalet av informantane deira kategoriserte seg som «tomboys», «gutejente» på norsk.²²⁷ I intervjuet med spelarane frå den norske VM-troppen i 1995 er det berre éin, Linda Medalen, som definerer at ho var «gutejente» i barndommen. Ann Kristin Aarønes beskriv òg at den uorganiserte fotballspelinga ga ho eit noko atypisk jentepreg:

Eg var ikkje den typiske jenta då. Eg var stort sett med gitar, og eg gjekk i holete dongeribukser fordi eg slengde meg på fotballbanar.

Aarønes presiserer likevel at ho følte seg «normal» og «lik dei andre» jamaldrande jentene, og det er heller ingen av dei andre spelarane som nemner at dei følte seg annleis enn andre jenter, trass at dei brukte mykje tid på å spele fotball med, og vere saman med gitar. Det er dermed ein signifikant skilnad i svara frå spelarane, med unntak av Medalen, og svara frå

²²⁵ Av dei undersøkte landa Noreg, Tyskland, England og Spania.

Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.106.

²²⁶ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.184.

²²⁷ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.104.

informantane i studien til Scraton mfl. Det kan vere fleire årsaker til at det ikkje er samanfall av funna i studiane. Det kan hende at dei ulike svara er eit resultat av individuelle skilnader mellom informantane i studiane. Sidan informantgruppene er ulike, er det slik sett ikkje usannsynleg med ulikt tal på informantar som karakteriserer seg som «gutejente» i barndommen. Det er likevel sannsynleg at andre forhold òg spelar inn sidan skilnadane er betydelege. Medan Scraton mfl. gjennomførte ein samtidsstudie, er dette ein historisk studie. Det er derfor ikkje utenkeleg at minna er endra eller at svara frå dei intervjuja spelarane er prega av kjønnsdebatten som har vore i fokus dei seinare åra. Ei forklaring kan dermed vere at ideen om kva det vil seie å vere jente, og dermed òg «gutejente», er endra frå korleis synet var på å vere jente og «gutejente» på 1990-talet. Ein kan derfor anta at utsegnene til informantane i denne undersøkinga på dette området er påverka noko av notidas tenkjemåtar angående kjønn.

Organisert klubb fotball

Når det gjeld organisert fotball, oppgir dei fleste at dei starta med klubb fotball då dei var mellom 9 og 12 år. Eit unntak er Ingrid Sternhoff som budde i USA frå ho var to til sju år, og som hugsar og ha starta med klubb fotball noko tidlegare enn dei andre spelarane. Fem²²⁸ av spelarane spelte på reine jentelag, medan dei fem²²⁹ andre fortel at dei starta fotballkarrieren på gutelag som følgje av fråvær av jentelag. Dette samsvarar med liknande funn som viser at det ikkje fanst jentelag alle stader, spesielt dei første åra i barne fotballen.²³⁰ Dette førte til at fleire av dei spelte på gutelag fram til dei var i 12-14-årsalderen.²³¹ Medan tre²³² av spelarane fortel at dei tidleg bytta over til jentelag, spelte Heidi Støre og Linda Medalen på gutelag fram til dei var 14 og 16 år. Medalen hugsar at ho var den einaste jenta som spelte på gutelaget:

[E]g hugsar frå nokre kampar at viss eg hadde scora, så kunne dei oppdage midt i kampen, eller seinare i kampen at eg var jente. Så det hugsar eg at var sånn 'herregud, ei jente, korleis går det

²²⁸ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Ingrid Sternhoff, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund

²²⁹ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Heidi Støre, Kristin Sandberg, Linda Medalen og Merete Myklebust.

²³⁰ Pfister, «Assessing the sociology of sport: On women and football,», s.103.

²³¹ Pfister, «Assessing the sociology of sport: On women and football,», s.103.

²³² Ann Kristin Aarønes, Merete Myklebust og Kristin Sandberg.

an?'. Eg var den einaste jenta som var med desse her folka. Det var eigentleg ikkje før eg tilfeldigvis spelte mot Sunde, at eg trefte Anette Eriksen som er eitt år yngre enn meg. Det var først då eg visste at det var andre jenter som spelte.

Medalen fortel vidare at ho ikkje brydde seg om at ho var den einaste jenta, og at ho blei «inspirert» av å spele med «eldre gitar som var flinke». Heidi Støre minnest tida då ho spelte på gutelag med som «ei veldig, veldig fin tid» og at ho opplevde det som naturleg at ho var ein del av laget. Ho fortel at ho ønskte å spele lenger med gutane, men at ho ikkje fekk lov til å halde fram med gutane då ho blei 14 år.²³³

Eg ville gjerne spelt vidare i Råde, for det er heimkommunen min og bygda mi der eg kom frå. Plutselig måtte eg skifte klubb, for eg fekk ikkje lov å gå vidare og spele på gutelaget. Så eg blei faktisk nøydd til å skifte. Heldigvis hadde Sprint i Moss eit damelag så eg kunne gå dit. Men hadde ikkje dei vore der, så veit eg ikkje kva eg hadde gjort.

Medan Scraton mfl. fann at fleire av spelarane i studien hadde vore med på å opprette egne jentelag, er det ikkje tilsvarande funn i denne studien.²³⁴ Ingen av spelarane skildrar at dei eller foreldra deltok aktivt i arbeidet i å opprette jentelag. Støre beskriv heller eit ønske om å spele vidare med gutane, og nemner ikkje noko behov for, eller ønske om, å spele på jente- eller kvinnelag. Slik sett skil funna i denne studien seg noko frå funna til Scraton mfl.

Fasilitetar

Fasilitetar er ein viktig rammefaktor innan organisert klubb fotball sidan det inneber naudsynt utstyr som ballar, kjepler og tilgang på garderober. Fasilitetar inneber òg sjølve fotballbanen som laget trener på. Omgrepet kan dermed summerast opp som alle arealområde og alt utstyr eit lag har til disposisjon i klubbkvardagen. Det er ingen som nemner manglande utstyr i

²³³ Praksis var at jenter kunne spele med gitar fram til 12-årsalderen, men at det seinare måtte bli søkt om dispensasjon. Støre fortel at ho «visstnok» kunne ha søkt om kompensasjon, men at ho ikkje var «klar over det den gongen». Ho trekker fram at dersom ho hadde kjent til ordninga, hadde ho «nok forsøkt å forlenge opphaldet i Råde med kanskje ein sesong». Først i 1996 gjorde forbundstinget eit einestående vedtak som slo fast at jenter kunne spele på alle gute- og herrelag. I 2006 var Noreg framleis det einaste landet i verda med ein slik regel. (Skogvang. *Toppfotball- et felt i forandring*, s.62-65).

²³⁴ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.103.

treningskvardagen, men det er fleire som nemner varierende baneforhold. Det veksande talet på aktive fotballspelarar på 1970- og 1980-talet førte til eit auka behov for banar, utstyr og garderober. Éi av dei viktigaste årsakene til den sterke veksten, var at NFF tillet organisert jente- og kvinnefotball i 1976 og at det allereie i 1980, fire år etter, var registrert 305 kvinnelag og 362 jentelag i NFF.²³⁵ Sjølv om det i oppbygginga av idretts-Noreg dei første tiåra etter andre verdskrigen først og fremst blei bygd fotballbanar og kombinerte fotball- og friidrettsbanar,²³⁶ tyder skildringar frå dei intervjuja spelarane at banekapasiteten i klubbane ofte ikkje var tilstrekkeleg. Ann Kristin Aarønes fortel blant anna at då ho kom til Trondheims-Ørn, spelte dei på «nokre dårlege grasbanar og små felt». Spelarane skildrar varierende fasilitetar og baneforhold i klubbfotballen i barne- og ungdomsåra. Fleire nemner dårlege grusbannar, krevjande vinterforhold og grasbanar som varierte frå fine grasmatter til noko som likna meir på «humpete åkrar».²³⁷ Likevel er det ingen som nemner baneforholda som ei direkte hindring. Gro Espeseth hugsar at det handla om mental innstilling:

Det var grusbannar. Om vinteren var det snø på banen, men eg tenkte 'jaja', eg får gjere det beste ut av det. Banen blei måka innimellom, men det var ikkje alltid det. Men eg tok det som ei utfordring, i staden for å tenkje at det var elendige treningsforhold. Så det hadde litt med innstilling å gjere.

Slik blir det òg hugsa av Heidi Støre:

Eg hadde ikkje vondt av det. Å spele på snøbanar der det nyleg hadde snødd og var 20-30 centimeter snø. Det blei ei fysisk økt utan like. Det var knalltrening. Det blei ikkje så veldig bra fotballteknisk og taktisk trening, men det var ei fysisk trening. Det gjer noko med deg mentalt. Du toler ein støyt.

Sjølv om spelarane er unisone i at baneforholda var varierende og tidvis dårlege, har spelarane ulike minne knytt til om forholda var like for alle i klubben eller om dei tidvis dårlege forholda var eit resultat av at jente- og kvinnelag var nedprioritert i klubben. Ann Kristin Aarønes hugsar frå tida i barndomsklubben Spjelkavik at alle laga trente på éin

²³⁵ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.152.

²³⁶ Goksøyr, *Historien om norsk idrett*, s.121.

²³⁷ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Gro Espeseth, Heidi Støre, Ingrid Sternhoff og Randi Leinan. (Direkte sitat: Heidi Støre).

grusbane og at forholda dermed var like for alle lag. Ingrid Sternhoff hugsar derimot frå oppveksten i Haugesund at jentelaga blei nedprioritert:

Me var ikkje prioritert på dei gode banane i det heile tatt. [...]. Det var ikkje 'ein given' at det skulle fordelast likt.

Det er nærliggande å tenkje at det veksande talet på aktive fotballspelarar og lag bidrog til at klubbane ikkje alltid hadde god nok banekapasitet til laga sine, og heller ikkje tilstrekkeleg banekvalitet på alle banane klubbane disponerte. Ut frå skildringane til dei intervjuja spelarane kan det verke som at dette kunne gå utover fleire av både gute- og jentelaga i klubbane deira. Nokre hugsar likevel utfordringar knytt til bane- og treningstider seinare i karrieren. Gro Espeseth hugsar frå tida i Sandviken at det var «mykje klinsj på årsmøter» og at fleire i «styre og stell» ikkje likte at kvinnelaget til Sandviken, som spelte i ein høgare divisjon enn herrelaget, fekk fleire og betre treningstider enn herrelaget. Aarønes hugsar frå tida i Trondheims-Ørn, som var ein rein kvinneklubb, at lagvenninnene og ho snakka om at dei var «glad for at me ikkje må drive og krangle med eit herrelag om kven som skal få trene når og kor». Dette tyder på at fleire kvinnelag opplevde motstand i eigen klubb, og at dette var ei kjend utfordring sidan Aarønes og lagvenninnene var glade for at dei slapp denne utfordringa. Opplevingane til dei intervjuja spelarane er prega av situasjonen i eigne klubbar, men er likevel ein tydeleg indikator på at den sprengde banekapasiteten i enkelte klubbar gjekk hardast utover jente- og kvinnelaga.

Rolla til familien under oppveksten

Familie er ein sentral rammefaktor for alle menneske i oppveksten. Kva familie ein veks opp i, bidreg i stor grad til å forme ein som person. Å undersøke kva rolle spelarane fortel at familien hadde for fotballspelinga deira kan derfor bidra til ei større forståing av spelarane sin veg til landslaget.

Det er fleire som nemner familiemedlemmar som var engasjerte i fotball. Ann Kristin Aarønes fortel at ho hadde «ein ivrig far» i fotballmiljøet, som både var fotballtrenar og var med i «styre og stell». Ingrid Sternhoff legg vekt på at ho kjem frå ein «fotballfamilie» og Merete Myklebust nemner òg at ho kjem frå ein «fotballinteressert familie». Det er dermed fleire døme på at nokre av spelarane kom frå familiar der fotball spelte sentrale roller i kvardagen. Det er påvist at bakgrunnen og utdanninga foreldre har, påverkar fleire aspekt ved

livet til barna.²³⁸ Når fleire spelarar trekker inn at dei kjem frå ein fotballinteressert familie, må ein kunne anta at interessa til foreldra og familien òg kan ha hatt ein innverknad på interessa dei sjølv utvikla for fotball. Det er likevel ikkje slik at alle barn som veks opp i fotballinteresserte familiar sjølv oppnår eit engasjement for idretten. Ein kan dermed ikkje fastslå om fotballinteressa til familien spelte ei avgjerande rolle for fotballkarrierane til spelarane.

Det er likevel teikn på at familien var viktige pådrivarar for fotballkarrierane til spelarane, i form av å vere gode støttespelarar. Fleire trekker fram, fleire på eige initiativ, at dei fekk god støtte og oppfølging frå foreldra, noko som indikerer at god støtte frå heimen var viktig for fleire av spelarane.²³⁹ Halvparten trekker òg fram éin eller fleire eldre brør som var sentrale i å introdusere dei for fotball og idrett.²⁴⁰ Linda Medalen trekker fram at broren spelte ei sentral rolle som pådrivar for hennar fotballspeling:

Eg har ein bror som er tre år eldre, og han spelte fotball, og då blei det naturleg at eg var med han. Så det starta eigentleg med påverknad frå broren min som begynte å spele. [...]. Broren min var barnevakt, så eg hang med han når mor var på jobb.

Merete Myklebust nemner òg at ho hadde ein eldre bror som «pusha» ho på trening. Ho fortel om «mange fysiske løpeøkter der det ikkje var snakk om å ta ein joggetur, men å springe alt du kan» og at broren alltid tok tida. Myklebust nemner òg, i likskap med Randi Leinan, at dei spelte løkkefotball med ein eldre bror og at dei heilt i starten berre fekk vere ballhentarar, men at dei etter kvart fekk vere med å spele. Leinan skildrar at «me har ledd litt av det etterpå, at det var eg som kom lengst». Tina Svensson Grønlund nemner brør som triksa med tennisballar i kjellarstova, noko som førte til at ho òg gjorde det og Ann Kristin Aarønes nemner at ho var med og såg på fotballkampane til broren sin Det kan derfor verke som at

²³⁸ Til dømes i statistikkane til Statistisk sentralbyrå: «13728: Gjennomføring i vidaregåande opplæring, etter fullføringsgrad, kjønn, foreldrenes utdanningsnivå og husholdningsinntekt (kvintilfordelt) 2013-2019 - 2016-2022».

²³⁹ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Merete Myklebust, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund.

²⁴⁰ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Linda Medalen, Merete Myklebust, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund.

spelarane som hadde eldre brør, blei påverka i betydeleg grad av dei, og at dei spelte ei viktig rolle i å introdusere systrene sine for fotball og trening.

Det var derimot ikkje slik at alle spelarane hadde familiemedlemmar som introduserte dei for fotball i oppveksten. To spelarar nemner at dei møtte motstand i heimen sidan dei hadde lyst til å begynne å spele organisert fotball. Gro Espeseth møtte motstand frå foreldra, som frykta at ho skulle skade seg, og som heller ønskte at ho skulle begynne med friidrett. Anne Nymark Rylandsholm fortel at ho måtte krangle med faren for å få lov til å begynne å spele fotball. Dette viser at haldningane foreldra hadde knytt til fotball, ikkje nødvendigvis førte at barna tok val i samsvar med ønska frå foreldra. Både Espeseth og Rylandsholm fortel likevel at foreldra var støttande heile fotballkarrieren etter at dei fekk lov til å begynne med fotball. Espeseth fortel til dømes at faren sat fleire år i styret medan ho var i Sandviken. Tina Svensson Grønlund fortel òg om god støtte frå heimen, men reflekterer likevel over at ho langt i frå meiner det er ein fasit på korleis unge jenter blir framtidige landslagsspelarar:

Alt var lagd til rette for meg. Eg kom heim og dei køyrde meg kor som helst. Veldig bortskjemd. Kleda var alltid vaska, bagen var ferdig pakka og klar. [...]. Men det er jo andre som er heilt motsett også, som kanskje ikkje har hatt som foreldre som har stilt opp. [...]. Og det trur eg er den største feilen me gjer; at me trur at den måten me blei gode på, er den rette måten for alle. Men det er så mange måtar.

Sjølv om det var fleire ulike faktorar bak, og ulike vegar til, suksessen som fotballspelar, er det likevel tydelege teikn på at støtte og oppfølging frå foreldre, samt eldre brør som pådrivarar eller viktige i å introdusere systrene sine for fotball og idrett, spelte ei sentral rolle for at mange av dei framtidige landslagsspelarane begynte, og heldt fram med, fotball. At spelarane særskild nemner brør og fedrar, og ikkje systrer og mødrer, vitnar òg om den hegemoniske maskuliniteten i fotballen og at brør og fedrar bidrog til å gi spelarane innpass i idretten.

Ønsket om å bli, og kvifor dei blei, gode i fotball

Uavhengig av kva rammefaktorar som var viktige for å bli så god i fotball at spelarane nådde landslagsnivå, er ønsket om å bli god, og det at dei faktisk blei gode, sentralt for alle. I spørsmålet om korleis dei blei gode i fotball, er spelarane tilnærma unisone i at indre driv og eigen motivasjon var den viktigaste faktoren til at dei starta, og heldt fram med, å spele

fotball. Anne Nymark Rylandsholm, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund er blant dei som nemner indre driv som viktig for at dei enda opp som fotballspelarar på landslaget. Grønlund skildrar at ho trur «alle som har blitt gode har hatt ein indre driv som du ikkje kan seie kva er, den berre er der.». Skildringane av den indre driven er noko diffus, og spelarane går ikkje nærmare inn på kva dei legg i omgrepet. Grønlund er sjølv klar på at det er vanskeleg å sette ord på kva indre driv inneber. Ein kan derimot finne forskning på motivasjon og indre driv som forklarar omgrepa og som kan bidra til å forklare kvifor spelarane hugsar dette som dei viktigaste faktorane i korleis dei blei gode som fotballspelarar. Psykologane Stuart Biddle og Nanette Mutrie forklarar omgrepet motivasjon ved at det er drivkrafta som gir retning og intensitet til handlingane våre.²⁴¹ Dette inneber både kva handlingar ein vel å utføre, kor ofte og iherdig ein gjer dei, og i kva grad ein klarer å leggje ned nødvendig innsats i handlingane over tid. Denne forklaringa av motivasjon og driv kan til dømes forklare kvifor Gro Espeseth på det meste trente tolv økter i veka. Det utelukkar likevel ikkje at spelarane i periodar kan ha vore motiverte at ytre faktorar og at motivasjonen bak ei slik treningsmengd kan ha variert noko, men det er stort sannsyn for at spelarane måtte vere indre motiverte for å klare å halde oppe intensiteten og treningsmengda over fleire år. Derfor kan ein, ut frå dette resonnementet, seie at spelarane med stort sannsyn har rett i at motivasjon og indre driv var blant dei aller viktigaste faktorane til at dei blei gode i fotball.

Dei fleste skildrar òg at dei var den einaste, eller éi av få jenter, som spelte fotball frå tidleg alder. Dette styrkar påstanden om at indre driv og motivasjon var ein sentral faktor bak den seinare suksessen sidan dei aktivt måtte ta eit anna val enn ein del andre jamaldrande jenter, som ikkje spelte fotball.

Anne Nymark Rylandsholm trekker òg inn kombinasjonen av talent, trening og idrettsglede som ei årsak til at ho blei god i fotball:

Eg har alltid vore eit balltalent. Og alltid likt å trene. Og kombinasjonen der er jo positiv, tenkjer eg. Fordi eg var dedikert og ønskte å nå langt. Eg ønskte å bli best mogleg og halde på med noko eg syntest var kjekt, sjølv sagt.

²⁴¹ Stuart J. H. Biddle, Nanette Mutrie, *Psychology of Physical Activity: Determinants, well-being and interventions*, (New York: Routledge, 2008), s.40.

Gro Espeseth trekker på si side fram at ho ikkje var eit balltalent, men eit treningstalent som ikkje ga seg og dreiv på mykje med ball på eiga hand. Ho skil seg klart frå Ingrid Sternhoff som på si side hevdar at ho sjølv nok var eit større talent enn treningsprodukt, men at det var kjekt å trene sidan det var lystprega.

Fire spelarar trekker òg fram at dei blei gode sidan dei spelte mykje uorganisert fotball med gitar på skulen og på løkka.²⁴² Heidi Støre, som spelte med gitar til ho var 14 år, peikar på at perioden med gutane ga ho «den riktige ballasten og bakgrunnen». Linda Medalen nemner òg mykje uorganisert fotball med eldre gitar, som gjorde at ho måtte ta steg som fotballspelar. Kristin Sandberg seier at det er mange moglege svar på korleis ho blei god, og trekker inn samtlege av dei nemnde faktorane ovanfor:

Og då var det berre eg som var jente, men eg hugsar at eg syntest det var veldig gøy å spele fotball. Så det var det som var 'driven' i det, at eg synest det var veldig artig. [...]. Det starta med at eg synest fotball var veldig gøy, og spelte med gitar, som ofte er fysisk litt tøffare enn jenter. [...]. Og så gjorde eg vel alt då, for å få spelt fotball, for eg hugsar at me var veldig mykje på løkka og spelte mykje fotball når me hadde fri. [...]. Og så var eg desidert best av alle der på den litle plassen eg vaks opp. Så eg trur det eine tok det andre litt etter kvart. Eg trur at kjensla av å meistre noko er veldig god, og å vere fysisk aktiv og etter kvart ha eit mål om å bli betre og bli god. [...]. Så eg trur at den treningsiveren og den kjensla av at det var det artigaste eg visste, dreiv det veldig fram, heile vegen eigentleg.

Det kan dermed verke som at indre driv og eigen motivasjon var dei fremste drivkreftene bak ønsket om å bli god i fotball. Det kan òg sjå ut til at gleda med å spele fotball og kombinasjonen av mykje trening og aktivitet, både uorganisert med gitar, eigentrening og organisert med klubbslag, førte til at dei blei gode i fotball, og betre enn andre jamaldrande jenter.

Vegen til landslaget

Avslutningsvis i dette kapittelet skal eg gjere greie for korleis spelarane blei tatt ut på A-landslaget. I intervjuet av spelarane kom det fram ulike vegar til uttak på A-landslaget. For seks av spelarane var vegen til A-landslaget stegvis. Blant dei eg intervjuet var det dermed vanlegast å vere innom både krets- og dei ulike U-landslaga, før dei blei tatt opp på A-

²⁴² I intervju med Ann Kristin Aarønes, Heidi Støre, Linda Medalen og Kristin Sandberg.

landslaget. Både Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Ann Kristin Aarønes, Merete Myklebust, Ingrid Sternhoff og Kristin Sandberg spelte på kretslandet, J16-landslaget og U-20-landslaget, før dei til slutt blei tatt ut på A-landslaget. Av desse nemner fire av dei ei årleg kretslandsturnering på Elverum som eit viktig utstillingsvindaug for uttak til J16-landslaget.²⁴³ Kristin Sandberg minnest at namna på dei som blei tatt ut på J16-landslaget, deriblant hennar, blei ropt opp over høgtalaren etter turneringa, noko som understreker viktigheita av turneringa. Tina Svensson Grønlund og Randi Leinan debuterte derimot på A-landslaget i midten av 20-åra (25 og 24 år) og var derfor aldri innom U-landslag. Begge debuterte dermed i det dei skildrar som «vaksen alder» og fortel om særskilde ferdigheiter som årsaker til at dei blei tatt ut på A-landslaget; Tina Svensson Grønlund legg vekt på at ho var rask og Randi Leinan fortel at ho var toppscorar i serien i 1993, året ho blei tatt ut på A-landslaget. Linda Medalen debuterte òg rett på A-landslaget etter først å ha vore innom kretsland. Heidi Støre skil seg noko frå dei resterande informantane sidan ho debuterte direkte på A-landslaget som 17-åring så tidleg som i 1980, då det ikkje fanst U-landslag. Ho hadde dermed spelt på landslaget i over eitt tiår før fleire av dei andre spelarane debuterte på A-landslaget. Støre fortel at ho spelte seniorfotball frå ho var 14 år og at ho dermed spelte på dei arenaane der landslagsleiinga var. Dei ulike vegane til landslaget viser at det ikkje var éin konkret måte å ende opp som landslagsspelar. Likevel viser fleirtalet av spelarar som stegvis var innom kretsland, U-landslag og til slutt A-landslag, i tillegg til Heidi Støre som debuterte som 17-åring, at eit fleirtal av dei intervjuja spelarane tidleg skilde seg ut som blant dei beste i sine årskull.

Samandrag

I dette kapitlet har eg kartlagd og analysert val dei intervjuja spelarane tok i oppveksten som sannsynlegvis bidrog til at dei blei gode fotballspelarar, og rammefaktorar som spelte inn i dei tidlege åra av fotballkarrieren til spelarane. Det er mange påfallande likskapar i spelarane sin veg til landslaget. Dei var allsidige i oppveksten og dreiv med ulike idrettar ved sida av fotballspelinga som ga dei eit godt grunnlag. Spelarane fortel òg om store treningsmengder, noko som tydeleg viser at dei var svært treningsvillige, både med og utan ball. Halvparten trekker òg, på eige initiativ, fram viktigheita av støtte frå foreldre i oppveksten, og fire av spelarane fortel om éin eller fleire eldre brør som spelte ei viktig rolle i samband med trening og fotball. Den kanskje fremste likskapen mellom oppvekstane til spelarane er at alle har vore

²⁴³ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Ingrid Sternhoff, Kristin Sandberg og Merete Myklebust.

aktive i, og fått innpass i, uorganiserte og gutedominerte fotballmiljø på skulen og på fritida. I samband med fotballspeling med gutar, enten organisert eller uorganisert er det få teikn på at dei som jenter følte seg annanrangs, som *den andre* eller mindre anerkjend enn gutane i fotballmiljøet. Det er likevel indikasjonar på at jente- og kvinnelag blei nedprioriterte i klubb fotballen ved å få dårlegare baneforhold og dei gutedominerte uorganiserte fotballmiljøa vitnar om hegemonisk maskulinitet i fotballen, allereie i barnefotballen. Det er mange likskapar i analysen av dei ytre rammefaktorane i oppveksten til spelarane, men det er òg ein tydeleg likskap i kvifor spelarane valde å halde fram med fotball. Svarea er tilnærma identiske og spelarane legg vekt på indre driv og motivasjon, kombinert med at fotball var idretten dei treivst mest med. Det er likevel fleire ulikskapar i oppveksten til spelarane, og ein kan dermed ikkje peike på éi «suksessoppskrift» som førte til at dei blei landslagsspelarar.

4 Landslags- og klubb fotball på 1990-talet og fotball-VM i 1995

I dette kapitlet skal eg undersøke og analysere kva spelarane fortel om tida som landslagsspelarar og som aktive utøvarar i klubb fotballen på 1990-talet. Eg kjem særskild til å leggje vekt på kva informantane fortel om fotball-VM i 1995, då Noreg for første gong var best i verda. I samband med dette skal eg òg undersøke kva årsaker spelarane og trenar Even Pellerud sjølv trur bidrog til at dei blei verdsmeistarar. Knytt til meisterskapet skal eg òg studere korleis informantane opplevde rolla til media og mediemerksenda spelarane fekk under meisterskapet.

Sidan det norske kvinnelandslaget ikkje berre var suksessrike i VM i 1995, men heile 1990-talet, er det verd å undersøke korleis spelarane hugsar tida på landslaget frå heile tiåret, og ikkje berre frå 1995. Tiåret har blitt ståande som det ein kan kalle ein gullalder i norsk landslagsfotball. Kvinnelandslaget vann VM-sølv i 1991, i det første offisielle verdsmeisterskapet for kvinner, EM-gull i 1993, VM-gull i 1995, OL-bronse i 1996 og OL-gull i 2000. Spelarane og trenar Even Pellerud fortel at landslaget på 1990-talet hadde ein stad mellom 80 og litt over 100 samlingsdøgn i året. Tala dei oppgir varierer med andre ord noko, men tala viser uansett at landslaget totalt var samla opp mot ein firedel av året, noko som gjer det verd å dokumentere korleis informantane minnest samlingane og tida dei var saman.

Trass suksessen, stod norsk kvinnefotball svakare i samfunnet på 1990-talet enn posisjonen idretten har i dag. Informantane fortel at dei færraste i klubb fotballen hadde kontraktar som

tillett dei å utelukkande fokusere på fotballkarrieren i kvardagen, det var i gjennomsnitt få tilskodarar på kampane og mediedekninga av seriekampane var nesten ikkje-eksisterande på nasjonalt nivå. Nesten alle spelarane studerte fulltid eller arbeidde i 100 prosent stilling ved sida av fotballspelinga.²⁴⁴ Når ein studerer økonomiske aspekt ved, og haldningar til, norsk kvinnefotball på 1990-talet under eitt, er det dermed lite som tydar på at det på dei områda var snakk om nokon gullalder. Det er dermed òg relevant å undersøke korleis spelarane opplevde haldningane til idretten dei sjølv utøvde og om dei hugsar å ha opplevd negative hendingar på bakgrunn av kjønn.

Landslagsfotball på 1990-talet

Det eg sit att med er i utgangspunktet berre positivt. Det var jo på ein måte gullalderen. Me hevda oss, me spelte på det me var gode på, og me fekk gode resultat ut frå det. Og så var det ein unik gjeng å spele med. Ei veldig fin gruppe, heile 90-talet eigentleg.²⁴⁵

1990-talet har, som Anne Nymark Rylandsholm refererer til, blitt ståande som gullalderen i norsk fotball. Skildringane til informantane av tida på landslaget på 1990-talet er i hovudsak positive. Både Ingrid Sternhoff, Ann Kristin Aarønes og Randi Leinan bruker orda «veldig kjekt/gøy» i skildringa av perioden. Fleire skildrar òg ressursane og dei materielle vilkåra på landslaget på 1990-talet i positive ordlag.²⁴⁶ Landslagsopphalda blir skildra som profesjonelle og dei hugsar ikkje at dei mangla noko. Heidi Støre minnest òg tida på landslaget på 1990-talet og kampane dei spelte då som «veldig gøy». Støre, som debuterte på A-landslaget i 1980 og som dermed var ein del av landslaget i tiåret før, samanliknar tiåra for å illustrere korleis forholda blei betre på 1990-talet og kvifor det var «gøy» på 1990-talet. Ho skildrar forholda på landslaget på 1980-talet som vesentleg dårlegare enn tiåret etter. Støre fortel at dei kvinnelege landslagsspelarane på starten av 1980-talet ikkje fekk kompensasjon for tapt arbeidsforteneste som følgje av landslagssamlingane, men at dette kom mot slutten av 1980-talet etter «ein liten aksjon» frå spelarane. Ho skildrar òg at fasilitetane betra seg på 1990-talet, at talet på kampar auka utover tiåret, at det var ein del merksemd rundt landskampane og

²⁴⁴ Tina Svensson Grønlund var eit unntak: ho hadde ein arbeidsgivar som la til rette, noko som gjorde at ho arbeidde 50 % med 100 % løn.

²⁴⁵ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm.

²⁴⁶ I intervju med Gro Espeseth, Heidi Støre, Ingrid Sternhoff og Tina Svensson Grønlund.

at det var «ok» tilrettelagd. Dette tyder på at spelarane var nøgde med rammevilkåra på landslaget i perioden og at dei opplevde det som givande å vere ein del av laget.

Fleire av spelarane minnest reint sportslege og taktiske aspekt ved landslagsfotballen på 1990-talet.²⁴⁷ Det må kunne seiast å ikkje vere unaturleg når laget på det meste var samla bortimot hundre døgn i året for å spele fotball. Gro Espeseth trekker fram at trenar Even Pellerud spelte ei sentral rolle sportsleg og taktisk. Ho skildrar at han var tydeleg og stilte krav til spelarane og at laget hadde ein tydeleg spelestil. Randi Leinan trekker òg fram fokuset på spelestil og rolleforståing, og Merete Myklebust hugsar at laget var taktisk gode og godt organisert. Linda Medalen skildrar at Noreg ikkje nødvendigvis var det beste laget teknisk på 1990-talet, men at laget var godt organisert og ga «full gass». Skildringane vitnar om eit tydeleg medvit rundt taktikk, organisering og spelestil, noko som indikerer at dette var sentrale fokusområde då landslaget var samla på 1990-talet.

Beskrivingane av treningane på landslagssamlingane antyder òg at det var eit fokusområde å byggje, og vedlikehalde, eit godt fysisk grunnlag. Ingrid Sternhoff hugsar tida på landslaget som «eit blodslit» med harde treningar og Espeseth minnest at dei var «totalt utslitne etter kampar og treningar». Linda Medalen skildrar òg at det var «utruleg krevjande» og at laget jobba «beinhardt». Dåverande trenar Even Pellerud hugsar godt ein samtale med Heidi Støre som skildrar arbeidsmoralen som var i laget:

Som Heidi Støre sa til meg ein gong: 'Du veit at viss du ber oss om å springe i gjennom veggen, så gjer me det'. Det hadde ikkje noko med meg å gjere, men det var tankegangen i spelargruppa.

Pellerud trekker òg fram at laget ofte hadde to treningar om dagen då dei var på samling, og at mange av treningsøktene var «tøffe». Dette, kombinert med den høge arbeidsmoralen, kan forklare kvifor spelarane knyter minne om å ha vore utslitne til tida på landslaget. Den store og intensive treningsmengda skil seg frå korleis landslagssamlingane er bygd opp i dag, og Pellerud nemner sjølv at treningsmengda laget hadde på 1990-talet ville vore «uhøyr» i dag. Ein kan dermed anta at kontrasten er relativt stor når Pellerud sjølv, som framleis utfører arbeid for NFF og dermed har innblikk i organisasjonen, uttrykker motsetnaden så sterkt.

²⁴⁷ I intervju med Gro Espeseth, Linda Medalen, Merete Myklebust og Randi Leinan.

Eit viktig aspekt med lagidrett, og dermed landslagsfotballen på 1990-talet, er korleis relasjonane mellom spelarane er og korleis spelarane opplevde miljøet i gruppa. Miljøet på 1990-talet blir, av nesten alle dei intervjua spelarane, skildra positivt og trekt fram som ein av styrkane til laget.²⁴⁸ Even Pellerud nemner òg miljøet og kulturen som éi av årsakene til at han heldt på jobben som landslagstrener i sju år:

Eg hadde mange arbeids- og jobbtillbod i den sjuårsperioden, med eg hadde så stor glede av laget, kulturen, treningsmiljøet, kulturtenkinga, og leiarskapet i laget, så det var veldig flott å jobbe der. Det var menneske som visste kva som måtte til for å bli god, og for å prestere.

Fleire trekker fram at samhaldet var sterkt, trass at spelarane var forskjellige. Éin spelar legg spesielt vekt på at det nettopp var rom for, og respekt for, å vere ulike som personar, og at det bidrog til å skape eit sterkare samhald. Ein annan spelar minnest at «alle var nøgde» og at alle treivst. Det er likevel ikkje alle som skildrar miljøet som berre positivt. Éin spelar hugsar at ho aldri fann seg heilt til rette og trekker fram aldersforskjellar, sosiale «klikkar» og eiga rolle i laget som årsaker til det. Ein annan spelar opplevde miljøet som «veldig splitta», at laget mangla ein stor heilskap der alle hadde ein trygg stad og at dei eldste i spelargruppa burde vore flinkare til å inkludere resten av gruppa. Det er med andre ord store skilnader i korleis spelarane skildrar miljøet. Eit stort fleirtal skildrar miljøet som utelukkande positivt, men når to skildrar utfordringar med å finne sin plass i miljøet og i gruppa, og dermed skildrar ein heilt annan situasjon enn det store fleirtalet gjer, kan dette tyde på at det var, og i ettertid har vore, lite snakk mellom spelarane om eventuell mistrivsel i miljøet. Trass dette, indikerer likevel det heilskaplege biletet tydeleg at miljøet på landslaget på 1990-talet jamt over var, og blir hugsa som, bra.

Fotball-VM 1995

Me var vel glade amatørar, men me vann no VM likevel, og det var ei stor oppleving. Det er vel det største du kan oppleve som fotballspelar.²⁴⁹

²⁴⁸ Dette temaet er anonymisert av omsyn til minoriteten av informantane som skildrar mistrivsel i miljøet.

²⁴⁹ I intervju med Ann Kristin Aarønes.

Gullet i fotball-VM i 1995 kan karakteriserast som ei av dei mest prestisjetunge bragdene til det norske kvinnelandslaget på 1990-talet. Noreg fekk sølv i det første offisielle verdsmeisterskapet fire år tidlegare og vann gull i det europeiske meisterskapet i 1993, men var i 1995 for første gong best i verda. Å undersøke, dokumentere og analysere kva informantane fortel om meisterskapet, mediedekninga i meisterskapet og kva som er moglege årsaker til at Noreg vann VM kan bidra til å gi ei djupare forståing av bragda.

Informantane har generelt ulike betraktningar om kva dei sit at med som dei mest dominerande minna frå VM i 1995, der det er delte svar om dei hugsar generelle kjensler eller konkrete hendingar best frå meisterskapet. Felles for flesteparten av minna er at dei er knytt til positive opplevingar og kjensler.

Når spelarane fortel korleis dei hugsar at det var å spele og vinne fotball-VM i 1995, er det fleire av spelarane som tar i bruk store ord som «fantastisk» og «utruleg»; «fantastisk oppleving»²⁵⁰, «fantastisk morosamt»²⁵¹, «fantastisk gøy»²⁵², «utruleg kjekt»²⁵³ og «utruleg stort»²⁵⁴. Dei intervjuar spelarane har med andre ord nesten berre positive minne frå korleis det var å spele VM. Dette kan ein sjå i samanheng med at kjenslemessige sterke opplevingar festar seg lettare og blir omgjort til minne.²⁵⁵ Under meisterskapet måtte laget reise frå stad til stad om lag annankvar dag, og Ann Kristin Aarønes påpeikar at dersom laget hadde tapt «så hadde me sikkert vore meir opphengd i sånne ting». Trenar Even Pellerud opnar opp for moglegheita at det kan ha vore enkelte utfordringar knytt til VM i 1995, men at han i tilfelle «har fortrennd det». Anne Nymark Rylandsholm fortel at alle dei positive minna gjer at ho ikkje klarer å finne «dei negative tinga som var i meisterskapet». Ho hugsar likevel at ho bomma på straffe i ein av gruppespelskampane, men at ho ofte gløymer at det skjedde sidan det «ikkje var så viktig». Til og med Kristin Sandberg, som rauk korsbandet i den andre gruppespelskampen mot England, skildrar først og fremst VM som «ei enormt stor oppleving». Dette viser dermed at meisterskapet nødvendigvis ikkje blei gjennomført utan

²⁵⁰ I intervju med Ingrid Sternhoff.

²⁵¹ I intervju med Tina Svensson Grønlund.

²⁵² I intervju med Heidi Støre.

²⁵³ I intervju med Ann Kristin Aarønes.

²⁵⁴ I intervju med Merete Myklebust.

²⁵⁵ Østby, Østby, *Å dykke etter sjøhester*, s.58.

negative opplevingar eller utfordringar, men at dei sterke kjenslene knytt til suksessen, sigrane og VM-gullet sannsynlegvis har ført til at spelarane i hovudsak sit att med positive minne.

Fleire trekker òg fram samspelet og tilhøyrsla til laget som eit av dei mest dominerande minna frå meisterskapet.²⁵⁶ Randi Leinan og Merete Myklebust beskriv at dei mest dominerande minna dei har er kjensla av å prestere for Noreg på eit vinnarlag. Myklebust hugsar òg gleda av å lukkast som lag i noko dei hadde jobba hardt for sidan dei var små. Linda Medalen og Ingrid Sternhoff er blant spelarane som hugsar kjensla av at alle var med og spelte ei rolle. Medalen hugsar meisterskapet som det einaste meisterskapet ho deltok i der ho ikkje kan hugse at nokon «sutra» eller var misnøgde. Ho minnest spesielt at Kristin Sandberg, som rauk korsbandet i den andre gruppespelskampen mot England, gjekk på krykker og «støtta oss og ga alt». Dette tyder på at det var ei særskild god stemning og godt samhald i troppen i verdsmeisterskapet i 1995, og at kjensla av å lukkast framleis er framstående for mange av dei tidlegare landslagsspelarane.

Fleire av informantane, deriblant Anne Nymark Rylandsholm, nemner òg at dei tidleg i meisterskapet kom inn i ei flytsone:²⁵⁷

Når du speler meisterskap, og du er i ei slik flytsone at det meste fungerer; då er det ekstra gøy. Du kan vere så sliten du berre vil, men du klarer å hente fram dei ekstra kreftene når du ser kva veg det går. Det å oppleve det saman med dei du har jobba med for å nå målet, er stort.

Heidi Støre skildrar òg den såkalla flytsona og fortel at «det liksom berre fløyt» og skildrar det som at ho aldri før eller seinare opplevde eit lag «som hadde ein slik flyt». Gro Espeseth beskriv det som at «alt gjekk på skinner». I alt nemner seks spelarar²⁵⁸, i tillegg til trenar Even Pellerud, ordet «flyt» i samband med meisterskapet i 1995. Merete Myklebust skildrar at «Innleiande hadde me god flyt. Første kampen var mot Nigeria. Me hadde Nigeria 8-0, England 2-0, Canada 7-0 og Danmark. Me var i ein fin flyt.». Linda Medalen skildrar òg flytsona ved å skildre at det kjendest ut som at det var «vårt VM» og at dei etter

²⁵⁶ I intervju med Ingrid Sternhoff, Linda Medalen, Merete Myklebust og Randi Leinan.

²⁵⁷ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Linda Medalen og Merete Myklebust.

²⁵⁸ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Anne Nymark Rylandsholm, Heidi Støre, Kristin Sandberg og Merete Myklebust.

opningskampen mot Nigeria satt igjen med ei «magisk kjensle av at dette kunne gå langt». Tina Svensson Grønlund fortel at kjensla av å vere i flytsona vara gjennom heile meisterskapet og at dei hadde ei tryggleik sidan dei visste kva dei skulle gjere og kven som skulle gjere kva, til og med i finalen mot Tyskland som dei hadde tapt fleire gonger mot dei tidlegare åra. Den same ordbruken kan ein finne i årboka til NFF frå 1995: «Selv om det var enkelte skjær i sjøen (Støres utvisning og Carlsens/Sandbergs skader), så ble dette en turnering som bar preg av å flyte på bølgen.»²⁵⁹. Det er dermed tydelege samsvar mellom ordbruken i årboka som blei skriven relativt kort tid etter meisterskapet, og minna spelarane og trenaren har av flyten 29 år etter. Dette styrkar funnet om at laget opplevde ein flyt i meisterskapet. Samstundes avdekkjer den like ordbruken noko om fotballmiljøet; Sjølv om eg har intervjuet elleve individ kvar for seg, er det tydeleg når ein samanliknar minna spelarane og trenaren har, med kvarandre og med ordbruken i årboka til NFF, at alle har vore ein del av same miljø der det er ei felles forståinga av at omgrepet «flyt» er kjenneteikna med vedvarande sportsleg suksess.

Det blir òg trekt fram reint sportslege aspekt ved fotball-VM i 1995. Gro Espeseth hugsar ein godt trent, mentalt sterk og godt førebudd tropp som reiste til Sverige for å spele VM. Heidi Støre hugsar òg at laget hadde mykje energi og greidde å treffe med ein formtopp. Tina Svensson Grønlund og trenar Even Pellerud hugsar spesielt godt semifinalen mot USA, der Noreg vann 1-0. Pellerud hugsar kampen som den jamnaste Noreg spelte i VM, der dei vann 1-0 etter ein tidleg scoring på corner. Han minnest òg at dei kjende at dei var under press resten av kampen, men at det nok var «like mentalt som fysisk» sidan det jamt over var ein stillingskrig og USA ikkje hadde så mange målsjansar. Mot slutten av kampen ble òg kaptein Heidi Støre utvist. Grønlund hugsar godt kjensla av at «dette kan jo ikkje gå» då USA pressa på for å få ei scoring og at keeper Bente Nordby hadde «nokre kjemperedningar». Pellerud hugsar òg at han i forkant av finalen mot Tyskland var heilt roleg for at dei kom til å vinne og at dei køyrde over Tyskland med eit høgt press²⁶⁰ tyskarane aldri fann ut av.

²⁵⁹ Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, s.63.

²⁶⁰ Høgt press i fotball inneber å intensivt forsøke å vinne ballen på banehalvdelen til motstandaren. Målet er å leggje stort nok «press» på forsvars- og midtbanespelarane til motstandaren slik at ein kan framprovosere feil og vinne ballen tilbake.

Gro Espeseth og Ann Kristin Aarønes trekker òg først og fremst fram positive minne frå VM slik som dei andre, men begge nemner òg ei særskild hending med negativt forteikn. Espeseth var kaptein i finalen for Noreg, etter at kaptein Heidi Støre var blitt utvist i semifinalen. Det var derfor ho som skulle ta i mot pokalen av FIFA-presidenten. Begge spelarane minnest at det regna og at FIFA-presidenten derfor ikkje ville kome ned på banen og dele ut pokalen der. Espeseth fortel at ho fekk beskjed om at ho måtte gå opp åleine på tribunen for å hente pokalen. Aarønes hugsar at Espeseth stod og jubla åleine «før ho kunne kome ned til oss på matta og juble i lag med oss». Espeseth hugsar godt korleis ho opplevde situasjonen:

Det regna sånn, så dei kunne ikkje gå ned på banen og dele ut pokalen. Og så i tillegg, presterte dei å krevje at det berre var kapteinen som skulle kome opp og hente pokalen. Det var jo heilt latterleg. Den dag i dag irriterer det meg at eg ikkje berre nekta å gå opp. Hadde eg vore litt eldre, og med litt meir erfaring, trur eg at eg hadde nekta plent. Eg hadde ikkje gått opp, men kravd at heile laget skulle vere med. Enten alle eller ingen. Men det skjedde ikkje og det er noko eg angrar på frå fotballen. Men det fortel jo òg at damefotballen langt i frå hadde same respekt som herrefotball. Men eg sprang ned til lagkameratane, og så feira med med jubelrus, 'krabbegong' og 'you name it'.

Denne distinkte hendinga med negativt forteikn er eit tydeleg døme på at det var fleire i samtida, i dette tilfellet i FIFA, som ikkje tok kvinnefotball like seriøst som herrelaget, og at dette blei lagd merke til av dei kvinnelege spelarane. Det spelarane i dette tilfellet reagerer på er at regndropar stoppa ein normal pokalseremoni i den meste prestisjefylte turneringa i kvinnefotball og at ein enkelt spelar måtte opp og hente pokalen åleine, noko som er eit brot med grunntanken i lagidrett. Dette kan dermed tolkast som ei sterk nedvurdering av kvinnefotball og viktigheita av VM-gullet frå FIFA-presidenten si side. Det har ikkje skjedd ei liknande hending ved ein pokalseremoni i ein VM-finale for menn. Hendinga illustrerer dermed at kvinnefotball blei vurdert som det eg kallar *den andre fotballen*, og at mannlege og kvinnelege fotballspelarar mest sannsynleg ikkje blei oppfatta som likeverdige.

Sjølv om Espeseth og Aarønes trekker fram negative minne knytt til pokalseremonien, har dei resterande minna frå VM i 1995 positive forteikn. Samla sett sit spelarane att både med minne som inneheld generelle kjensler frå meisterskapet og minne om distinkte hendingar, der fellesnemnaren er at minna skildrar positive opplevingar. Sjølv om det er skilnader i svara, er det òg tydelege likskapar i kraft av at minna stort sett er positive. I tillegg er det fleire som trekker fram relativt identiske minne, trass at det samla sett er stor variasjon.

Årsaker til at Noreg vann VM i 1995

Det er vanskeleg å fastslå sikkert kva som gjorde at Noreg vann fotball-VM i 1995 sidan det er eit hav av sportslege, utanomsportslege, taktiske og sosiale faktorar som spelar inn. Det vil òg fordre ein nøye komparasjon med dei andre nasjonane som deltok i meisterskapet og ein meir inngåande analyse av den norske troppen og til dømes videoanalyse av kampane Noreg spelte. Det er likevel mogleg å avdekke moglege faktorar bak VM-gullet ved å spørje informantane kva dei trur er årsakene til at Noreg vann VM i 1995. Som tidlegare toppidrettsutøvarar må ein gå ut frå at både spelarane og trenar Pellerud var godt vande med, og at det var kultur for, å evaluere prestasjonane til laget og analysere kva som fungerte og ikkje fungerte. Eg vil dermed hevde at informantane kan kallast ekspertar på området. Statistikk kan avdekke konkrete forhold, men det er berre spelarane og trenaren som kan fortelje kva dei ulike faktorane betydde. Ei fallgruve kan likevel vere at informantane sannsynlegvis har vore del av eit miljø med ein felles språkleg diskurs og dermed har implementert dei same idrettsfaglege uttrykka i språket og i minna. Trass dette, og at intervjuet er gjennomført nesten 30 år etter VM-gullet, vil likevel svara kunne avdekke sannsynlege årsaker til at Noreg vann VM.

Det er slående likskapar i svara til dei elleve personane eg har intervjuet, noko som indikerer at ein med god grunn kan vektleggje faktorane som er nemnd. Dei ti spelarane og trenar Even Pellerud nemner alle éin eller fleire av dei same fem faktorane som årsaker til at Noreg vann VM i 1995:

- 1) Spelarane var godt trente.
- 2) Dei var godt organisert og gode taktisk.
- 3) Spelarane var lojale overfor laget og trenarteam.
- 4) Laget hadde enkeltspelarar med spisskompetanse.
- 5) Noreg var tidleg ute med kvinnefotball.

Den første faktoren, at spelarane var godt trente, er det sju av elleve som nemner.²⁶¹ Ingrid Sternhoff minnest at Noreg hadde ein god treningskultur og Anne Nymark Rylandsholm skildrar laget som duellsterkt, med spelarar som «blødde for drakta». Tina Svensson Grønlund

²⁶¹ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Anne Nymark Rylandsholm, Even Pellerud, Gro Espeseth, Ingrid Sternhoff, Merete Myklebust og Tina Svensson Grønlund.

hevdar at dei norske spelarane var tidleg ute med å trene mykje, og Ann Kristin Aarønes og trenar Even Pellerud peikar på at Noreg sannsynlegvis trente meir og hardare enn mange av motstandarane. Gro Espeseth trekker òg fram at ho hugsar at dei største konkurrentane mislikte den fysiske spelestilen²⁶² til Noreg:

Eg hugsar at USA hata oss fordi me var så fysiske i duellar og alt.

Tina Svensson Grønlund skildrar òg den fysiske spelestilen:

Eg trur dei hata å spele mot oss fordi me var veldig fysisk trente. Sverige var jo livredde oss når Medalen kom etter dei.

Det kan dermed verke som at det gav dei fleire fordelar å vere godt trente, både i form av å ha ein robust fysikk og godt uthald som kom laget til gode, men òg i form av at enkelte motstandarar frykta fysikken Noreg hadde. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at oppfatninga av at motstandarane frykta fysikken deira i seg sjølv kan ha gitt eit psykologisk overtak for dei norske spelarane.

Det er òg sju av elleve som skildrar at laget var godt organisert og taktisk gode.²⁶³ I fotball heng taktikk og organisering tett saman. Taktikk i fotball handlar om å leggje ein plan for korleis eit lag skal spele på banen, deriblant korleis laget skal vere organisert defensivt og offensivt og kva spelestil laget skal ha. Fleire av spelarane, i tillegg til trenar Even Pellerud, trekker fram ulike aspekt ved taktikken, og dermed òg organiseringa til laget. Randi Leinan minnest at laget hadde ein reindyrka og dedikert spelestil, og at laget hadde ei tydeleg leiing som var flinke til å formidle korleis laget skulle spele. Linda Medalen nemner òg at Noreg hadde gode trenarar og fortel at ein del av den norske taktikken var at dei skulle vinne kampene «med effektiv fotball og kjappe overgangar». Gro Espeseth trekker fram at laget var

²⁶² Ein fysisk spelestil inneber i hovudsak duellstyrke, men òg element som forflytningsevne og løpskraft.

²⁶³ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Even Pellerud, Gro Espeseth, Ingrid Sternhoff, Linda Medalen, Merete Myklebust og Randi Leinan.

gode på sonespel²⁶⁴ og dødballar²⁶⁵. Ingrid Sternhoff og Ann Kristin Aarønes er blant spelarane som trekker fram at andre nasjonar truleg hadde enkeltspelarar som var noko betre individuelt, men at dei ikkje var like gode kollektivt som Noreg var. Sternhoff skildrar derfor at dei tok motstandarane på strukturen og «var tru til strategien». Dette viser at den kollektive forståinga spelarane hadde av den defensive organiseringa, både i sonespel og høgt press, kombinert med den direkte spelestilen offensivt, sannsynlegvis bidrog til suksessen Noreg oppnådde. At Noreg hadde ein målforskjell på 23-1 i meisterskapet indikerer òg tydeleg at Noreg var godt organisert defensivt og vitnar om at spelarane hadde god taktisk forståing.

Den tredje faktoren seks informantar nemnde er at spelarane var lojale overfor kvarandre og trenarane.²⁶⁶ I ein lagidrett er det ikkje vanskeleg å sjå for seg viktigheita av å vere lojale overfor laget og kvarandre. Randi Leinan skildrar at spelarane var lojale og hadde eit felles ønske om å oppnå noko som gruppe. Gro Espeseth beskriv at det «til sjuande og sist handlar om teamet» og at alle i troppen, i trenarteamet og i støtteapparatet var like viktige. Even Pellerud trekker fram haldninga i spelargruppa og at han som trenar alltid «kunne stole på at dei trente» utanom landslagssamlingane. Han framhevar òg at haldninga og kulturen i laget «nok var av ein heilt eineståande kaliber». At trenaren skildrar kulturen i laget som «eineståande», i tillegg til at over halvparten av dei intervjua spelarane vektlegger lojaliteten dei hadde overfor kvarandre, vitnar om at dette var ein sentral faktor til at Noreg lukkast som lag.

²⁶⁴ Sonespel, eller soneforsvar, tyder at kvar spelar på eit lag har ansvar for eit bestemt område (sone) på banen, og dermed motspelarar som oppheld seg i dette området. Det motsette av sonespel er mannsmarkering, der kvar spelar nærmast fotfølgjer kvar sin motspelar.

²⁶⁵ Dødballar i fotball viser til faste situasjonar der ballen har vore ute av spel eller der dommaren har stoppa spelet. Ballen er dermed i ro og er «død». Faste situasjonar som kan oppstå i ein fotballkamp er hjørnespark, frispark, straffespark, innkast og utspark. Når Espeseth trekker fram at laget var gode på dødballar, er det først og fremst i tydinga av frispark og hjørnespark, der laget brukte innøvde variantar.

²⁶⁶ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Even Pellerud, Gro Espeseth, Ingrid Sternhoff, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund,.

Det er òg seks personar som nemner spisskompetansen enkeltspelarar på det norske laget hadde.²⁶⁷ Even Pellerud hugsar at laget hadde «spisskompetanse i både pasningar, hovudspel, avslutningar og leiarskap» og at dei «hadde spisskompetanse over heile banen». Merete Myklebust hugsar òg at Noreg hadde mange profilar og leiartypar og at Noreg var eit godt samansett lag. Ann Kristin Aarønes fortel at ho ikkje trur Noreg hadde hatt klart å vinne dersom dei ikkje hadde hatt gode enkeltspelarar.

Fleire trekker spesielt fram at Hege Riise, Heidi Støre, Gro Espeseth og Linda Medalen hadde særskild spisskompetanse. Ingrid Sternhoff hugsar Gro Espeseth som «ein bauta i forsvaret som liksom sopte vekk alt som nærma seg». Ho trekker òg fram at dei hadde «ein fantastisk kaptein i Heidi Støre» som «styrte skuta frå midten» og at ho hugsar at ho tenkte «Herregud, så god ho er.». Tina Svensson Grønlund er éin av fire²⁶⁸ spelarar som trekker fram viktigheita av å ha Hege Riise, og kvalitetane hennar, på laget.²⁶⁹ Beskrivingane av Riise omhandlar at ho var i toppform, at ho var driblestærk og ein god avsluttar. Grønlund skildrar òg spisskompetansen til Linda Medalen:

Og eg trur at hadde du kasta opp ein murstein, så hadde Linda Medalen heada den.

Desse utsegnene viser tydeleg at Noreg hadde enkeltspelarar med særskilde ferdigheiter. Eit klart bevis på spisskompetansen Noreg hadde, er oversikta over dei individuelle prisane frå VM. Noreg gjorde reint bord, noko som styrkar teorien om at Noreg hadde eksepsjonelt gode spelarar i fleire ledd og at dette hadde innverknad for resultatet i meisterskapet. Hege Riise fekk gullballen for beste spelar i VM, Gro Espeseth blei kåra til nest beste spelar og fekk sølvballen og Ann Kristin Aarønes fekk bronseballen for tredje beste spelar.²⁷⁰ Aarønes blei toppscorar i meisterskapet med seks mål og fekk dermed òg gullstøvelen.²⁷¹

²⁶⁷ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Even Pellerud, Ingrid Sternhoff, Linda Medalen, Merete Myklebust og Tina Svensson Grønlund.

²⁶⁸ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Ingrid Sternhoff, Merete Myklebust og Tina Svensson Grønlund.

²⁶⁹ Tina Svensson Grønlund fortel òg at Gro Espeseth var ein «framstående sjefsfigur i forsvaret», og ho nemner òg Ann Kristin Aarønes og Marianne Pettersen som viktige spelarar. Ho oppsummerer spisskompetansen til enkeltspelarane med at Noreg dermed hadde ei sterk sentrallinje og at det var «mange» spelarar med gode individuelle ferdigheiter.

²⁷⁰ Smith, «Da me var best i verda», s.70.

²⁷¹ Smith, «Da me var best i verda», s.70.

Fire av spelarane nemner òg den siste faktoren, at Noreg var tidleg ute med kvinnefotball.²⁷² Dette innebar ikkje berre at kvinnefotball var tillate, men òg at det var eit systematisk arbeid frå NFF si side med å etablere serie- og cupspel og rekruttere jenter og kvinner til idretten. Merete Myklebust er blant dei som hevdar at Noreg fekk eit konkurransefortrinn ved å vere tidleg ute med kvinnefotball. Ann Kristin Aarønes trur òg at dei fekk resultat av at det i Noreg blei satsa betre enn i ein del andre nasjonar og Heidi Støre peikar på at opprettinga av kvinnelandslaget i 1978 medførte ei viss forplikting frå NFF si side. Kari Fasting viser i artikkelen «Small Country- Big Results: Women's Football in Norway» at opprettinga av ein eigen kvinnekomiteé i NFF var ei av dei viktigaste årsakene til utviklinga av kvinnefotballen i Noreg.²⁷³ Dei fire første åra var hovudoppgåvene til komiteen å utvikle reglar, etablere seriespel for jente- og kvinnelag i alle delar av Noreg, opprette Noregsmeisterskap for kvinner og etablere ein nasjonal serie for kvinner.²⁷⁴ Frå 1980 blei det prioritert å rekruttere nye spelarar, utdanne kvinnelege trenarar og dommarar, opprette samarbeid med andre komitear i NFF, utvikle ulike turneringar for jentelag i distrikta og opprette aldersbestemte landslag for jenter.²⁷⁵ Undersøkingar av arbeidet til komiteen viser at komiteen jobba systematisk og effektivt og at dei oppnådde måla som var sett.²⁷⁶ Komiteen blei nedlagd i 1992, og fokuset blei då på å integrere kvinnefotball som ein del av NFF, men fram til då hadde komiteen vore ei av dei mest sentrale brikkene i å utvikle norsk kvinnefotball.²⁷⁷ Opprettinga av og arbeidet til kvinnekomiteen i NFF er relativt unikt i kvinnefottballsamanheng. I England, der kvinnefotball blei tillate fem år før Noreg, i 1971, og som blir rekna som eit pionerland innan kvinnefotball, måtte jentene og kvinnene klare seg utan draghjelp frå det engelske fotballforbundet (FA) i over 20 år.²⁷⁸ Landslaget til England var eitt av seks land som deltok i det uoffisielle verdsmeisterskapet i Mexico allereie same år, i 1971, og laget spelte dermed landskampar ni år før landslaget til Noreg. Likevel låg dei langt etter sportsleg i verdsmeisterskapet i 1995. Det er sjølvsagt fleire faktorar til kvifor Noreg vaks fram som ein av dei beste nasjonane i fotball på kvinnesida på 1990-talet, men samanlikninga med England

²⁷² I intervju med Ann Kristin Aarønes, Heidi Støre, Kristin Sandberg og Merete Myklebust.

²⁷³ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.154.

²⁷⁴ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.154.

²⁷⁵ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.154.

²⁷⁶ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.154.

²⁷⁷ Fasting, «Small country - big results: Women's football in Norway», s.156.

²⁷⁸ Lote, «Her var kvinnefotball forbode i 50 år.» *NRK*. 12.07.2013.

<https://www.nrk.no/sport/fotball/fotball-var-forbode-i-50-ar-1.11124206>.

indikerer tydeleg at organiseringa hadde sterk innverknad på vekst, utvikling og sportslege resultat, og at den norske kvinnekomiteen var viktig og suksessrik i det arbeidet.

Kristin Sandberg peikar òg på at det kulturelt var greitt for jenter og kvinner å spele fotball i Noreg på 1990-talet. Dette er i tråd med funna frå det førre kapittelet om spelarane sin veg til landslaget og funna til Scraton mfl.²⁷⁹ Både Sandberg, Støre og Myklebust trekker fram viktigheita av at jenter tidleg fekk lov til å trene og spele kampar med, og mot, gutar. Støre skildrar at det var få jentemiljø mange stader, og at fotballspeling med gutar, ga dei ein ballast og ferdigheiter som gjorde at dei blei gode. I dag er det framleis mange av dei beste og største fotballtalenta blant jentene i Noreg som spelar på aldersbestemte lag med gutar for å møte tøffare motstand i treningskvardagen. Det er dermed ikkje utenkjeleg at kombinasjonen av at dei norske spelarane begynte tidleg å spele fotball, og at dei spelte med og mot gutar, gjorde at dei fekk gode ferdigheiter og ein robust fysikk som kom dei til gode seinare i karrieren. At Noreg var tidleg ute med kvinnefotball, i form av eit systematisk arbeid med å utvikle idretten og at jenter og kvinner var mindre marginaliserte i fotballen enn i andre land, er derfor ein sannsynleg medverkande faktor til at Noreg vann VM.

Mediemerksemd

Dei intervjuja spelarane svarar unisont at dei opplevde at mediemerksmda auka under meisterskapet i 1995. Anne Nymark Rylandsholm skildrar det som «mykje større enn me var vant til» og Gro Espeseth beskriv medietrykket undervegs i meisterskapet som «heilt vilt». Randi Leinan bruker så sterke ord som at dei reiste frå eitt Noreg og kom tilbake til eit anna. Ingrid Sternhoff minnest at det var «ei fantastisk dekning av media» og at den korte vegen til Sverige, i tillegg til at det ikkje skjedde mykje i same periode, gjorde at det var god dekning av både VG, Dagbladet og NRK. Minna spelarane har om den auka mediemerksmda samsvarar med skildringane i årboka til NFF frå 1995:

Etter en noe treg start fra enkelte medier i Norge, kom 'alle' på banen etterhvert. Og den PR og markedsføringen kvinnefotballen fikk i norske medier fra kvart-finalene og fram til hjemkomsten, er nok helt klart rekord for kvinnefotballen i antall spaltemillimetre i aviser og sendeminutter på TV.²⁸⁰

²⁷⁹ Sjå underkapittelet *Uorganisert fotball med gutar*.

²⁸⁰ Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, s.23.

I den same årboka står det òg at det i starten av meisterskapet var 33 akkrediterte journalistar, men at talet vaks gradvis utover meisterskapet og enda på 60 i finalen, noko som viser den auka mediedekninga av, og interessa for, laget utover i meisterskapet.²⁸¹ Den aukande mediemerksemda ser ein blant anna i mediedekninga til VG under meisterskapet. På 14 dagar, frå opningsdagen 6.juni til dagen etter finalen, 19.juni, kan ein finne totalt 45 oppslag om meisterskapet, noko som viser ei markant mediemerksemd.²⁸² Ni av oppslaga kom dei første sju dagane, medan 36 av oppslaga kom dei siste sju dagane av meisterskapet.²⁸³ Tala samsvarar dermed med minna spelarane har om at mediedekninga vaks utover i meisterskapet og tala viser at det var ei betydeleg interesse frå norsk presse medan meisterskapet føregjekk.

Interessa for å få med seg kampane blir i årboka til NFF skildra som at «Fotball-Norge gikk av hengslene etterhvert som kvinnelandslaget gjorde det ene gode resultatet etter det andre under VM i Sverige».²⁸⁴ Merete Myklebust fortel at det var «vurderingar om NRK skulle flytte både Dagsrevyen og Barne-TV» i samband med finalen og at det enda med at NRK gjorde det. Myklebust hugsar òg at Gro Harlem Brundtland og Egil «Drillo» Olsen sat i studio til NRK under finalen, og at det var 1,1 millionar nordmenn som fekk med seg finalen på TV. Vala som blei gjort for å prioritere å sende kampen, og tala på tv-sjåarar, vitnar om eit vesentleg engasjement frå ulike medium og frå ein betydeleg del av den norske befolkninga.

Ann Kristin Aarønes hugsar òg at det var stor interesse undervegs i meisterskapet, men fortel òg korleis ho hugsar mediemerksemda i etterkant:

Me opplevde det som veldig stor interesse undervegs i meisterskapet. Og så var det sikkert litt etterpå, og så blei det ganske fort stille. Det var litt sånn det var. Det var mykje fokus når me var i meisterskap, spesielt då me gjorde det bra. Og så kom me heim til kvardagen med seriefotball, og så var det hundre tilskodarar og mykje mindre igjen. Det var sånn det var.

Aarønes er langt frå den einaste med denne observasjonen. Alle dei intervjuja spelarane deler same oppfatning av den markante skilnaden i den nasjonale mediedekninga i meisterskap samanlikna med klubb fotballen i kvardagen. Linda Medalen skildrar skilnaden som at «Det er

²⁸¹ Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, s.23.

²⁸² Sjå referanseliste for oversikt over avisopplaga.

²⁸³ Sjå referanseliste for oversikt over avisopplaga.

²⁸⁴ Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, s.23.

fullt trøkk med media når ein er på desse turneringane, men det var jo ingenting mellom. Ingenting mellom meisterskapa. Då var det heilt dødt.».

Ved å studere mediedekninga til VG den påfølgande månaden etter meisterskapet, kan ein tydeleg sjå ein nedgang i dekninga av kvinnefotball. I etterdønningane etter VM-gullet, 20.juni og 21.juni er det totalt ni oppslag om kvinnelandslaget.²⁸⁵ Mellom 22.juni og 19.juli, ein månad etter meisterskapet, er det totalt berre fem medieoppslag om kvinnefotball i VG.²⁸⁶ Berre eitt av desse er kampreferat, medan to av dei er knytt til problematikk rundt ein skobutikk der Linda Medalen var medeigar og handla dermed om utanomsportslege hendingar.²⁸⁷ Ein kan med andre ord finne tydelege bevis på at nasjonale media gjekk tilbake til å nesten utelukkande dekke herrefotball etter meisterskapet. Derfor kan den auka dekninga knytt til meisterskapet kategoriserast som eit unntak i ein sportsjournalistisk kvardag som først og fremst var opptatt av herrefotball. At media ikkje vurderte det som vesentleg å dekke klubb fotballen til kvinnene, indikerer tydeleg at kvinnefotballen var *den andre fotballen* og at media bidrog til å oppretthalde og legitimere den hegemoniske posisjonen til herrefotballen.

Kristin Sandberg hugsar òg at det var lite mediemerksemd i klubbkvardagen, men ho er òg éin av fleire som peikar på at mediedekning ikkje var ei viktig sak for dei som fotballspelarar. Sandberg deler at ho ikkje spelte fotball for at folk skulle vite kven ho var, men fordi det var det kjekkaste ho kunne gjere. Fleire nemner likevel at lokalaviser var langt flinkare enn

²⁸⁵ Haugstad. ««Gulljentene i våre hjerter»; «Swingende seersuksess for fotballjentene».

Johannessen, «Bente vil lære av høydegutta»; «Skodde seg på VM-helten».

Overvik, «Din tur, Cecilie!».

Sjem, «Drømmer om Ullevaal»; «Jentene- et pengesluk».

Stenberg, «...men Linda blir rik før hun legger opp».

Strøm, «Den store forskjellen».

²⁸⁶ Aas, «Angrer på skobutikken»; «Vil slå VM-Linda konkurs».

Godø, «VM-toppscorer Anka hjem til nye kamper».

Strøm, «Dameslakt».

Vikøyr, «Høyt oppe... og langt nede».

²⁸⁷ Aas, «Angrer på skobutikken»; «Vil slå VM-Linda konkurs».

Godø, «VM-toppscorer Anka hjem til nye kamper».

Strøm, «Dameslakt».

Vikøyr, «Høyt oppe... og langt nede».

nasjonale aviser til å dekke serie- og cupkamper i klubb fotballen.²⁸⁸ Dette indikerer at det kan ha vore markante skilnader i mediadekninga mellom lokale og nasjonale aviser, noko som kunne vore interessant å undersøke i eit vidare prosjekt om mediadekning av kvinne fotball på 1990-talet.

Kvinne fotball på 1990-talet

Det er ikkje berre i samband med mediadekning at spelarane skildrar store skilnader mellom klubb fotballen og landslags fotballen på 1990-talet. Medan fleire skildrar eit nærmast heilprofesjonelt tilvere på landslagssamling, er kontrastane store til korleis mange opplevde klubb kvardagen. Randi Leinan meiner at suksessen med landslaget, og merksemda som var rundt landslaget i meisterskap, ikkje «blei forvalta på ein så god måte som det kunne og burde». Ingrid Sternhoff skildrar at landslagssamlingane var «ein smakebit av 'tenk viss kvardagen hadde vore sånn'». Ho fortel òg at ho eigentleg berre kunne «budd på landslaget» sidan «det var den kvardagen du eigentleg hadde lyst på». Dette viser at spelarane opplevde at det var merkbare og markante skilnader mellom tilveret på landslaget og på klubb laget.

Likevel var det fem av spelarane som i løpet av 1990-talet og heilt i starten av 2000-talet blei utanlandsproffar i USA og Japan, og som dermed fekk oppleve korleis det var å ha ein heilprofesjonell kvardag. Ann Kristin Aarønes og Gro Espeseth var eitt år i New York Power i USA. Randi Leinan, Linda Medalen og Heidi Støre var fleire år i den japanske klubben Nikko i løpet av 1990-talet.²⁸⁹ Heidi Støre skildrar korleis ho hugsar overgangen til proffliv i japansk fotball:

Og då heilt plutselig skulle du få lov til å sleppe å tenkje skule/jobb, og stresse og prøve å få kvardagen til å gå opp. Me hadde 1-2 treningar om dagen og 1-2 kamper i veka. Det var berre jobben min. Det var ein veldig stor overgang. Så eg trur eg brukte dei først 2-3 månadene til å skjønne at eg ikkje var på ein treningsleir, men at dette var jobben min. Det var faktisk ein så sterk overgang.

²⁸⁸ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Heidi Støre, Kristin Sandberg og Merete Myklebust.

²⁸⁹ I tillegg til dei nemnde spelarane var Gunn Nyborg, Tone Haugen, Hege Riise og Agnete Carlsen andre norske spelarar som var i Nikko i løpet av 1990-talet. Dei tre sistnemnde var òg ein del av VM-troppen i 1995. Gunn Nyborg, som har 110 kamper for det norske kvinnelandslaget, spelte sin siste landskamp i 1992.

Proffliva i Japan og USA står likevel ut som unntaka i klubbkvardagen til spelarane. Dei fleste spelarane skildrar ein hektisk kvardag store delar av karrieren og at dei måtte gjere tydelege prioriteringar for å kombinere fotball med skule eller jobb. Merete Myklebust er blant dei som fortel om «tøffe dagar» der ho reiste på skulen tidleg på morgonen og ikkje var heime før «halv ni-tida på kvelden» som følgje av fotballtrening. Ho skildrar òg at helgene gjekk «til å køyre buss og spele kamp». Ingrid Sternhoff skildrar dei travle ettermiddagane som at «det var heim og inhalere middag før det var rett på trening». Skildringane gir dermed tydeleg uttrykk for ein hektisk kvardag med få fridagar. Gro Espeseth deler same oppfatning om at livet blei «styrt mykje etter idretten», men trekker òg fram at «det var jo knallgøy». Utsegna til Espeseth vitnar dermed om at spelarane ikkje berre opplevde den hektiske kvardagen som slitande, men òg som lystprega. Anne Nymark Rylandsholm fortel at dei som kvinnelege fotballspelarar har «hatt andre føresetnader», men forklarar òg at dette førte til ein endå større motivasjon for å lukkast på fotballbanen:

Når du trener to gonger om dagen, du har ein jobb eller du har skule, så må du faktisk ha lyst til dette. Det trur eg spelte inn. Det å blø for drakta litt, og du ofrar mykje for å klare det. Då vil du òg ha eit resultat.

Den hektiske kvardagen hang tett saman med at det var lite pengar i klubb fotballen på kvinnesida på 1990-talet. Alle spelarane gjekk på skule eller jobba ved sida av fotballen. Skildringane til Tina Svensson Grønlund skil seg noko frå dei resterande av dei intervjua spelarane ved at ho fortel at ho fekk jobbe 50 % i eit forsikringsselskap med 100 % løn, der ho òg hadde moglegheit for å ha fleksibel arbeidstid. Bortsett frå tida som utanlandsproffar, var det ingen av spelarane som levde av å vere fotballspelarar i norske klubbar. Ann Kristin Aarønes hugsar at sjølv på Trondheims-Ørn, som var Noregs beste kvinnelag store delar av 1990-talet, var det ingen av spelarane som hadde løn.

I landslagssamanheng var budsjettet til det norske kvinnelandslaget langt større enn det var i dei respektive klubbane i klubb fotballen. Likevel var budsjettet langt lågare enn tilsvarande budsjett for herrelandslaget. Even Pellerud forklarar kvifor det var vanskeleg å argumentere for at det skulle vere annleis:

Du følte kanskje at du hadde dårlege argument. For herrefotballen var gjennomkommersialisert allereie den gongen. Det var jo ikkje kvinnesida.

Utsegna illustrerer tydeleg hegemoniet og det økonomiske og kommersielle forspranget herrefotballen hadde. Dei kvinnelege spelarane fekk utdelt 50 000 kroner kvar for å vinne VM i 1995. Det var 924 000 kroner mindre enn det kvar spelar på herrelandslaget ville fått om dei skulle vunne fotball-VM for herrar året før. Fleire hugsar at dei snakka om, eller at det blei snakka om, skilnaden i VM-bonusar.²⁹⁰ Anne Nymark Rylandsholm er blant informantane som fortel at dei snakka om skilnaden og at dei opplevde det som «blodig urettferdig». Ingrid Sternhoff fortel at det for ho som 18-åring var stort å få 50 000 kroner, men at beløpet var det same som herrelandslaget fekk «for å spele uavgjort mot Aserbajdsjan». Ho legg derfor vekt på at det var store forskjellar, men at ho isolert sett synest det var stort å få 50 000 kroner. Gro Espeseth hugsar òg at dei snakka om det, men at det for hennar del handla om å stille seg spørsmålet «Speler me fotball for å tene pengar, eller speler me fotball fordi det er gøy?». Ann Kristin Aarønes trekker fram liknande betraktningar rundt forholdet til økonomi:

Det er klart at når du får vere med og spele EM, VM og OL så klagar du ikkje. Og så ser ein jo så klart i ettertid at det sikkert er mykje som kunne vore annleis og betre. Men me var ikkje så godt vand, så det var på ein måte sånn det var. Og så skjedde det ei utvikling heile vegen òg, og det blei betre og betre sjølv om det ikkje gjekk så fort. Men me blei ikkje rike på pengar i alle fall. [...]. Det var ikkje pengane som dreiv oss.

Aarønes trekker likevel fram at ein i ettertid ikkje kan seie at økonomi var eit direkte hinder for spelarane «i og med du var blant verdas beste lag». Linda Medalen er blant dei som fortel at ho hadde eit pragmatisk forhold til den store skilnaden i VM-bonusar:

Det var rett og slett ikkje interessant nok for folk å kome her og sjå på og støtte, og då må me berre ta det innover oss. Det er jo småidrettar som judo og karate som ikkje får ei krone, sjølv om dei har verdas beste utøvarar.

Det er òg to som fortel at dei enten ikkje hugsar eller ikkje veit om dei snakka om skilnaden i økonomi.²⁹¹ Dette står i kontrast til det det blant anna Rylandsholm seier, som hugsar at dei snakka «mykje» om skilnaden i økonomi mellom kvinne- og herrelandslaget. Historikar Ingar Kaldal trekker fram at ein i kvardagen snakkar om det ein er opptatt av, og at det same gjeld

²⁹⁰ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Ingrid Sternhoff, Linda Medalen, Merete Myklebust, Randi Leinan, og Tina Svensson Grønlund.

²⁹¹ I intervju med Heidi Støre og Kristin Sandberg

minne.²⁹² Ein hugsar med andre ord best det ein har vore opptatt av. Dermed viser det spelarane hugsar og er i stand til å fortelje om, ikkje berre kva dei minnest, men òg kva dei faktisk har vore opptatt av. Når éin spelar hugsar skilnaden som «blodig urettferdig» medan ein annan ikkje hugsar at dei snakka om det i det heile, viser dette at spelarane sannsynlegvis reagerte og brydde seg i ulik grad om dei økonomiske skilnadene mellom kvinne-og herrelandslaget. Dei ulike minna indikerer dermed at spelargruppa var noko delt i kva grad dei retta merksemd mot økonomiske skilnader.

Haldningar og hendingar

Det er jo sånn typisk som berre skjer med damer.²⁹³

Sitatet over tilhøyrrer Gro Espeseth og beskriv det fleire av spelarane fortel om; negative opplevingar i løpet av fotballkarrieren som utelukkande var knytt til at dei var kvinner. Som kvinner i ein mannsdominert idrett, og i ei tid der kvinnefotballen stod langt svakare i samfunnet enn i dag, kan fleire fortelje om negative haldningar og hendingar knytt til utøvinga av kvinnefotball eller om dei som fotballspelarar.

Det er nødvendig å sjå minna til dei intervjua spelarane i samanheng med korleis ein i dag tenkjer om tema knytt til uønskt merksemd og negative opplevingar. Kva som blir hugsa og korleis det blir snakka om er prega av kva tenkjemåtar som rår i dagens samfunnet om dei temaa som det blir fortald om.²⁹⁴ I dag står blant anna likestillinga sterkare enn på 1990-talet og #metoo-kampanjen som starta i 2017 retta søkelyset mot upassande hendingar som først og fremst rammar kvinner. I idretten har det òg dei siste åra blitt retta større merksemd mot skeivfordelinga av ressursar, i disfavør av jenter og kvinner, og det har blitt fokusert på å ta eit oppgjør med negative haldningar til kvinnefotball og kvinneidrett. Ein skal dermed ikkje sjå bort frå at spelarane tenkjer annleis om negative haldningar og hendingar under landslagstida på 1990-talet i dag enn korleis dei ville snakka om det kort tid etter. Korleis spelarane snakkar om temaa må dermed bli sett i samanheng med notidas tenkjemåtar og at det i dag er større aksept for å snakke om uønskt eller negativ merksemd, negative haldningar eller opplevingar.

²⁹² Kaldal, *Minner som prosesser*, s.65.

²⁹³ I intervju med Gro Espeseth.

²⁹⁴ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.11.

Fire²⁹⁵ av spelarane minnest at dei opptil fleire gonger blei gjenstand for samanlikning med herrefotball. Dette er ikkje eit uvanleg fenomen i fotballsamanheng og historikar Jonny Hjelm hevdar samanlikninga oppstod på grunn av eineveldet herrefotballen hadde i fleire tiår og dermed etablerte definisjonsmakt.²⁹⁶ Merete Myklebust beskriv at kvinnefotballen «alltid har blitt samanlikna med herrane, men det gjer ein jo ikkje i andre idrettar». Randi Leinan trekker fram at det er sporten som blir utøvd som ein skal bli vurdert ut frå, og at ein til dømes aldri samanlikna Marit Bjørgen og Petter Northug då dei var aktive innan langrenn. Både Myklebust og Leinan peikar på at samanlikninga er urettferdig på grunn av ulike fysiske føresetnader. Dette er i tråd med tankane til Simone de Beauvoir om at det kvinner gjer blir vurdert på bakgrunn av kjønnet deira og ut frå ein mannsnorm, og at kvinna dermed blir *den andre* i forhold til mannen.²⁹⁷ Gro Espeseth og Anne Nymark Rylandsholm trekker fram at dei fleire gonger møtte samanlikning av kvinne- og herrefotball i media og at vinklingane på sakene ofte var negativt lada, i disfavør av kvinnefotballen. Espeseth skildrar vidare at dei negative vinklingane i media ofte handla om at kvinnelege fotballspelarar heldt eit lågare nivå enn manlege spelarar og at det ikkje var «gøy» å sjå på kvinnefotball. Funna viser tydeleg at dei kvinnelege spelarane blei vurdert som *den andre* i forhold til manlege fotballspelarar og at kvinnefotball blei sett på som *den andre fotballen*. Idrettssosiolog Eric Dunning hevdar at når samfunnet blir meir kjønnslikestilt, kan fotball halde fram med å vere ein arena der det er legitimt å uttrykke det ein kan kalle tradisjonelle maskuline habitusar.²⁹⁸ Posisjonen til kvinnelege fotballspelarar som annanrangs og som noko annleis enn det tradisjonelt maskuline har dermed mange likskapar med kvinnesynet og stillinga til kvinner i samfunnet på tida til Beauvoir. Likesom mannsamfunnet var ei sjølvinnlysande norm i etterkrigstidas Frankrike, er herrefotballen framleis den sjølvinnlysande norma i fotballverda.²⁹⁹

Sjølv om eg allereie har behandla mediedekning i underkapittelet «mediemerksemd» er det relevant å utdjupe rolla media spelte knytt til negative haldningar og hendingar. Korleis

²⁹⁵ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Merete Myklebust og Randi Leinan.

²⁹⁶ Hjelm, «The bad female football player: women's football in Sweden», s.145.

²⁹⁷ Beauvoir, *Det annet kjønn*, ss.35, 92.

²⁹⁸ Eric Dunning, *Sport matters: Sociological Studies of Sport, Violence and Civilisation*, (London: Routledge, 1999), s.229.

Liston, «Sport and Gender Relations», s.616.

²⁹⁹ Sjå *Kjønnforskning* s.16-18.

spelarane opplevde møte med journalistar i media og korleis dei opplevde å bli omtala skil seg frå omfanget av sjølv mediedekninga og blir dermed behandla i dette underkapittelet. Spelarane er delte i spørsmålet om dei opplevde noko ein kan karakterisere som upassande knytt til media som følgje av at dei var kvinner. Dei fleste skildrar at dei sjølv hadde gode opplevingar i møte med media, og at dei opplevde at media behandla dei med respekt. Kartlegginga av minna spelarane og trenar har knytt til media avdekkjer likevel at det fanst unntak. Even Pellerud trekker fram at han opplevde det som «sånn mangel på respekt» då TV2 tok med seg to spelarar frå det norske herrelandslaget for å sjå på ei av treningane til kvinnelandslaget i forkant av VM i 1995. Han minnest at han opplevde det som ein provokasjon at «våre VM-spelarar skulle gape av forventning» av at to spelarar på det norske herrelandslaget, «to ordentlege fotballspelarar», såg på treninga deira. Éin spelar fortel òg at det var fleire journalistar som «var veldig på oss» etter VM-gullet i 1995 og at ho opplevde at éin av journalistane la an på ho:³⁰⁰

Då var det ein journalist som rett og slett prøvde seg på meg. Han var gift og hadde småungar og alt. Det var ubehageleg, men eg avviste han på ein grei måte.

Spelaren fortel at journalisten sende fleire e-postar der han inviterte ho ut og der det «ikkje var tvil om kva han ville». Ho fortel vidare at ho blei intervjuet av journalisten ved seinare høve og at det framleis var «ubehageleg», men at ho «lata som ingenting». At spelaren fortel og trekker fram denne hendinga, må ein sjå i lys av #metoo-debatten og det auka fokuset på misbruk av maktforhold dei seinare åra. Spelaren fortel sjølv at «Eg hugsar at eg var usikker, men eg ser det meir tydeleg når eg snakkar om det no». Det er dermed ikkje utenkeleg at den fortidige hendinga er prega av notidas syn på det som i dag blir sett på som upassande åtferd frå ein journalist. Likevel er det interessant at spelaren fortel om ei hending der kjønnskilnaden mellom spelar og journalist var eit tema. Uavhengig av kva åtferd journalisten hadde, hugsar spelaren ei oppleving av at hennar kjønn, og ikkje rolla som idrettsutøvar, spelte inn i relasjonen mellom journalist og idrettsutøvar og at journalisten hadde interesser som gjekk ut over det reint idrettsfaglege.

Medan spelarane ved fleire høve fortel om opplevingar andre på laget hadde i meisterskapet i 1995, skjer det få gonger knytt til media. Det kan virke som at spelarane har manglande

³⁰⁰ Anonymisert av omsyn til informant og omtala tredjeperson.

kunnskap om kvarandre sine opplevingar på dette området, noko som kan tyde på at spelarane har snakka lite saman om kva dei opplevde i møte med media. Fire av spelarane som skildra at dei hadde eit godt forhold til media kan likevel fortelje at dei sjølv eller andre fekk spørsmål frå journalistar som fokuserte i overkant mykje på det utanomsportslege, som hadde ein tydeleg tendens, eller som tidvis framstod som upassande.³⁰¹ Det blir blant anna trekt fram at journalistar kunne ha fokus på om spelarane hadde kvinneleg sambuar, om dei var gravide, eller om dei var gift og skild. Éin spelar nemner at fokuset på «kven som hadde kjæraste, kven som ikkje hadde kjæraste, kven som er lesbisk og kven som ikkje er det» gjekk på kostnad av det sportslege fokuset media hadde knytt til meisterskapet. Dette samsvarar med funna til Guttormsen om at media i større grad var opptatt av utanomsportslege faktorar i sakene om kvinnelege idrettsutøvar enn dei mannlege i samband med OL i Lillehammer i 1994.³⁰² Utsegnene til spelarane styrkar dermed den allereie samstemde forskinga som viser at kvinnelege idrettsutøvarar blir, og blei, framstilt annleis i media enn mannlege utøvarar.

Det er i alt to spelarar som nemner at dei sjølv eller andre fekk spørsmål om dei var lesbiske som følgje av at dei spelte fotball.³⁰³ Ein av informantane skildrar at ho første dag på høgare utdanning sette seg ned ved sida «ein eg aldri hadde sett før», at ho presenterte seg og sa at ho spelte fotball. Ho hugsar framleis svaret ho fekk då ho fortalde at ho spelte fotball:

'Ja, så du er lesbisk då?'. Det var den første kommentaren eg fekk. Me måtte tåle mykje.

Som nemnd tidlegare delte òg Beauvoir, som kanskje er den mest kjende feministen gjennom tidene, desse haldningane og uttrykte at «Et stort antall idrettskvinner er homoseksuelle» som ikkje «ønsker å få kjærtegn».³⁰⁴ Dette viser kor sterkt slike haldningar stod i samfunnet og kor vanlege desse handlingane til «idrettskvinner» var, og det er ei haldning som har halde fram i kvinnefotballsamanheng. At to av ti spelarar nemner dette, viser at dette med stort sannsyn har vore ei utfordring for kvinnelege fotballspelarar. Det er òg i tråd med funna til Cox og Thompson, samt Skogvang, som avdekte liknande opplevingar til kvinnelege fotballspelarar. Det kan likevel verke som at det er færre som svarar at dei opplevde at fotballspelinga deira

³⁰¹ Anonymisert av omsyn til informantane.

³⁰² Guttormsen, *Idrett, medier og kjønnsforskjeller*, ss.118, 138.

³⁰³ Anonymisert av omsyn til informantane.

³⁰⁴ Beauvoir, *Det annet kjønn*, s.426.

blei kopla saman med å vere lesbisk enn i undersøkinga til Skogvang. Skogvang observerte tre kvinnelag og gjennomførte djupneintervju og fann at «mange» hadde opplevd at fotballspelinga deira blei assosiert med å vere lesbisk.³⁰⁵ Skogvang går ikkje nærmare inn på kva ho legg i «mange», men ein kan ut frå ordvalet anta at talet er høgare enn to personar, slik som i denne undersøkinga. Éi mogleg årsak til skilnadane mellom funna i denne oppgåva og funna til Skogvang kan vere at fleire spelarar enten ikkje hugsar, eller ikkje ser tilbake på temaet som ein dominant del av minna frå deira aktive fotballkarriere. Verken spelarane i denne eller Skogvang si undersøking fekk direkte spørsmål om temaet, noko som òg kan indikere at måten spørsmåla har blitt stilt på, har hatt innverknad på kva spelarane delte. Trass skilnadane i omfang, er forskinga på temaet samstemd i at kvinnelege fotballspelarar blir, og blei, lettare assosiert med å vere lesbiske enn andre kvinner. Undersøkinga til Skogvang avdekte òg at menn aldri blei stilt spørsmål om seksualitet knytt til deira fotballutøving.³⁰⁶ Dette viser tydeleg at den hegemoniske maskuliniteten i fotballen prega forståinga folk hadde av kvinnelege fotballspelarar. Fotball og atletiske ferdigheiter blir, og har blitt, assosiert med maskulinitet, og funna i denne undersøkinga viser at kvinner som spelte fotball på 1990-talet lettare blei sett på som nokon som kryssa kjønnsgransene for kva samtida definerte som homoseksualitet, og er dermed i tråd med tidlegare forskning på dette området.³⁰⁷

Alle informantane skildrar at dei i løpet av fotballkarrieren høyrde eller fekk negative kommentarar om kvinnefotball. Trenar Even Pellerud nemner at han sjølv ikkje fekk kommentarar, men at «du veit jo, og ser jo, kva nokre tenkjer» og at han følte han blei sett på som ein som «merkeleg nok tok over kvinnelandslaget». Kommentarar spelarane nemner at dei fekk er kommentarar som «Det er jo berre damefotball»³⁰⁸ og «Ja, du har vunne VM, men det er jo berre damene»³⁰⁹. Utsegna er tydelege døme på at kvinnefotball blei vurdert som *den andre fotballen*. Desse haldningane kan ein òg finne spor av i skriftlege kjelder frå 1990-talet. I 1995 var Merete Myklebust frontfigur i ein trykt reklame for Statoil. I reklameteksten stod det:

³⁰⁵ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.203.

³⁰⁶ Skogvang, *Toppfotball- et felt i forandring*, s.216.

³⁰⁷ Harris, «The Image Problem in Women's Football», s.195.

Cox, Thompson, «Facing the Bogey: Women, Football and Sexuality», s.9.

³⁰⁸ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm.

³⁰⁹ I intervju med Ingrid Sternhoff.

Vi kunne tatt et bilde av Myggen eller Leo for å få fram at Statoil er en støttespiller for norsk fotball. Men vi valgte Merete Myklebust. Dels fordi hun har gått gradene i norsk fotball, fra U16-landslaget til debuten på seniorlandslaget i 1994. Dels fordi hun kan bli både VM og OL-spiller for Norge. Men først og fremst fordi hun er et *talent*- og det er talentene vi i Statoil ønsker å satse aller mest på. Vi vet ikke om Merete noensinne blir en virkelig stjerne. Men vi vil at hun skal få alle sjanser.³¹⁰

Ein finn òg reklamen i mindre versjon, med bilete av Myklebust og teksten «Merete Myklebust, talent, fotball».³¹¹ Denne versjonen er å finne i VG fram til 19.november 1995, fem månader etter VM-gullet. Statoil skriv i klartekst at dei, sjølv etter VM-gullet, først og fremst ser på Myklebust som eit «talent» og at dei er usikre på om ho nokon gong kjem til å bli ei «stjerne». Myklebust hadde i november 1995 32 A-landskampar for Noreg, med VM-gull som den største bragda.³¹² I tillegg spelte ho for Noregs beste lag, Trondheims-Ørn. At ein verdsmeister i fotball og klubbspelar for Noregs beste lag ikkje allereie blir omtala som ei stjerne, men berre som eit talent, vitnar om ei sterk nedvurdering av prestasjonane til kvinnelege fotballspelarar. Erik «Myggen» Mykland hadde på si side 35 A-landskampar for Noreg, berre tre fleire, og var ikkje verdsmeister.³¹³ Det er likevel «Myggen», og ikkje Myklebust, som først og fremst blei assosiert med norsk fotball sidan Statoil presiserte at dei kunne vald eit bilde av «Myggen» for å «få fram at Statoil er en støttespiller for norsk fotball».³¹⁴ Reklamen er dermed eit tydeleg døme på korleis media og sponsorar bidrog til å legitimere og oppretthalde hegemonisk maskulinitet i fotballen på 1990-talet.

I intervjuet kom det òg fram andre døme på negative kommentarar eller haldningar til kvinnefotball. Gro Espeseth hugsar at ho fekk spørsmål om ikkje ho «som er dame er redd for å få sår på knea» og om ho ikkje kunne gå med skjørt sidan ho «hadde arr på beina».³¹⁵ Ho hugsar òg ei hending under ein av kampene i OL i Atlanta i 1996, der dei blei dømde av ein herredommar som hadde vore dommar under VM for herrar i 1994. Espeseth fortel at ho hadde hatt «nokre på-kanten-taklingar som kvalifiserte veldig for gult kort», men at

³¹⁰ Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, s.69.

³¹¹ Statoil, «Merete Myklebust, talent, fotball».

³¹² Norges Fotballforbund, «Merete Myklebust».

³¹³ Norges Fotballforbund, «Erik Mykland».

³¹⁴ Norges Fotballforbund, *Årbok 1995*, s.69.

³¹⁵ Espeseth fortel for øvrig at ho svara «Det drit eg i. Alt skal synast, det viser at me lever».

dommaren kom bort til ho og sa «Du, har så fint smil, så eg gir deg ikkje gult kort». Vidare fortel ho at han i tillegg spurde midt under kampen om ho «ville ha telefonnummeret så me kunne gå ut og ete etter kampen». Heidi Støre hugsar spesielt at ho blei irritert då ein profilert herrespelar på Moss FK kalla kvinnefotball for «husmortrim» sidan ho visste at ho «trente dobbelt så mykje som vedkommande». Dette er kommentarar og hendingar som ein mannleg fotballspelar med stort sannsyn aldri ville opplevd og forteljingane til spelarane indikerer at spelarane opplevde hendingar og kommentarar som eit resultat av at dei var kvinner. Begge døma viser òg tydeleg at spelarane opplevde møte med menn som langt frå tok idrettsutøvinga deira på alvor. Støre fortel likevel at ho jamt over sjeldan opplevde å få negative kommentarar i Noreg, men at ho opplevde at haldningane var meir kritiske, og dei negative kommentarane fleire, i samband med at landslaget spelte kampar i Sør-Europa. Dette er eit teikn på, og i tråd med funna til Scraton mfl. om, at kvinnefotball var mindre kulturelt marginalisert samanlikna med ei rekkje andre land.³¹⁶ Likevel viser utsegnene til spelarane, som alle hugsar negative haldningar og kommentarar til kvinnefotball, at ein i Noreg heller ikkje var fri frå marginalisering av kvinnefotball.

Sjølv om fleire opplevde negative opplevingar og møtte negative haldningar til at dei spelte fotball, hugsar alle perioden først og fremst som positiv. Det kan òg sjå ut til at fleire av spelarane hadde evna til å ikkje ta til seg dei negative kommentarane. Heidi Støre hugsar til dømes at dei på tur med landslaget i Sør-Europa berre «fnyste» eller «rista på hovudet» av negative kommentarar. Kristin Sandberg seier òg at ho ikkje brydde seg om kritikk og negative kommentarar «fordi eg syntest det var gøy å spele sjølv, så for meg hadde ikkje det så innmari mykje å seie». Tina Svensson Grønlund fortel at ho medvite valde å høyre på dei «som syntest det var bra» og at ho ikkje «gadd» å forholde seg til dei som ikkje likte kvinnefotball. Ho hugsar likevel at ho ved eitt enkelt høve blei «såra» og «sint» då sjefen i lunsjen på jobb kom med ein «slengmerknad om damefotball». Ho fortel at ho tok saka i eigne hender og ga sjefen «ei skive med leverpostei i trynet.». Grønlund skildrar at ho trur sjefen ikkje trudde ho skulle reagere så sterkt, noko som indikerer at det sannsynlegvis var kultur for såkalla «slengmerknadar» om kvinnefotball i fleire miljø. Grønlund fortel at sjefen «kom på kontoret mitt og bad om unnskyldning seinare» og at ho dermed la situasjonen raskt bak seg.

³¹⁶ Scraton mfl., «It's still a Man's Game?», s.106.

Sitata vitnar om at spelarane lærte seg å leve med negative kommentarar og haldningar, og at dei medvite valde å høyre på dei som syntest det var bra. At alle framleis hugsar negative kommentarar og slengmerknader frå fotballkarrieren, vitnar likevel om at dei sette spor. Tilveret som kvinneleg fotballspelar var dermed ikkje problemfritt, men det kan verke som at spelarane ikkje let dei negative kommentarane og haldningane overskygge gleda dei hadde med å spele fotball.

Karriereslutt

Spelarane ga seg på toppnivå i ulik alder og på ulike tidspunkt. Fleire trekker fram at fotball var det «kjekkaste eg visste»³¹⁷, «kjekt»³¹⁸ og at «trivsel»³¹⁹ gjorde at dei heldt på lenge. Randi Leinan trekker fram at ein ikkje kunne leve av å vere kvinneleg fotballspelar i Noreg på 1990-talet og at ho potensielt hadde halde på lenger dersom det hadde vore mogleg. Fire³²⁰ fortel at dei la opp, eller blei tvungne til å leggje opp, som følgje av ein skade, to³²¹ av dei på grunn av roke korsband. Kristin Sandberg, som rauk korsbandet i VM i 1995 og aldri kom tilbake på fotballbanen fortel at det var ei sorg å ryke korsbandet og at det tok tre år «før kneet fungerte ganske bra». Ho fortel at det heile var ein prosess, men at ho fekk andre perspektiv på livet og oppdaga av livet hadde «litt anna å by på enn berre å spele fotball». Medan nesten halvparten ga seg på grunn av skade, fortel andre at dei ga seg «naturleg»³²² og i «godt vaksen»³²³ alder. Det varierer med andre ord om karrieresluttan var eit val spelarane kunne ta sjølv eller om det var eit uunngåeleg punktum på grunn av skade.

Samandrag

Det er ein markant likskap i svara til dei intervjua spelarane knytt til korleis dei hugsar landslagsfotballen på 1990-talet, med VM-gullet i 1995 som eit stort høgdepunkt. Spelarane

³¹⁷ I intervju med Heidi Støre.

³¹⁸ I intervju med Ann Kristin Aarønes og Anne Nymark Rylandsholm.

³¹⁹ I intervju med Randi Leinan.

³²⁰ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Kristin Sandberg og Merete Myklebust.

Merete Myklebust presiserer at eit brot i foten gjorde at det var vanskeleg å kome tilbake på same nivå og at det var ein medverkande årsak til at ho la opp.

³²¹ I intervju med Gro Espeseth og Kristin Sandberg.

³²² I intervju med Heidi Støre og Ingrid Sternhoff.

³²³ I intervju med Linda Medalen.

hugsar perioden som «veldig kjekt/gøy» og det er klare teikn på at dei først og fremst sit att med positive minne og kjensler knytt til perioden. I samband med meisterskapet i 1995 legg fleire vekt på flyten og samspelet dei hadde, og alle informantane er tilnærma samstemde i årsakene til at dei vann VM. Blant årsakene blir det nemnd at laget var godt trent og godt organisert, at spelarane var lojale, taktisk gode og at fleire enkeltspelarar hadde viktige spisskompetansar. Dei trekker òg fram at Noreg var tidleg ute med kvinnefotball og dermed hadde eit forsprang på ei rekkje nasjonar.

Bortsett frå spelarane som opplevde profflivet i utlandet, var det ingen som opplevde å få løn i klubbfotballen. VM-bonusen på 50 000 kr var òg betydeleg lågare enn tilsvarande for herrelandslaget, og ein kan slik sett snakke om få økonomisk gode i landslags- og klubbfotballen for kvinner på 1990-talet. Det er likevel få spelarar som legg vekt på at dette var eit stort hinder for dei, anna enn at det førte til ein meir hektisk kvardag.

I samband med fotball-VM i 1995 er spelarane unisone i at dei hugsar ei sterk auke i mediedekning, men at mediedekninga ikkje heldt fram etter meisterskapet. Ingen av dei uttrykker derimot eit personleg sagn av mediemerksemd. Det er med andre ord openbert at dei spelte fotball fordi dei hadde stor glede av det personleg, og ikkje for å få status og merksemd. Det er òg openbert at media, gjennom lite dekning utanom meisterskapa, bidrog til å oppretthalde og legitimere den hegemoniske maskuliniteten i fotballen. Sjølv om éin spelar opplevde å bli lagd an på av ein journalist og fleire hugsar å ha fått utanomsportslege og private spørsmål knytt til legning eller sivilstatus, hadde dei fleste likevel stort sett berre positive opplevingar og minne knytt til media.

Alle informantane fortel om negative haldningar eller kommentarar dei har høyrdd eller fått som følge av at dei spelte kvinnefotball. At kommentarane blir hugsa indikerer tydeleg at små slengmerknader sette spor. Fleire fortel om samanlikningar mellom herrefotball og kvinnefotball, og at resultatet av samanlikninga var ei nedvurdering av kvinnefotball. Det er derfor tydeleg av kvinnefotball var *den andre fotballen*. Det er to som hugsar at dei sjølv eller andre har fått spørsmål om dei er lesbiske. Dette samsvarar med funna frå annan forskning på kjønn og fotball, og det tyder på at kvinner som spelar fotball lettare blir assosiert med homoseksualitet enn andre kvinner sidan fotball blir sett på som ein maskulin idrett. Trass dette, skildrar spelarane tida som aktiv fotballspelar på klubb- og landslag først og fremst i positive ordlag. Spelarane er tydelege på at dei stort sett ignorerte negative kommentarar og

haldningar til fotballutøvinga deira, og at dei medvite valde å høyre på positive kommentarar og tilbakemeldingar.

5 Tida etter fotballkarrieren

I dette kapittelet skal eg undersøke tida etter fotballkarrieren til spelarane, tida etter VM-gullet og korleis det er å vere tidlegare landslagsspelar for Noreg. Eg har vald å fokusere på forholdet spelarane har til fotball i dag, korleis dei vil skildre livet dei lever i dag og korleis dei opplever at prestasjonane deira og VM-gullet i 1995 har blitt verdsett i ettertid. Eg vil argumentere for at det er viktig å innlemme ein del om korleis informantane i dag ser tilbake på tida på landslaget og VM-gullet, og kva forhold dei har til fotball i dag, sidan haldningar, kjensler og tankar som kom fram i intervju med informantane strengt tatt er uttrykk for notidas syn på minna, og ikkje korleis dei i fortida opplevde dei ulike hendingane. I eit idrett- og kjønnspektiv er det òg interessant å kartleggje årsakene til at dei fleste av dei tidlegare landslagsspelarane i dag er relativt anonyme i dagens fotballverd. Dette står i kontrast til talet på kor mange av dei tidlegare mannlege landslagsspelarane frå same periode som har blitt trenarar, fotballekspertar eller er det ein kan kalle kjende fjes i norsk, og i nokre tilfelle, internasjonal fotball. I samband med skal eg undersøke om det er eit aktivt val dei kvinnelege spelarane sjølv har tatt eller om det er eit resultat av mangel på val og moglegheiter etter fotballkarrieren.

Forholdet til fotball i dag og identifisering med tida som aktiv fotballspelar

Det kjem klart fram at fleire av dei tidlegare spelarane framleis har eit nært forhold til fotball. Ann Kristin Aarønes nemner til dømes at fotball har halde fram med «å vere ein stor del av livet, også etter at eg ga meg sjølv» og Merete Myklebust fortel at fotball tyder «mykje fortsatt». Eit tydeleg funn om liva til spelarane etter fotballkarrieren er at alle har, eller har hatt, ei eller anna form for rolle i fotballmiljøet. Seks spelarar er eller har vore trenar/medtrenar for breiddelag for jenter eller gutar.³²⁴ Dei fleste av desse fortel at dei har følgd opp eigne barn og vore med som trenarar rundt laga til barna. Tre³²⁵ har, eller har hatt,

³²⁴ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Kristin Sandberg, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund.

³²⁵ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Anne Nymark Rylandsholm og Ingrid Sternhoff.

roller på kretslag eller aldersbestemte landslag, tre³²⁶ har hatt styreverv og tre³²⁷ har vore med i trenar- og støtteapparat for seniorlag for damer. Tina Svensson Grønlund blei i 2023 æresmedlem i Lillestrøm Sportsklubb for å ha hatt ulike roller i klubben i over 20 år. To har òg jobbar knytt til fotball; Ann Kristin Aarønes arbeider som økonomimedarbeidar i Aalesund fotballklubb og Heidi Støre er tilsett i NFF som seksjonsleiar for aldersbestemte landslag. Merete Myklebust fortel at ho er ein del av ein «veterangjeng» som støttar opp om toppserielaget Rosenborg Kvinner. Dei ulike rollene i fotballmiljøet vitnar alle om at dei intervjuja spelarane har, eller har hatt, tilknytning til fotballmiljøet etter at dei var ferdige som aktive utøvarar sjølv, trass at det ikkje har vore blant dei mest framståande rollene.

Halvparten fortel likevel at dei har takka nei til trenartilbod, verv og andre førespurnader.³²⁸ Fleire nemner at dei ønskte å «prioritere familielivet»³²⁹, «ikkje hadde ambisjonane»³³⁰ eller at dei ønskte å «styre tida si sjølv»³³¹. Det blir trekt fram at kvardagen var hektisk då dei sjølv heldt på, og at dei dermed ikkje ønskte å halde fram med ein like aktiv kvardag etter karrieren. Dette tyder på at spelarane har tatt aktive val om å ikkje bli trenarar på høgt nivå eller søkt ulike roller i og rundt fotballmiljøet. Samanlikna med tidlegare spelarar på herrelandslaget, verkar det på dei eine sida som at dei kvinnelege spelarane ikkje har hatt dei same ambisjonane om å bli trenar, ekspertkommentator eller andre sentrale roller etter eigen fotballkarriere. På den andre sida, svarar alle dei kvinnelege spelarane at dei aldri har fått attraktive førespurnader eller karrieremoglegheiter som følgje av suksessen med landslaget.³³² Sjølv om fleire ikkje har hatt ambisjonar, verkar det heller ikkje som at andre har hatt ambisjonar på deira vegne. Ein kan dermed anslå at årsakene til at dei fleste av dei tidlegare landslagsspelarane i dag lever relativt anonyme og «vanlege» liv, er ein kombinasjon av at dei ikkje har hatt ambisjonar sjølv og at dei ikkje har fått tilstrekkelege moglegheiter.

³²⁶ I intervju med Ingrid Sternhoff, Linda Medalen og Tina Svensson Grønlund.

³²⁷ I intervju med Ingrid Sternhoff, Randi Leinan og Tina Svensson Grønlund.

³²⁸ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Heidi Støre, Kristin Sandberg og Merete Myklebust.

³²⁹ I intervju med Gro Espeseth

³³⁰ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm

³³¹ I intervju med Merete Myklebust.

³³² Tina Svensson Grønlund og Ann Kristin Aarønes nemner likevel at dei trur at fotballkarrieren var ein medverkande årsak til at dei fekk jobb i Romerrike bank og i AaFK.

Det er likevel ingen som uttrykker misnøye med liva dei har hatt etter fotballkarrierane. Tvert i mot fortel informantane at dei lever gode liv. Dei bruker ulike formuleringar, men felles for dei er at alle formuleringane er positive. Dei nemner blant anna at dei har det «kjempefint»³³³, «veldig fint»³³⁴ og «bra»³³⁵, at livet etter karrieren har vore «kjempepositivt»³³⁶ og at dei føler seg «privilegert»³³⁷. Nokre nemner òg at dei framleis har glede av trening og fysisk aktivitet. Ut frå det som blir nemnd i intervju, ser det ut til at alle trivst med liva dei har etter fotballkarrieren, og det er ingen teikn på at dei intervjuja spelarane saknar ein trenarkarriere eller andre attraktive roller i fotballmiljøet.

Dersom ein undersøker nærmare forholdet dei tidlegare landslagsspelarane har til fotball i dag, og korleis dei i dag ser tilbake på fotballkarrieren, er det påfallande at fleire framleis identifiserer seg sterkt med fleire aspekt ved tida som aktiv fotballspelar. Nokre bruker ved fleire høve presens når dei fortel om hendingar som heilt klart høyrer til fortida som fotballspelarar. Det er fleire døme på dette:

Og så **er** eg ein duellspelar, eller var ein duellspelar.³³⁸

Når me spelte med flaget på brystet, hadde me så enorm innsats både for trenaren og for laget. Me var totalt utsletne etter kampar og treningar. Det var veldig høgt nivå. Det **er** ei veldig god kjensle.³³⁹

Det **er** det kjekkaste eg **kan** gjere, artigaste eg **kan** gjere, var å spele fotball. Det er så enkelt. Det er ein fantastisk idrett, og så er eg veldig fascinert av lagidrett, der på ein måte summen blir så avgjerande, og det å få med seg alle. [...]. Det **er** jo kjempeartig. Det var kjempeartig.³⁴⁰

I eit munnleg intervju, der ein relativt spontant skal fortelje om fortida, er det ikkje usannsynleg at det tidvis kan bli brukt feil verbtider. Det er likevel påfallande at det er om

³³³ I intervju med Linda Medalen.

³³⁴ I intervju med Randi Leinan.

³³⁵ I intervju med Ann Kristin Aarønes og Kristin Sandberg.

³³⁶ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm.

³³⁷ I intervju med Heidi Støre.

³³⁸ I intervju med Anne Nymark Rylandsholm.

³³⁹ I intervju med Gro Espeseth.

³⁴⁰ I intervju med Heidi Støre.

forholdet til fotball og minne om seg sjølv som aktiv fotballspelar, og ikkje ved andre aspekt frå fotballkarrieren eller barndommen, at nokre av spelarane tidvis bruker presens. Historikar Ingar Kaldal forklarar at historie og minne kan gi identitetar.³⁴¹ Det vil ikkje seie at spelarane ser forholdet dei hadde til fotball for nesten 30 år sidan og i dag som identisk, men at dei framleis identifiserer seg med fleire aspekt ved fotball. Kaldal peikar på at både tidlegare bragder og feilgrep kan vere viktige for kva ein identifiserer seg med i fortida, og at dei kan resultere i lærdom, skam, ære, sjølvrespekt eller andre kjensler i dag.³⁴² Det kan verke som at spelarane koplar dei tidlegare bragdene frå fotballkarrierane sine, og forholdet sitt til fotball, til kjensler som glede, stoltheit og takksemnd. Tina Svensson Grønlund trekker til dømes fram at det heile var «ein draum» og at ho føler seg «takksam og heldig» som fekk oppleve å vere ein del av landslaget på 1990-talet. Gro Espeseth fortel òg at ho blir «meir og meir takksam for det eg har fått oppleve». Det er òg to som nemner at dei har tatt med seg fleire erfaringar frå fotballkarrieren, spesielt aspekta knytt til at fotball er ein lagidrett, inn i jobbsamanheng.³⁴³ Det er med andre ord tydelege døme på identifisering med tida som aktiv fotballspelar, og at minna frå tida utgjer ein del av identiteten til spelarane.

Verdsetting av prestasjonane til landslaget på 1990-talet

Det er fleire døme på at VM-gullet i 1995, og dei andre merittane til kvinnelandslaget blei verdsett i samtida. Som nemnd i innleiinga trekte dåverande statsminister Gro Harlem Brundtland fram «fotballjentene» som eit døme på at «det er typisk norsk å vere god» etter VM-sølv i 1991, og etter VM-gullet opplevde laget å bli gjort stas på med å bli eskortert heim frå meisterskapet av jagarfly. Fleire hugsar òg ulike markeringar for å markere gullet rett i etterkant av bragda. Randi Leinan minnest blant anna at dåverande kulturminister Åse Kleveland såg finalen og deltok på banketten, at ho og dei andre som spelte på Trondheims-Ørn blei æresmedlemmar i klubben og at laget var på besøk i mottakingsbustaden til regjeringa. Tina Svensson Grønlund, som hugsar talen til Brundtland, beskriv likevel merksemnda og verdsettinga av prestasjonane som eit kortvarig løft: «Det blei eit lite løft, og så drukna det igjen. Så blei det eit lite løft, og så drukna det igjen.». Utsegna skildrar ei oppleving av sporadisk anerkjenning og merksemnd rundt prestasjonane. Fleire fortel derimot

³⁴¹ Kaldal, *Minner som prosesser*, s.87.

³⁴² Kaldal, *Minner som prosesser*, s.87.

³⁴³ I intervju med Gro Espeseth og Randi Leinan.

at dei opplever at prestasjonane til landslaget på 1990-talet har blitt verdsett i ettertid.³⁴⁴ Det er likevel fleire som nøler og som til dømes seier at prestasjonane har blitt verdsett «til ein viss grad»³⁴⁵ eller «på ein måte»³⁴⁶. Det er òg påfallande at ingen konkret går vidare inn på måten dei opplever at prestasjonane har blitt verdsett på, anna enn at familie, vener og kollegaar har vore flinke til å verdsette prestasjonane dei hadde som aktive fotballspelarar.

Tre av informantane framhevar at NFF rota bort VM-pokalen kort tid etter gullet i 1995.³⁴⁷ Anne Nymark Rylandsholm beskriv tapet av pokalen som eit «dobbelsignal» frå fotballforbundet:

Det er jo blitt verdsett, men samstundes så er det litt sånn... Berre pokalen som forsvinn... Det seier jo litt om kor viktig det eigentleg er, det me har gjort. Så det er eit dobbelsignal, synest eg.

Media har fleire gonger dei siste åra fokusert på tapet av VM-pokalen.³⁴⁸ Ein skal derfor ikkje sjå bort i frå at minnet om den mista pokalen har blitt sterkare for spelarane sidan temaet har blitt tatt opp fleire gonger dei seinare åra. Det er derfor ikkje utenkeleg at nokre av dei ser den mista pokalen i samanheng med manglande verdsetting frå forbundet, delvis som følge av fokuset som har vore på det i media. Likevel er det ikkje unaturleg at dei intervjuar spelarane, uavhengig av fokuset media har retta mot saka, hadde trekt fram minnet av at forbundet mista VM-pokalen, sjølve beviset på at laget hadde vunne VM.

Alle ser positivt på utviklinga som har skjedd i kvinnefotballen dei siste åra med blant anna auka nivå, profesjonalisering, mediemerksemd og publikumsinteresse. Fleire fortel derfor at ein ikkje skal samanlikne prestasjonen frå 1995 med dagens kvinnefotball sidan idretten har utvikla seg mykje, og på mange område, sidan 1990-talet.³⁴⁹ Leinan fortel likevel at ho har opplevd at dei positive endringane har blitt brukt som eit argument for å vise at nivået i

³⁴⁴ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Anne Nymark Rylandsholm, Gro Espeseth, Ingrid Sternhoff, Merete Myklebust og Randi Leinan.

³⁴⁵ I intervju med Randi Leinan.

³⁴⁶ I intervju med Merete Myklebust.

³⁴⁷ I intervju med Ann Kristin Aarønes, Anne Nymark Rylandsholm og Tina Svensson Grønlund.

³⁴⁸ VGTV laga blant anna ei direktesending der dei skulle prøve å finne pokalen. (VGTV, «Jakten på VM-pokalen»).

³⁴⁹ I intervju med Heidi Støre, Kristin Sandberg og Randi Leinan,.

kvinnefotballen var dårlegare i 1995. Ho fortel at ho opplever det som urettferdig at det blir trekt fram at det var få gode nasjonar i VM i 1995, og at det i dag er mange fleire nasjonar som kan vinne VM. Dette er eit tydeleg døme på å gjere prestasjonen mindre gjev enn han var. Even Pellerud nemner òg at kvinnefotballen har utvikla seg mykje sidan 1990-talet, men han hevdar òg at herrefotballen har utvikla seg like mykje. Linda Medalen nemner òg at VM-gullet skjedde i «ei heilt anna tid», men at ho meiner «at me faktisk var ganske gode». I utsegna ligg det, medvite eller ikkje, eit forsvar av prestasjonen som følgje av utviklinga som har skjedd i kvinnefotballen. Ein finn ikkje liknande «forsvar» frå mannlege spelarar som til dømes var med på å slå Brasil i 1998. Det kan dermed verke som at argumentet om at nivået var dårlegare på 1990-talet for å ta bort noko av bragda oftare rammar tidlegare kvinnelege fotballspelarar enn mannlege fotballspelarar.

Det blir òg nemnd at herrelandslaget har fått større merksemd og har blitt verdsett i større grad enn kvinnelandslaget, trass at det var kvinnelandslaget som var mest merittert. Tina Svensson Grønlund viser til at det har blitt laga serie, *Våre beste menn*, om landslagsperioden til herrelandslaget på 1990-talet:

Då må eg innrømme at eg tenkte 'Fy faen, dette burde vore gjort om oss også.'. Ikkje for at eg har så jævla lyst til å stå på TV eller noko, men av respekt. Fordi dei kom til ein 'kvalik' [sic] og vann ein kamp, medan me vann eit heilt meisterskap.

I 2018, 20 år etter Noreg slo Brasil i ein gruppespelkamp i VM, spelte laga omkamp mot kvarandre på Ullevaal stadion i Oslo.³⁵⁰ NRK skreiv i skildringa av kampen at «Ronaldo, Bebeto, Roberto Carlos og resten av det brasilianske VM-laget fra 1998 er ute etter revansje mot Kjetil Rekdal, Tore André Flo og de andre heltene fra Drillos mannskap».³⁵¹ Både dømet frå Grønlund og rekonstruksjonen av VM-kampen 20 år etter er begge tydelege teikn på at prestasjonane til herrelandslaget på 1990-talet i større grad enn prestasjonane til kvinnelandslaget har blitt hugsa og verdsett i ettertid. Dette vitnar òg om den hegemoniske posisjonen til herrefotballen sidan det har blitt prioritert å arrangere omkamp av ein

³⁵⁰ Sæteren, «Brasil fikk revansj på Ullevaal» *Norges Fotballforbund*. 09.06.2018.

<https://www.fotball.no/landslag/norge-a-herrer/2018/brasil-fikk-revansj-pa-ullevaal/>.

³⁵¹ NRK TV, «9. juni 2018- Omkampen: Norge - Brasil».

gruppespelskamp frå VM-deltakinga til herrelandslaget i 1998 og lage tv-serie om perioden framfor å gjere tilsvarende om kvinnelandslaget.

Even Pellerud svarar òg, på direkte spørsmål om opplevinga av anerkjenning av prestasjonane, at prestasjonane til kvinnelandslaget og han som trenar ikkje er anerkjend på same måte som prestasjonane til herrelandslaget og til Drillo som var trenar for herrelandslaget. Pellerud viser til at han har tatt landslaga han har trent til 18 sluttspel, der det har blitt medalje i over halvparten. Han presiserer at det ikkje er «ei stor sak» for han personleg, men at anerkjenninga ikkje har vore god nok frå NFF si side. Han peikar òg på at anerkjenninga av dei kvinnelege landslagsspelarane ikkje har vore god nok:

Når ein tar VM-gull, som er så unikt i fotball, så synest eg det er rart at det ikkje har vore ein 20-årsmarkering, eller 5-årsmarkering. At det berre får passere utan at det er nokon markeringar, synest eg er skikkeleg dårleg. Dei jentene skulle blitt bore inn på gullstol i forbundlokalet eller eit eller anna, for eg synest ikkje anerkjenninga er i nærleiken av det den burde vere.

Pellerud forklarar skilnaden i anerkjenning av kvinne- og herrelandslaget med at «det har noko med gammaldagse haldningar å gjere». Fleire av spelarane, og trenar Pellerud, antyder derfor at verdsettinga og anerkjenninga av prestasjonane til kvinne- og herrelandslaget på 1990-talet er annleis som følgje av kjønn. I lys av dette kan det verke som at det offentlege i mindre grad har sett prestasjonane til kvinnelandslaget på 1990-talet som verd å markere i ettertid. Dette må ein sjå i samanheng med at kvinnefotball har blitt vurdert som *den andre fotballen* og at herrefotballen blir, og har blitt, sett på som norma for god og «ordentleg» fotball.

Samandrag

Fleire av dei intervjuja spelarane fortel at dei framleis har eit nært forhold til fotball i dag. Funna i oppgåva tyder òg på at fleire òg i dag identifiserer seg med å vere fotballspelar eller at dei forbinder perioden som aktiv utøvar med glede, stoltheit og takksemd. Eit stort fleirtal har, eller har hatt, ulike roller eller verv i fotballmiljøet, men desse rollene er først og fremst knytt til breiddefotball, kretslag og aldersbestemte landslag eller styreverv. Ingen av spelarane har, eller har hatt, ambisjonar om å bli topptrenarar, men det er òg få som har fått attraktive førespurnader. At ingen av dei i dag har ei rolle som trenar, ekspertkommentator eller

liknande, vitnar derfor om ein kombinasjon av at ingen har hatt behov eller ønske om det og at dei ikkje har fått attraktive moglegheiter.

Det er fleire døme på markeringar og gestar som verdsette VM-gullet til kvinnelandslaget i 1995 i samtida. I ettertid har det derimot vore mindre fokus frå fotballforbundet, media og andre aktørar på prestasjonen. Trener Even Pellerud rettar kritikk mot at det ikkje har vore noko form for jubileumsmarkeringar og fleire trekker fram at det er uheldig at fotballforbundet mista VM-pokalen. Det er òg påfallande at herrelandslaget har fått større merksemd i ettertid og at utviklinga i kvinnefotballen blir brukt som eit argument for å gjere prestasjonen i 1995 mindre gjev enn han var. Dette viser at kvinnefotball har blitt vurdert som *den andre fotballen* og at den hegemoniske maskuliniteten i fotballen har ført til at prestasjonane til herrelandslaget i større grad har blitt hugsa og trekt fram i ettertid. Informantane presiserer likevel at dei opplever at prestasjonane deira på landslaget på 1990-talet har blitt, og blir verdsett, av personar i nære relasjonar, slik som familie, vener og kollegaar. Det er få spelarar som uttrykker misnøye med at VM-gullet ikkje i ettertid har blitt anerkjend i stor grad i det offentlege rom. Slik sett kan det verke som at verdsetting frå personar i nære relasjonar har vore viktigare for informantane enn anerkjening frå det offentlege.

6 Konklusjon

I denne oppgåva har eg undersøkt og analysert korleis det var å bli og vere kvinneleg landslagsspelar for Noreg før, under og etter fotball-VM i 1995. Analysen har først og fremst bygd på kjeldemateriale frå elleve semistrukturerte intervju, ti med tidlegare landslagsspelarar frå VM-troppen i 1995 og eitt med dåverande hovudtrener Even Pellerud. Formålet med oppgåva har vore å kaste lys over opplevingane, prestasjonane og karrierane til spelarane og trenaren som har deltatt, og dermed gi individuelle stemmer til det som historieskrivinga ofte berre har dokumentert som kollektive prestasjonar. Det har blitt gjennomført få historiske analysar av opplevingar til norske kvinnelege fotballspelarar, og eit tydeleg formål med oppgåva har dermed vore å tette noko av kunnskapsholet som finst i historieforskninga på dette området. Oppgåva er eit bidrag til både norsk idrettshistorie og kvinnehistorie.

Sidan oppgåva har tatt utgangspunkt i å sjå på tida før, under og etter fotball-VM i 1995 har analysen slik sett vore tredelt. Hovudfokuset i analysen av tida før fotball-VM i 1995 har vore

val spelarane tok, i tillegg til rammevilkår i oppveksten, som bidrog til at dei blei blant Noregs beste fotballspelarar i si samtid. Tidsspennet for denne perioden strekker seg frå om lag 1970 og fram til 1995. Den andre delen av oppgåva fokuserte på korleis det var å spele landslagsfotball på 1990-talet, med hovudfokus på fotball-VM i 1995. Spelartroppen frå fotball-VM i 1995 var utgangspunktet for val av informantar i oppgåva, og analyse av ulike aspekt ved meisterskapet og korleis informantane hugsar at det var å spele, og vinne, VM-gull, har derfor hatt eit særskild fokus i oppgåva. I del to av oppgåva såg eg òg på korleis forholda i klubbkvardagen var og korleis det var å vere kvinneleg landslagsspelar i ein mannsdominert idrett. I den siste delen såg eg på tida etter fotball-VM i 1995. I denne delen valde eg å fokusere på tida etter spelarane ga seg som aktive idrettsutøvarar. Fokuset har dermed vore på korleis dei intervjuar spelarane i dag ser tilbake på landslagsfotballen på 1990-talet og VM-gullet i 1995, og korleis dei opplever at prestasjonane har blitt verdsett. Eg har òg undersøkt kva forhold informantane har til fotball i dag. Eg har kartlagd og analysert minna til informantane i hovudsak som beretningar om perioden eg har undersøkt. Eg har likevel òg analysert delar av minna som leivningar, sidan den siste analysedelen har eit tydeleg utgangspunkt i notida og det dermed var verd å undersøke kva notidige uttrykk som kom fram i forteljningane. Inspirert av teorien til Beauvoir om kvinna som *den andre* i forhold til mannen har eg vald å lansere omgrepet *den andre fotballen* om posisjonen til kvinnefotball som annanrangs i forhold til herrefotball.

Det er slåande likskapar i spelarane sin vegen til landslaget. Eit fleirtal fortel at dei i barndommen var allsidige og dreiv med fleire ulike idrettar. Når valet likevel fall på fotball, fortel informantane at det var eit resultat av glede dei hadde med fotball som idrett, i tillegg til aspekta knytt til at fotball er ein lagidrett der fellesskap og samhald er viktige komponentar. Dei intervjuar spelarane fortel òg om store treningsmengder i barne- og ungdomsåra, med inntil tolv treningsøkter i veka. Om lag halvparten fortel, på eige initiativ, òg om god støtte frå foreldre som ein viktig rammefaktor i oppveksten. Eit anna funn er rolla til eldre brør sidan fire spelarar fortel om ein eldre bror som var delaktig i å introdusere dei for trening og fotball. Scraton mfl. avdekte òg viktigheita av ein eldre bror i studien frå 1999, og funna frå denne oppgåva styrkar dermed viktigheita av å ha ein eldre bror for å bli introdusert for, og få innpass i, ulike fotballmiljø. Alle dei intervjuar spelarane i denne oppgåva svarar òg, i likskap med dei norske informantane til Scraton mfl., at dei deltok i uorganisert fotball med gutar på skulen og på fritida. Dette samsvarar med funn frå tidlegare forskning, og ein kan med stort sannsyn seie at spel med gutar var ein sentral faktor for å bli god i fotball på 1970-, 1980-, og

1990-talet. Det er òg merkbart at ingen av informantane etterlyste eit ønske om at det skulle deltatt fleire jenter i dei gutedominerte løkkefotballmiljøa, noko som tydeleg indikerer at dei sjølv fekk innpass i miljøa og blei anerkjende som fotballspelarar på relativt lik linje med gutane som deltok. Dette er òg i tråd med funna til Scraton mfl. som avdekte at Noreg, i samanlikning med Tyskland, Spania og England, var det landet der kvinnefotball var minst kulturelt marginalisert.

Analysen avdekte likevel ikkje berre likskapar blant informantane og i samanlikning med tidlegare forskning. Først og fremst skal ein vakte seg for å antyde at spelarane sin veg til landslaget er tilnærma identiske, på bakgrunn av ei rekkje felles faktorar og likskapar. Det er openberre likskapar i svara til fleire av spelarane, men i ein analyse har ein medvite utelate andre faktorar som kunne avdekt større mangfald og fleire ulikskapar. Med unntak av Ann Kristin Aarønes og Merete Myklebust, som begge spelte i barndomsklubben Spjelkavik, spelte alle informantane for ulike klubbar i barndommen. Nesten alle spelarane hadde derfor ulike oppvekstmiljø, med ulike skulemiljø, løkkefotballmiljø, familiar og vener. Det er dermed fleire skilnadar i oppveksten til spelarane. Det er òg ulikskapar i samanlikninga med tidlegare forskning. Sjølv om det er fleire likskapar mellom funna i denne oppgåva og studien til Scraton mfl., er det ein markant ulikskap i kor mange informantar som kategoriserer seg som «gutejente» i oppveksten. Medan Scraton mfl. fann at majoriteten av informantane kategoriserte seg som «gutejenter», var det berre éin av dei intervjuja spelarane i denne oppgåva som svara det same. Funna i denne oppgåva bidreg dermed til ei nyansering i forskinga på dette området. Skilnaden kan ha samanheng med at definisjonen av «gutejente» potensielt har endra seg noko i dei 25 åra mellom studien til Scraton mfl. og denne oppgåva, i og med at dagens diskurs er prega av ein framståande, og tidvis polariserande, kjønnsdebatt.

Dei ulike komponentane og faktorane eg har undersøkt i analysedelen om vegen til landslaget har eit stort potensial for vidare forskning. Årsrapportar og referat frå årsmøte i klubbane, skulearkiv, treningsdagbøker og kartlegging av viktigheita og rolla til ulike tredjepersonar er døme på det som utgjer eit stort, og relativt urørt, kjeldemateriale frå perioden. Det kan til dømes vere mogleg å undersøke rolla til løkkefotballen i samfunnet, tillegg til å gjennomføre ein komparativ studie av korleis jenter som ikkje var like gode i fotball, og som ikkje blei toppspelarar, opplevde det gutedominerte løkkefotballmiljøet i forhold til jenter som seinare blei toppspelarar.

Det er påfallande at dei tidlegare landslagsspelarane minnest perioden som landslagsspelar på 1990-talet som svært positiv. Dette må ein sjå i samheng med at kvinnelandslaget oppnådde betydeleg suksess, med fire meisterskapsmedaljar på 1990-talet, at eit stort fleirtal legg vekt på eit godt miljø og sterkt samhald i perioden og at rammene på landslaget var langt betre enn forholda i klubb fotballen i kvardagen. Fotball-VM i 1995, som enda med gull til Noreg, blir av spelarane skildra som både «fantastisk» og «utruleg» og det er tydeleg at dei mest dominerande minna består av positive opplevingar frå meisterskapet og er knytt til både enkeltstående hendingar, slik som kampane, men òg generelle kjensler som til dømes kjensla av å spele på eit vinnarlag og ha «flyt». Espeseth og Aarønes hugsar den negative opplevinga av at Espeseth måtte ta i mot VM-trofeet åleine, og hendinga utgjer eit markant døme på korleis kvinnefotball blei sett på som *den andre fotballen*.

Medan Scraton mfl. gjennomførte ein komparativ studie av korleis spelarar frå Noreg, Tyskland, England og Spania blei gode i fotball, har det ikkje blitt gjort ein liknande komparativ studie av tida som aktive toppidrettsutøvarar. Det hadde derfor vore interessant med ein komparativ studie av ulike nasjonar som deltok i meisterskap på 1990-talet. I lys av dette kunne ein kanskje med større sikkerheit fastslå kva som gjorde at Noreg var best i verda i 1995. Informantane i oppgåva skildrar òg ei oppleving av sterk auka mediemerksemd i samband med verdsmeisterskapet i 1995, men at serie- og cupspel i klubbkvardagen i liten grad blei dekkja av media. Ei djupare, og meir inngåande, analyse av mediedekninga til nasjonale, regionale og lokale aviser frå perioden kan derfor vere ein mogleg veg vidare i forkinga på dette området.

Informantane er relativt unisone i vurderingane av kva faktorar som spelte inn for at Noreg blei verdsmeistrar i fotball i 1995. Det blir i hovudsak nemnd fem faktorar, der det blir peika på at Noreg var godt trente, godt organisert og taktisk gode, at spelarane var lojale, at fleire av spelarane hadde særskilde spisskompetansar og at Noreg var tidleg ute med kvinnefotball som gjorde at laget hadde eit visst forsprang på fleire andre nasjonar. Som tidlegare fotballspelarar og hovudtrenar for laget, må ein gå ut frå at informantane er, og var, vant til å evaluere og vurdere eigen prestasjon i idrettssamheng, noko som gjer dei kompetente til å vurdere nettopp kvifor dei lukkast. Det er heller ingen grunnar til å mistru informantane sidan dei ikkje har nokon interesse av å svare annleis enn kva dei faktisk trur. Ein kan dermed seie at dei fem faktorane som blei nemnde i intervjuet med stort sannsyn var sentrale og plausible årsaker til at Noreg vann VM i 1995.

Det er tydeleg at dei sportslege oppturane med klubb-og landslag, gleda med idretten og dei sosiale aspekta med fotballen som lagidrett veg tyngre for spelarane enn dei manglande økonomiske og tidvis materielle vilkåra i klubbefotballen og den manglande mediedekninga mellom meisterskapa som òg var ein del av å vere kvinneleg fotballspelar på 1990-talet. Det er likevel ikkje slik at dei intervjuja spelarane ikkje opplevde negative haldningar, kommentarar eller opplevingar knytt til at dei spelte kvinnefotball. Alle kan fortelje at dei høyrde eller fekk negative kommentarar til kvinnefotball, og fleire kan fortelje at dei har opplevd at kvinnefotball blei samanlikna med herrefotball, der kvinnefotballen blei sett på som annanrangs i forhold til herrefotballen. Dette vitnar om ei nedvurdering av idretten og seier derfor noko om posisjonen til kvinnefotballen i samfunnet i perioden eg har undersøkt. Det er tydelege spor av at herrefotballen blei sett på som norm og ein kan derfor snakke om tydelege funn av hegemonisk maskulinitet. Dette er likevel ikkje nytt. Det finst mykje og einstemmig forskning på posisjonen og statusen til kvinnefotballen i samfunnet, samt hegemonisk maskulinitet i fotballen. Bidraget til forskinga med denne oppgåva er derfor opplevingane og syna til spelarane, altså ikkje berre *at* kvinnefotball blei vurdert som annanrangs, men *korleis* dei kvinnelege spelarane sjølv opplevde det. I intervjuja fortalde alle informantane om negative opplevingar, haldningar eller kommentarar, men informantane var òg tydelege på at dei stort sett ikkje tok til seg kritikken av kvinnefotball og dei sjølv som kvinnelege fotballspelarar. Fleire fortel òg at dei aktivt valde å høyre på folk som støtta dei. Dette viser at spelarane levde med kritikk av idretten dei utøvde, men at dei medvite valde å sjå bort frå kritikken. Det er likevel tydelege teikn på at kritikken har sett visse spor sidan alle informantane hugsar ulike negative kommentarar og haldningar.

Analysen av korleis det var å vere kvinne i ein mannsdominert idrett på 1990-talet avdekte to tilfelle av at spelarar fekk spørsmål om dei sjølv, eller andre, var lesbiske. Dette samsvarar med anna forskning på området som har avdekt at kvinnelege fotballspelarar har opplevd å bli assosiert med å vere lesbiske sidan fotball tradisjonelt har blitt, og i enkelte samanhengar framleis blir, sett på som ein maskulin idrett. Det fører til at kvinnelege fotballspelarar blir, og har blitt, vurdert av andre som nokon som kryssar kjønnsgrenser og dermed «stempla» som lesbiske. Det er derimot ikkje fullstendig samsvar med den tidlegare forskinga på dette området. Det var færre informantar som hadde opplevd at dei sjølv, eller andre, blei assosiert med å vere lesbisk enn det Cox og Thompson, samt Skogvang, peikar på. Funna i oppgåva

nyanserer dermed tidlegare forskning som har framstilt fenomenet som betydeleg vanlegare enn funna i denne oppgåva tilseier.

Det er fleire døme på at informantane opplevde at VM-gullet og prestasjonane deira blei verdsett i samtida, men det er derimot færre teikn på at dei opplever at prestasjonane har blitt hugsa og verdsett i det offentlege rom i ettertid. Den manglande verdsettinga og dei manglande markeringane i det offentlege seier òg noko om rolla til kvinnefotball i samfunnet. Prestasjonane til kvinnelandslaget har blitt markert og verdsett i mindre grad i ettertid enn prestasjonane til herrelandslaget, sjølv om det var kvinnelandslaget som var meritterte på 1990-talet. Dette vitnar om ei tydeleg nedvurdering av prestasjonane til kvinnelandslaget og dermed ei nedvurdering av sjølve idretten. Dette må ein sjå i samanheng med den hegemoniske posisjonen til herrefotballen i samfunnet og at kvinnefotball har blitt vurdert som *den andre fotballen*. Det er likevel få spelarar som etterlyser større merksemd rundt prestasjonane dei var ein del av. Spelarane framhevar heller støtta og anerkjenninga dei har opplevd frå nære relasjonar legg tydeleg vekt på at denne verdsettinga er tilstrekkeleg.

I analysen av minna som leivningar fann eg markante spor av at dei intervjuja spelarane identifiserer seg med ulike aspekt knytt til tida som aktiv fotballspelarar. Fleire har framleis sterke kjensler som stoltheit og takksemd knytt til perioden og det er òg enkelte spelarar som uttaler seg i presens når dei beskriv seg sjølv som fotballspelar eller korleis det var å spele fotball. Det er òg openbart at informantane framleis har eit nært forhold til fotball og at dei i hovudsak ser positivt tilbake på perioden som aktiv fotballspelarar. Trass i at det er fleire døme på at kvinnefotball blei vurdert som *den andre fotballen*, er det tydeleg at gleda med fotballen er, og har vore, stor for informantane, noko skildringa «Me var vel glade amatørar, men me vann no VM [...]» til Ann Kristin Aarønes tydeleg viser.

7 Kjelder og litteratur

Intervju med informantar

Ann Kristin Aarønes, 01.11.2023
Anne Nymark Rylandsholm, 30.10.2023
Even Pellerud, 23.11.2023
Gro Espeseth, 31.10.2023
Heidi Støre, 21.11.2023
Ingrid Sternhoff, 17.11.2023
Kristin Sandberg, 08.01.2024
Linda Medalen, 04.12.2023
Merete Myklebust, 14.11.2023
Randi Solli Leinan, 06.11.2023
Tina Svensson Grønlund, 21.11.2023

Avisoppslag VG 06.06.1995-18.07.1995

Aas, Hans Petter. «Angrer på skobutikken» *VG*. 14.07.1995.
— «Vil slå VM-Linda konkurs» *VG*. 14.07.1995.
Aase, Kari Aarstad. «-Kjempegøy» *VG*. 19.06.1995.
Dæhli, Truls. «En klassisk heltehistorie» *VG*. 16.06.1995.
— «Verdensmestere i særklasse» *VG*. 19.06.1995.
Haugstad, Børre. «Gulljentene i våre hjerter» *VG*. 20.06.1995. Overvik, Jostein. «Din tur, Cecilie!» *VG*. 21.06.1995.
— «Swingende seersuksess for fotballjentene» *VG*. 20.06.1995.
Godø, Marian. «VM-topp scorer Anka hjem til nye kamper» *VG*. 25.06.1995.
Johannessen, Bjørn Arne. «Ikke så sprek likevel» *VG*. 16.06.1995.
— «Keeper-Bentes største fangst» *VG*. 16.06.1995.
— «Mariannes jubelnatt» *VG*. 19.06.1995.
— «-Nå er det min tur» *VG*. 15.06.1995.
— «Skodde seg på VM-helten» *VG*. 21.06.1995.
— «Toppmøte» *VG*. 17.06.1995.
Johannessen, Trond. «Her starter opprøret» *VG*. 15.06.1995.
Johansen, Tore. «En flau forestilling» *VG*. 19.06.1995.
— «Våre flinke jenter» *VG*. 07.06.1995.

- Langholm, Dag. «Den minste kan bli størst» *VG*. 15.06.1995.
- «Den store VM-duellen» *VG*. 18.06.1995.
- «Drømmetreffet som endte i OL» *VG*. 09.06.1995.
- «Gode for VM-gull» *VG*. 07.06.1995.
- «Gro har lært av Bratseth» *VG*. 16.06.1995.
- «Heidis VM-drøm knust» *VG*. 16.06.1995.
- «Jubel-toget» *VG*. 14.06.1995.
- «Kastet ut av finalearenaen» *VG*. 18.06.1995.
- «Kjæresten vant på Gros mål» *VG*. 18.06.1995.
- «Linda skal stoppes» *VG*. 13.06.1995.
- «Men rike blir de ikke...» *VG*. 14.06.1995.
- «NRK tror på Linda» *VG*. 06.06.1995.
- «Norges nye TV-stjerner» *VG*. 10.06.1995.
- «Proff-nei fra Pappa» *VG*. 19.06.1995.
- «Radarparet» *VG*. 16.06.1995.
- «Riise fikk profftilbud» *VG*. 16.06.1995.
- «Slik jubler en toppscorer» *VG*. 11.06.1995.
- «Tilbudt hus og Mercedes» *VG*. 06.06.1995.
- «VM kan være over» *VG*. 11.06.1995.
- «VM-børsen» *VG*. 07.06.1995.
- «VM-børsen» *VG*. 09.06.1995.
- «VM-børsen» *VG*. 11.06.1995.
- «VM-børsen» *VG*. 14.06.1995.
- «VM-børsen» *VG*. 16.06.1995.
- «VM-børsen» *VG*. 19.06.1995.
- «VM-helt...mot forbundets vilje» *VG*. 13.06.1995.
- «VM-sang til slutt» *VG*. 18.06.1995.
- «...så kom gullgutta» *VG*. 19.06.1995.
- Langholm, Dag, Trond Johannessen. «Bratseth-kopi er høvdingen» *VG*. 17.06.1995.
- Moe, Oddleiv. «Hvorfor har NRK sendt B-laget?» *VG*. 17.06.1995.
- Overvik, Jostein. «Din tur, Cecilie!» *VG*. 21.06.1995.
- «Norge klart best» *VG*. 17.06.1995.
- Pettersen, Jørn. «Fotball er topp» *VG*. 14.06.1995.
- Sjem, Sturla. «Drømmer om Ullevaal» *VG*. 21.06.1995.

- . «Jentene- et pengesluk» *VG*. 21.06.1995.
- Stenberg, Morten. «...men Linda blir rik før hun legger opp» *VG*. 20.06.1995.
- Strøm, Ole Kristian. «Dameslakt» *VG*. 23.06.1995.
- . «Den store forskjellen» *VG*. 20.06.1995.
- VG*. «Ta fram flagget» 18.06.1995.
- . «VM-baby» 19.06.1995.
- Vikøyr, Harald. «Hurra i Hølbekken» *VG*. 19.06.1995.
- . «Høyt oppe... og langt nede» *VG* 16.07.1995.

Andre kjelder

- Boge-Fredriksen, Hans Christian, «Graham Hansen scoret da det ble satt verdensrekord: – Måtte holde tårene tilbake», *VG*. 22.03.2022. Funne 23.01.2024.
<https://www.vg.no/sport/fotball/i/V93OKI/graham-hansen-scoret-da-det-ble-satt-verdensrekord-maatte-holde-taarene-tilbake>.
- Brundtland, Gro Harlem. «Nyttårstale 1992.» *Regjeringen*. 01.01.1992.
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/smk/vedlegg/taler-og-artikler-av-tidligere-statsministre/gro-harlem-brundtland/1992/nyttarstale-1992.pdf>.
- FIFA. «Latest Women's World Ranking». 15.03.2024. Funne 24.03.2024.
https://inside.fifa.com/fifa-world-ranking/women?dateId=ranking_20240315.
- Haugli, Kurt. «Pellerud gir seg i Canada» *Aftenposten*. 21.05.2013. Funne 24.03.2024.
<https://www.aftenposten.no/sport/fotball/i/b57K8k/pellerud-gir-seg-i-canada>.
- Holbrook, Emma. «Arsenal Women achieve back-to-back sell outs» *Arsenal*. 02.03.2024.
<https://www.arsenal.com/news/arsenal-women-achieve-back-back-sell-outs>.
- Langerød, Dag. «Ny jobb for Pellerud», *Nettavisen*. 19.01.2009. Funne 24.03.2024.
<https://www.nettavisen.no/artikkel/ny-jobb-for-pellerud/s/12-95-2508275>.
- Lavery, Rich. «‘I fell in love with the team’: Even Pellerud on winning the Women’s Euros and World Cup» *The Guardian*. 21.07.2022. Funne 24.03.2024.
<https://www.theguardian.com/football/these-football-times/2022/jul/21/even-pellerud-manager-won-womens-euros-world-cup-norway-love>.
- Lote, Arve. «Her var kvinnefotball forbode i 50 år» *NRK*. 12.07.2013. Funne 14.01.2024.
<https://www.nrk.no/sport/fotball/fotball-var-forbode-i-50-ar-1.11124206>.
- Madsen, Christer. «Pellerud blir trenermentor for FIFA» *Norges Fotballforbund*. 18.12.2018. Funne 24.03.2024.
<https://www.fotball.no/trener/2018/pellerud-blir-trenermentor-for-fifa/>.

- Moloney, Marita. «World Cup: Matildas score TV rating record in semi-final loss to England» *BBC*. 17.08.2023. Funne 14.04.2024.
<https://www.bbc.com/news/world-australia-66531590>.
- Norges Fotballforbund. *Årbok 1995*. Oslo: Norges Fotballforbund, 1995.
- . «Erik Mykland». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://fotball.no/fotballdata/person/statistikk/?p=n&fiksId=3938415>.
- . «Kampreferat av Norge - Canada - 10.06.1995». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=1698076>.
- . «Kampreferat av Norge - Danmark - 13.06.1995». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=1698077>.
- . «Kampreferat av Norge - England - 08.06.1995». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=1698075>.
- . «Kampreferat av Norge - Nigeria - 06.06.1995». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=1698553>.
- . «Kampreferat av Norge - Tyskland - 18.06.1995». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=1698079>.
- . «Kampreferat av Norge - USA - 15.06.1995». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=1698078>.
- . «Kampreferat av Tyskland - Norge - 19.06.2005». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=1698942>.
- . «Kampreferat av Tyskland - Norge - 28.07.2013». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/kamp/?fiksId=5881298>.
- . «Merete Myklebust». U.d. Funne 03.04.2024.
<https://www.fotball.no/fotballdata/person/statistikk/?p=n&fiksId=1833099>.
- Norsk Idrætsblad og Sport. «Blandt belgiske og franske fotballspillere.» *Norsk Idrætsblad og Sport*. 27.05.1920.
- NRK TV. *9. juni 2018 - Omkampen: Norge - Brasil*. 09.06.2018. Funne 04.05.2024.
<https://tv.nrk.no/serie/fotball/201806/MSPO47650018/avspiller>.
- NTB. «Russere fortsatt utestengt fra FIS-konkurranser». *Dagsavisen*. 25.10.2023. Funne 04.05.2024.
<https://www.dagsavisen.no/sport/ski/2023/10/25/russere-fortsatt-utestengt-fra-fis-konkurranser/>.
- Ravnaas, Alexander. «A-landslagstrenerne kvinner» *Norges Fotballforbund*. 12.12.2023. Funne 24.03.2024.

<https://www.fotball.no/tema/om-nff/statistikk-og-historikk/a-landslagstrenerer-kvinner/>.

Sæteren, Thomas Brekke. «Brasil fikk revansj på Ullevaal» *Norges Fotballforbund*.

09.06.2018. Funne 04.05.2024.

<https://www.fotball.no/landslag/norge-a-herrer/2018/brasil-fikk-revansj-pa-ullevaal/>.

St.meld. nr.41. (1991-1992). *Idretten- folkebevegelse og folkeforlystelse*. Oslo:

Kulturdepartementet. https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1991-92&paid=3&wid=c&psid=DIVL1018&pgid=c_0763.

UEFA. «Business Case for Women's Football». 16.08.2022. Funne 24.03.2024.

https://editorial.uefa.com/resources/0278-15e121074702-c9be7dcd0a29-1000/business_case_for_women_s_football_external_report_1_.pdf.

Statoil. «Merete Myklebust, talent, fotball» *VG*. 19.11.1995.

VGTV. «Jakten på VM-pokalen». 11.07.2017. Funne 18.02.2024.

<https://tv.vg.no/video/143843/jakten-paa-vm-pokalen>.

Litteratur

Beauvoir, Simone de. *Det annet kjønn*. Oslo: Pax Forlag A/S, 2000.

Biddle, Stuart J.H., Nanette Mutrie. *Psychology of Physical Activity: Determinants, well-being and interventions*. New York: Routledge, 2008.

Bjertnes, Hanne Merete. *Medieomtaler av mannlige og kvinnelige fotballspillere – En kvalitativ innholdsanalyse av Dagbladets tekster fra fotball VM i et kjønnsperspektiv*. Masteroppgåve. Noregs Idrettshøgskule. 2005.

Bufdir. «Sykefravær og uførhet i et kjønnsperspektiv». U.d. Funne 30.04.2024.

<https://www.bufdir.no/statistikk-og-analyse/kjonnsligestilling/helse-sykefravaer>.

Çaglar, Ekim. *Propagandafotball*. Stockholm: Leopard forlag, 2017.

Carrigan, Tim, Bob Connell, John Lee. «Toward a New Sociology of Masculinity» *Theory and Society* Vol.14, nr.5 (01.09.1985): 551-604.

Cox, Barbara, Shona Thompson. «Facing the Bogey: Women, Football and Sexuality» *Football Studies* Vol. 4, nr.2 (2001): 7-24.

Dahl, Øyvind. *Møter mellom mennesker*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2017.

Dunning, Eric. *Sport matters: Sociological Studies of Sport, Violence and Civilisation*. London: Routledge, 1999.

Eckhoff, Noor Hoelsbrekken. *Noor blør for drakta*. Oslo: Strand forlag, 2023.

- Fasting, Kari. «Small country - big results: Women's football in Norway» *Soccer & Society* Vol.4, nr. 2-3 (2003-06): 149-161.
- Goksøy, Matti. *Historien om norsk idrett*. Oslo: Abstrakt Forlag, 2022.
- . *Hva er fotball*. Oslo: Universitetsforlaget, 2014.
- Goksøy, Matti, Finn Olstad. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Oslo: Norges Fotballforbund, 2002.
- Goldblatt, David. *The Ball is Round*. London: Penguin Books, 2006.
- Grove, Knut, Jan Heiret. «Å arbeida med munnlege kjelder». I *Historikerens arbeidsmåter*, av Leidulf Melve og Teemu Ryymin (red.), 122-147. Oslo: Universitetsforlaget, 2018.
- Guttormsen, Monica. *Idrett, medier og kjønnsforskjeller*. Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo. 1995
- Harris, John. «The Image Problem in Women's Football» *Journal of Sport & Socail Issues* Vol.29, nr.2 (2005-05): 184-197.
- Hæåk, Karina Fløysvik. *Mediedekning og framstilling av kvinne- og herrefotball i Jærbladet i eit historisk perspektiv*. Bacheloroppgåve: Universitetet i Stavanger. 2022.
- Helland, Knut. *Sport, media og journalistikk*. Bergen: Fagbokforlaget, 2003.
- Hjelm, Jonny. «The bad female football player: women's football in Sweden» *Soccer & Society* Vol.12, nr. 2 (2011-03): 143-158.
- Kaldal, Ingar. *Minner som prosesser: i sosial- og kulturhistorie*. Oslo: Cappelen Damm, 2016.
- Kjeldstadli, Knut. «Kan det sies noe nytt om de muntlige kildene?» *Dugnad. Tidsskrift for etnologi* Vol.17, nr.4 (2001): 41-46.
- . *Fortida er ikke hva den en gang var*. Oslo: Universitetsforlaget, 2. utg. 2019.
- Kolnes, Liv Jorunn. «Heterosexuality as an organizing principle in womens sport» *International Review for the Sociology of Sport* Vol.30, nr.1 (1995): 61-77.
- Lee, J. «Life after death.» *The International Journal of the History of Sport* Vol.24, nr.11 (11.11.2007): 1491-1499.
- Lekve, Maria, Hanne Stangebye Arnesen. «Hvor likestilt er vi?». *Statistisk sentralbyrå*. 08.03.2024. Funne 30.04.2024.
<https://www.ssb.no/befolkning/likestilling/artikler/hvor-likestilt-er-vi>.
- Leonsen, Maria Øverli. *I beste fall en god nummer to: Om kjønnsforskjeller i fotballen på Sørlandet*. Masteroppgåve. Universitetet i Agder. 2018.
- Lippe, Gerd von der. *Et kritisk blick på sportsjournalistikk*. Kristiansand: IJ-forlaget, 2010.

- . *Idrett som kulturelle drama: møteplasser i idrettssosiologi og idrettshistorie*. Oslo: Cappelen akademiske forlag, 2001.
- Liston, Katie. «Sport and Gender Relations» *Sport in Society* Vol. 9, nr.4 (01.10.2006): 616-633.
- Loftus, Elizabeth F. «The Formation of False Memories» *Psychiatric Annals* Vol.25, nr.12 (1995-12): 720-725.
- Loftus, Elizabeth F., Palmer, John C. «Reconstruction of Automobile Destruction: An Example of the Interaction Between Language and Memory» *Journal of Verbal Learning and Verbal Behavior* Vol.13, nr.5 (1974-01): 585-589.
- Lorentzen, Jørgen, Wenche Mühleisen (red.). *Kjønnsforskning- en grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget, 2006.
- McIntosh, Peter. *Sport in Society*. London: West London Press, 1987.
- Newsham, Gail J. *In a League of Their Own! The Dick Kerr Ladies Football Team*. London: Scarlett Press, 1994.
- Olstad, Finn, Stein Tønnesson. *Norsk idretts historie Bind 1: Forsvar, sport og klassekamp 1861-1939*. Oslo: Aschehoug, 1987.
- . *Norsk idretts historie Bind 2: Folkehelse, trim, stjerner 1939-1986*. Oslo: Aschehoug, 1986.
- Persson, Marlene, Kari Stefansen, Åse Strandbu. «Fotball som kjønnet mulighetsrom» *Tidsskrift for kjønnsforskning* Vol. 44, nr.3 (2020-10): 231-245.
- Pettersen, Per. «Damefotball- Idrettshistorie og viktig skanse i likestillingskampen». I *Fotball- mer enn et spill*, av Egil "Drillo" Olsen, 125-141. Oslo: J.W.Cappelsen Forlag, 1985.
- Pfister, Gertrud. «Assessing the sociology of sport: On women and football» *International Review for the Sociology of Sport* Vol. 50, nr.4-5 (2015-06): 563-569.
- Schrag, Zachary M. *The Princeton Guide to Historical Research*. Princeton: Princeton University Press, 2021.
- Scraton, Sheila, Kari Fasting, Gertrud Pfister, Ana Bunuel. «It's still a Man's Game?: The Experiences of Top-Level European Women Footballers» *International review for the sociology of sport* Vol.34, nr.2 (1999-06): 99-111.
- Skille, Eivind Å. «Biggest but smallest: female football and the case of Norway» *Soccer & Society* Vol. 9, nr.4 (2008-09): 520-531.
- Skogvang, Bente Ovèdie. *Toppfotball- et felt i forandring*. Doktorgradsavhandling. Norges Idrettshøyskole. 2006.

Smith, Nils Henrik. «Da me var best i verda.» *Josimar* nr.2 (2023-06): 54-71.

Statistisk sentralbyrå. «13728: Gjennomføring i videregående opplæring, etter fullføringsgrad, kjønn, foreldrenes utdanningsnivå og husholdningsinntekt (kvintilfordelt) 2013-2019 - 2016-2022». U.d. Funne 30.04.2024. <https://www.ssb.no/statbank/table/13728/>.

Tangen, Jan Ove. *Samfunnets idrett. En sosiologisk analyse av idrett som sosialt system, dets evolusjon og funksjon fra arkaisk til moderne tid*. Doktorgradsavhandling. Høgskolen i Telemark. 1997.

Tjora, Aksel. *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal, 2010.

Østby, Hilde, Ylva Østby. *Å dykke etter sjøhester*. Oslo: Cappelen Damm, 2017.

Vedlegg

Informasjonsskriv spelarane

Informasjonsskriv Even Pellerud

Intervjuguide spelarane

Intervjuguide Even Pellerud

Informasjonsskriv om masterprosjekt om fotball-VM i 1995

Førespurnad om å delta som informant

Denne førespurnaden gjeld om du er villig til å delta som informant i masterprosjektet mitt i historie. Prosjektet handlar om fotball-VM for kvinner i 1995. I dag er det få som veit at Noreg vann VM i 1995 og at det var det første VM-gullet i ein lagidrett. Målet er å styrke kunnskapen om den norske landslagsfotballen på kvinnesida på 1990-talet. Formålet er å løfte fram prestasjonane, opplevingane, minna og karrierane til spelarane som spelte, ikkje berre som ein del av norsk kvinnehistorie, men òg som ein del av norsk idrettshistorie.

Deltakinga di vil innebere eit intervju om tida før, under og etter VM i 1995. Intervjuet vil vere tredelt. Den eine delen har fokus på tida før VM og fotballkarrieren i forkant av 1995. Den andre delen vil ha fokus på sjølve VM i 1995 og korleis du opplevde meisterskapet. Den siste delen vil fokusere på tida etter VM, opplevinga av anerkjenning og mediedekning. Intervjuet vil ta ca. 1 time og det vil bli tatt lydopptak av intervjuet.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Masterstudent Karina Fløysvik Hæåk gjennomfører intervjuet og skriv masteroppgåva. Marie-Theres Fojuth, førsteamanuensis ved Universitet i Stavanger, er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Grunnen til at du blir spurd om å delta er at du var ein del av den norske VM-troppen i 1995.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, vil intervjuet ta ca. 1 time og det vil bli tatt lydopptak av intervjuet. Det vil òg bli henta inn informasjon om VM i 1995 frå skriftlege kjelder som bøker eller avisartiklar.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er berre eg, i tillegg til rettleiar Fojuth, som kjem til å ha tilgang til opplysningane som blir gitt i intervjuet. Opplysningane vil bli lagra på ein kryptert minnepenn.

Alle som deltar, vil bli handtert som offentlege personar og identifisert med namn. Personopplysningar vil likevel bli behandla varsamt og vurdert etter kvart, og etter nøye vurdering kan det bli aktuelt å anonymisere enkelte utsagn. Ved førespurnad, kan du få tilsendt intervjuopptaket.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane blir lagra fram til prosjektslutt 31.05.2025 før dei så blir sletta.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Universitetet i Stavanger har personverntenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysningar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysningar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Universitetet i Stavanger ved Marie-Theres Fojuth
 - marie-theres.fojuth@uis.no
 - Tlf: 41400721
- Vårt personvernombod: Marianne Trå
 - personvernombudet@uis.no
 - Tlf: 51831517

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntenester kan du ta kontakt via:

- e-post (personverntjenester@sikt.no) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing

Marie-Theres Fojuth
(Rettleiar)

Karina Fløysvik Hæåk (masterstudent)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «Fotball-VM 1995» og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at opplysingar om meg kan publiserast slik at eg kan kjennast att (Alle som deltar, vil bli handtert som offentlege personar og identifisert med namn. Personopplysningar vil likevel bli behandla varsamt og vurdert etter kvart, og etter nøye vurdering kan det bli aktuelt å anonymisere enkelte utsegn).
- å dele opplysningar knytt til helse (til dømes om skadar, eventuelle fysiske utfordringar i fotballkarrieren eller om eventuelle nervar/mentale utfordringar før kampar)
- å dele opplysningar knytt til etnisk opphav, religion, filosofisk overtyding og seksuell forhold eller orientering etter eige ønske (dette er heilt frivillig og treng ikkje vere ein del av intervjuet dersom ein ikkje sjølv ønskjer det).

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Informasjonsskriv om masterprosjekt om fotball-VM i 1995

Førespurnad om å delta som informant

Denne førespurnaden gjeld om du er villig til å delta som informant i masterprosjektet mitt i historie. Prosjektet handlar om fotball-VM for kvinner i 1995. I dag er det få som veit at Noreg vann VM i 1995 og at det var det første VM-gullet i ein lagidrett. Målet er å styrke kunnskapen om den norske landslagsfotballen på kvinnesida på 1990-talet. Formålet er å løfte fram prestasjonane, opplevingane, minna og karrierane til spelarane som spelte og laget, ikkje berre som ein del av norsk kvinnehistorie, men òg som ein del av norsk idrettshistorie.

Deltakinga di vil innebere eit intervju om tida før, under og etter VM i 1995. Intervjuet vil derfor vere tredelt, sjølv om hovuddelen av intervjuet vil ha fokus på sjølve VM i 1995. Den eine delen har fokus på tida i forkant av 1995. Den andre delen vil ha fokus på sjølve VM i 1995 og korleis du opplevde meisterskapet. Den siste delen vil fokusere på tida etter VM, opplevinga av anerkjenning og mediedekning. Intervjuet vil ta ca. 1 time og det vil bli tatt lydopptak av intervjuet.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Masterstudent Karina Fløysvik Hæåk gjennomfører intervjua og skriv masteroppgåva. Marie-Theres Fojuth, førsteamanuensis ved Universitet i Stavanger, er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Grunnen til at du blir spurd om å delta er at du hadde ei profesjonell rolle i/rundt den norske VM-troppen i 1995.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, vil intervjuet ta ca. 1 time og det vil bli tatt lydopptak av intervjuet. Det vil òg bli henta inn informasjon om VM i 1995 frå skriftlege kjelder som bøker eller avisartiklar.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det

vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er berre eg, i tillegg til rettleiar Fojuth, som kjem til å ha tilgang til opplysningane som blir gitt i intervjuet. Opplysningane vil bli lagra på ein kryptert minnepenn.

Alle som deltar, vil bli handtert som offentlege personar og identifisert med namn. Personopplysningar vil likevel bli behandla varsamt og vurdert etter kvart, og etter nøye vurdering kan det bli aktuelt å anonymisere enkelte utsagn. Ved førespurnad, kan du få tilsendt intervjuopptaket.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysingane blir lagra fram til prosjektslutt 31.05.2025 før dei så blir sletta.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Universitetet i Stavanger har personverntenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Universitetet i Stavanger ved Marie-Theres Fojuth
 - marie-theres.fojuth@uis.no

- Tlf: 41400721
- Vårt personvernombod: Marianne Trå
 - personvernombudet@uis.no
 - Tlf: 51831517

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntenester kan du ta kontakt via:

- e-post (personverntjenester@sikt.no) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing

Marie-Theres Fojuth
(Rettleiar)

Karina Fløysvik Hæåk (masterstudent)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet ”Fotball-VM 1995” og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at opplysingar om meg kan publiserast slik at eg kan kjennast att (Alle som deltar, vil bli handtert som offentlege personar og identifisert med namn. Personopplysningar vil likevel bli behandla varsamt og vurdert etter kvart, og etter nøye vurdering kan det bli aktuelt å anonymisere enkelte utsagn).
- å dele opplysningar knytt til filosofisk overtyding etter eige ønske.

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Intervjuguide spelarane

Grunnleggande informasjon:

Namn

Alder

Daglegliv

Bustad/geografi

Tema:

Oppvekst:

- Kan du beskrive når du begynte å spele fotball og kva som var grunnen til det?
- Kven spelte du fotball med, og kor spelte de?
- Hadde du nokre pådrivarar(/motstandarar) for at du skulle spele fotball, og i tilfelle kven?
- Korleis vil du skildre deg sjølv som barn?
- Korleis vil du skildre at du blei god i fotball, og kvifor ønskte du å bli god?

Klubblag:

- Kva lag spelte du på?
- Korleis var treningskvardagen var organisert?
- Korleis var fasilitetane rundt banar, treningstider og garderober?
- Korleis var miljøet i klubben?
- Korleis såg klubbkvardagen på seniornivå ut?

Individuelle hendingar:

- Er det nokre viktige hendingar som prega karrieren?
- Kvifor trur du at du blei så god i fotball?

Vegen til landslaget:

- Korleis var vegen til landslaget?
- Korleis blei du oppdaga?

Landslaget:

- Korleis var det å spele landslagsfotball for Noreg på 90-talet?
- Kor ofte var de samla og kva var fokuset på landslagssamlingane?

- Korleis var oppfølginga frå landslaget i klubbkvardagen?
- Kva faktorar trur du spelte inn som gjorde at Noreg blei, og var så gode, i fotball på 90-talet?
- Korleis opplevde du miljøet på landslaget på 90-talet?
- Dersom det var nokon, kva var hindringane for laget?

VM 1995:

- Korleis var oppladinga til meisterskapet?
- Meisterskapet
 - Korleis var det å spele og vinne VM?
 - Kva minne sit du att med i ettertid som dei mest dominerande?
 - Kva opplevde du som det mest utfordrande med meisterskapet?
 - Kva vil du seie er dei fremste årsakene til at Noreg vann VM i 1995?
 - Korleis opplevde de rammene rundt meisterskapet?
- Mediedekninga
 - Korleis opplevde du mediedekninga av meisterskapet undervegs?
 - Korleis var mediemerksenda rundt meisterskapet og deg som ein del av den norske troppen i forkant, under og etter meisterskapet?
 - Opplevde du hendingar/kommentarar/spørsmål som du opplevde som upassande?

Kvinnefotball:

- Korleis opplevde du at haldningane til kvinnefotball var under fotballkarrieren?
- Korleis var det å vere kvinne i ein mannsdominert idrett?
- Opplevde du nokre hindringar i karrieren?
- Opplevde du at det i løpet av karrieren blei fokusert noko på kvinnehelse?
- Opplevde du særskilde negative hendingar som følgje av at du var kvinne?

1995 til i dag:

- Kvifor slutta du med toppfotball/Kvifor la du opp?
- Korleis opplever du at prestasjonane til det norske kvinnelandslaget på 90-talet har blitt verdsett då og i ettertid?

- Korleis opplever du at dine egne prestasjonar på 90-talet har blitt verdsett då og i ettertid?
- Kjenner mange namnet ditt igjen i dag?
- Opplever du at det er mange som veit at du har vunne VM?
- Korleis har livet vore etter 1995?
- Har du fått nokre karrieremoglegheiter/attractive førespurnader som følgjer av suksessen med landslaget?
- Er du, eller har du vore, aktiv i fotballen etter eigen fotballkarriere?

Intervjuguide Even Pellerud

Tema:

Trenarrolle:

- Korleis vil du beskrive trenarfilosofien din?
- Korleis blei du, og korleis var det å vere, trenar for landslaget?
- Kva fokuserte du som trenar på under landslagssamlingane?
- Korleis følgde du opp spelarane i kvardagen?
- Korleis har det vore å vere trenar både i herre- og kvinnefotballen?

Fotball-VM i 1995:

- Kva faktorar trur du spelte inn som gjorde at Noreg blei og var så gode i fotball på 1990-talet?
- Kva vil du seie er dei fremste årsakene til at Noreg vann VM i 1995?
- Kva minne sit du som trenar att med som dei mest dominerande frå VM i 1995?
- Var det noko du opplevde som utfordrande undervegs i VM i 1995?
- Kva kampførebuingar gjorde dykk? Hadde de god oversikt over motstandarane?
- Korleis opplevde du mediedekninga i meisterskapet?

Kvinnefotball:

- Korleis blei du engasjert i kvinnefotball?
- Kva tilbakemeldingar fekk du på at du trente kvinnelandslaget?
- Kva er årsaken(e) til at du valde å bli verande i kvinnefotballen?
- Korleis har du opplevd haldningane til kvinnefotball?

1995 til i dag:

- Opplever du, og resten av trenarteamet, at de fekk anerkjenning for jobben de la ned for å vinne VM-gullet i 1995?
- Opplever du at prestasjonane til laget har blitt verdsett og anerkjend i ettertid?